

MODERNISERING OG MENTALITETSENDRING

EI UNDERSØKING FRÅ
FØRDE 1800 - 1900

AV

ANE LANDØY

HOVUDOPPGÅVE I HISTORIE
UNIVERSITETET I BERGEN. H 1990

INNHOLD

1.	Problemstilling og innleiing	s. 4	5.	Oppkalling	s. 76
1.1	Problemstilling	s. 4	5.1	Oppkalling granska på personnivå	s. 79
1.2	Innleiing	s. 5		Søner	s. 80
	Økonomiske endringar i Noreg 1800 – 1900	s. 5		Døtre	s. 92
	Politiske endringar i Noreg 1800 – 1900	s. 6		Dobbelnamn	s. 100
1.3	Førde i Sunnfjord 1800 – 1900	s. 7	5.2	Oppkalling i søskenlaget	s. 102
2.	Datamaterialet	s. 11		Yrke	s. 109
	Om NSD-stat+ – filer	s. 12	5.3	Døde/levande	s. 111
	Dokumentasjon av DbaseIII-filer	s. 13	5.4	Same kjønn	s. 112
3.	Giftarmål	s. 35	5.5	Konklusjon	s. 112
3.1	Forskinsstatus	s. 35	6.	Nærgransking av oppkalling i søskenbarnlaget	s. 113
3.2	Endringar i giftedato	s. 37	6.1	Gardbrukslekter	s. 115
	Månad	s. 37		Slekt 1: Gunnar og Helga	s. 116
	Dato	s. 39		Slekt 2: Anders og Ingeborg	s. 119
	Vekedag	s. 45		Slekt 3: Tor og Anna Rakel	s. 122
3.3	Endringar i omgifte	s. 49		Slekt 4: Abraham og Lovisa	s. 124
3.4	Konklusjon	s. 54	6.2	Embetsmannsslekter	s. 126
4.	Modernisering i namnebruk og namnetyper	s. 55		Slekt 1: Thomas og Karen	s. 126
4.1	Namnetoppen	s. 58		Slekt 2: Søren og Charlotte Louise	s. 132
4.2	Namnegrupper	s. 64		Slekt 3: Michael og Christiane	s. 133
4.3	Namnegrupper for nye namn	s. 66		Slekt 4: Andreas og Louise Augusta	s. 134
4.4	Avleidde namn	s. 68	6.3	Samanlikning og konklusjon	s. 134
4.5	Dobbelnamn	s. 70	7.	Konklusjon	s. 149
4.6	Konklusjon	s. 74		Litteraturliste	

KAPITTEL 1. PROBLEMSTILLING OG INNLEIING.

1.1 PROBLEMSTILLING

"Mentaliteten representerer noe grunnleggende og bakenforliggende for den menneskelige adferd vi kan observere. (...) "Kvantitative demografiske data kan fortelle om valg mennesker har foretatt, og på denne måten kaste lys over deres verdier og normer." (Eli Fure, 1986, s.53f)

I denne oppgåva tek eg sikte på å gjere ei mentalitetshistorisk analyse på bakgrunn av data frå kyrkjebøkene i Førde i Sunnfjord mellom 1800–1900. Eg vil prøve å avdekke endringar i tradisjonar og skikkar som kan observerast der, særleg innan giftarmål og val av namn til barn.

Teorien eg gjerne vil prøve ut, kan skisserast slik: Når dei økonomiske, politiske og sosiale tilhøva i samfunnet endra seg så sterkt som vi veit dei gjorde på 1800-talet, vil det vere rimeleg å tru at også andre deler av samfunnslivet vart påverka. Eg trur at tradisjonar vart svekka, og påverknad utanfrå fekk meir å seie for kva val folk gjorde i det private livet.

Modernisering vert eit sentralt omgrep som treng ei nærmare presisering. I ein norsk historisk samanheng ser ein gjerne modernisering uttrykt i t.d. individualisering, sekularisering, urbanisering, betre utdanning, auka kommunikasjon, endra busetnadsmønster og auka politisk deltaking. Alt dette er fenomen som peikar på ei utvikling frå eit slektsorientert natural-jordbruksamfunn til eit meir individualistisk pengesamfunn, der yrkesstrukturen er meir differensiert. Viktige føresetnader for modernisering er folketalsauke og økonomisk vekst.

Så kan ein spørje kor mykje modernisering ein kan vente å finne i kyrkjebøkene. Dette vert sjølv sagt ei stikkprøve, men ei som kan vise oss endringar i haldningane i denne omskiftelege tida. Til dømes vil endringar innan giftetidspunkt kunne ha samanheng med ei auka differensiering ved at stramme føringar på åtferd vert løyst når samfunnet vert meir samansett og meir individualisert.

På same måte vil ein til ein viss grad kunne sjå spor av påverknad utanfrå i eit namnemateriale, både ved at ein finn namn ein kan kalle "motenamn", til dømes namn på kongelege personar, eller andre menneske folk identifiserte seg med på ein positiv måte, og ved at ein finn dei same endringar innan namneval for det aktuelle lokalområdet som for resten av landet. Dersom ein med tida finn fleire motenamn eller ser at namnebruken legg seg tettare opp til utviklinga for resten av landet, kan ein tenke seg at det har samanheng med auka kommunikasjon og dermed eit samfunn som er opnare for impulsar utanfrå.

Når ein, som eg, har høve til å studere oppkalling for nokre familiær nærmare, vil ein og kunne finne spor av brot med gamle oppkallingstradisjonar.

"Forholdet mellom individ, slekt og stat har endret seg gjennom tidene, men vi vet ikke så mye om selve prosessen, om hvor, hvordan og når vi kan spore endringer i forholdet mellom individ, familie og slekt. (...) Jeg mener at overgangen fra oppkalling til friere navnevalg, i den grad det sier noe om forhold mellom individ og slekt, også kaster lys over mentalitetsendringer i overgangen mellom "det gamle" og "det nye" samfunn." (Eli Fure 1990 s. 146)

På same måte meiner eg at ei oppmuking i oppkallingsreglar har samanheng med ei mentalitetsendring i retning av ei friare tilknytning til ei større slekt, og eg trur ein kan finne ei modernisering i val av namn, både med omsyn til kor mange namn ein hadde å velge mellom, og kva type namn dette var, som vil henge saman med ei modernisering på andre område av samfunnslivet.

1.2. INNLEIING

ØKONOMISKE ENDRINGAR I NOREG 1800 – 1900

To viktige føresetnader for modernisering er folketalsvekst og økonomisk vekst. Begge desse faktorane finn vi i Noreg i det nittande hundreåret.

Noreg var eit bondeland ved inngangen til det nittande hundreåret. Det var 883.000 innbyggjarar, men berre 8,8 % budde i byar. 85 % var sysselsett innan primærnæringane, 5,8 % i industriverksemد og 2,4 % innan handel og transport. (NOS B 34, 1801)

I 1900, ved utgangen av det nittande århundret finn vi ei eit samfunn prega av byrjande industrialisering, aukande urbanisering og utvikling av kommunikasjonar. Folketalet var meir enn dobla frå 1800, og var no oppe i 2.221.477. Av desse budde vel 30 % i byar. Jordbruket opplevde ei forskyning frå stor grad av sjølvforsyning til salsjordbruk samstundes som husmannsvesenet vart avvikla.

25 % av dei yrkesaktive arbeidde innan primærnæringane, 37 % oppgav husleg arbeid, 17,5 % arbeidde i industri og liknande, og 10 % var sysselsette i tenesteytande næringar i 1900. (NOS IV 52, 1900)

Den store folkeauken heng i stor grad saman med reduksjon i barnemortaliteten. Folkeauken førte til det Nærbovik (1976:13) kallar "det indre landnåmet", altså rydding og nydyrkning av nye gardar, og til utvandring, frå landsbygda både til byane og til utlandet.

Utover på 1800-talet får vi ein produksjonsauke i jordbruket, særleg for korn og poteter. Vi finn mellom anna ei seksdobling av potetdyrkning 1809–1835. Dette skuldast framgang i nydyrkning og garddeling heller enn framgang i driftsmåte. Vi ser også ein rikeleg tilgang på arbeidskraft i jordbruket.

POLITISKE ENDRINGAR I NOREG 1800 – 1900

Ein annan viktig faktor i ein moderniseringsprosess er offentleg deltaking i det politiske livet.

1814 og Grunnlova representerer eit tidsskilje i det norske politiske livet, men også andre politiske endringar fann stad i det nittande hundreåret. Dei største politiske endringane kom i samband med at Noreg gjekk ut av sambandet med eineveldet Danmark og inn i ein relativt fri union med Sverige.

"Røysterettsreglane som vart utforma i 1814, vart i prinsippet ståande fram til gjennomføringa av den allmenne røysteretten (for menn) i 1898. I hovudsaka var det embets- og eigedomsmenn som vart tilgodesette i Grunnlova frå 1814. Ein kan likevel hevde at dei norske røystrettsreglane opna for breidare grupper av folket enn det som var vanleg på denne tida. Den relative likskapsstrukturen i det gamle norske samfunnet viser seg i talet på røysterettskvalifiserte." (Nærbovik, 1976:47)

Tilhøvet mellom Storting, Regjering og Konge vart endra utover 1800-talet. Sentralt er årlege Storting, framveksten av eit partisystem og parlamentarisme.

På det lokale planet får vi framvekst av foreningar og organisasjoner, vi får målreising og avhaldssak, og arbeidarane, som stendig veks i tal, organiserer seg.

Med formannskapslova frå 1837 får vi sterkare grad av lokalt sjølvstyre.

1.3 FØRDE I SUNNFJORD 1800 – 1900

Førde ligg kring botnen av Førdefjorden og forgreinar seg austover frå ei romsleg 5 km djup strandflate i tre opne dalføre.

Bygda har lenge vore ein sentrumsstad for stroka ikring. Her fins ein sikker og nærliggande utfallsport til sjøen.

Førde er ei gammal jordbruksbygd, der hovuddelen av innbyggjarane på 1800-talet var bønder. Men her var også embetsmenn, kjøpmenn, handverkarar og militære.

Vi finn den same folkeveksten i Førde som for resten av landet, og ei utvikling i retning av fleire yrke i det rurale samfunnet.

Førde og Holsen sokn er den noverande Førde kommune. Det er dette området eg undersøker. I folketeljinga 1801 har dette området ei folkemengde på tilsaman 1526 innbyggjarar – 712 menn og 814 kvinner. (NOS B 134, 1801)

Ved folketeljinga 1900 hadde folketalet auka til 2896 i Førde, 1280 menn og 1616 kvinner. Desse tala innehold også innbyggjarane i Holsen, som kom under Førde i 1860-åra. (NOS IV 52, 1900)

Statistikk for yrkesstrukturen i Førde i folketeljinga frå 1801 er vanskeleg å finne, men ved å gå inn i folketeljinga sitt grunnlagsmateriale har eg kome fram til desse tala: Av ialt 311 menn som er familieforsytarar er det 185 (60 %) gardbrukarar, 60 (20 %) husmenn med og utan jord, 19 (6 %) innerstar, 25 (8 %) militære, dei fleste menige, og 3 (vel 1 %) arbeidarar, lærarar eller postmenn.

I tillegg er det to skomakarar, to smedar, ein snekker, sokneprest, skrivar, klokker, lensmann og fogd. Utanom desse tala for familieforsytarar er det registrert 95 tenarar og 153 tenestejenter.

På same måte kom eg fram til desse tala for folketeljinga 1900:

Vi har ialt 536 menn med yrke. (Her er tenarane og heimebuande søner som arbeidde ein annan stad enn på garden også rekna med.)

Av desse 536 er 221 (41 %) gardbrukarar og 73 (13 %) husmenn. Vi har berre ein innerst, men det kjem truleg av at dei er ført opp med eit anna hovedyrke, som til dømes arbeidar. Dei er det 50 av, (9 %), eller bygningsmann – 21 (4 %). 61 (11%) er tenarar, 12 (2 %) militære, dei fleste offiserar med eit gardsbruk i tillegg. 11 (2 %) er paktarar. Vi har 13 (2 %) skomakarar, 9 (1,5 %) lærarar. Så har vi 4 skyssgutar/visergutar og 4 murarar, tre kyrkjesangrar, garvarar, smedar og bakarar, to målarar, landhandlarar, fiskarar, vognmenn, skreppekarar, sjømenn, skreddarar, urmakarar, lækjarar og meieristar. Vi finn ein blekkslagar, ein hotelleigar, ein emissær, ein dukkar, ein mekanikar, ein bokbindar, ein skribent, ein herredskasserar, ein hestehandlar, ein sokneprest, ein postopnar, ein lensmann, ein amtsdyrlækjar, ein sorenskrivar og ein sorenskrivarfullmekting.

Vi ser altså ei sterk auke i talet på yrke som vert nemnt som hovudyrke i folketeljinga. I tillegg kan eg nemne at mange av husmennene oppgav fleire yrke, som til dømes snekkar, bøkker, fiskar, målar, skorsteinsfeiar, vegarbeidar, eller skogvaktar.

Vi ser og at talet på dei som er direkte knytta til jordbruket minkar frå vel 85 % i 1801 til vel 65 % i 1900.

Eit anna viktig skilje mellom 1801 og 1900 er at det ser ut til å vere mange fleire kvinner som har eigne yrke i 1900. I 1801 finn vi 18 kvinner som er familieforsytarar, nesten alle har gardsbruk eller husmannsplassar. I tillegg er det altså 153 tenestejenter. I 1900 er 296 kvinner oppførte med arbeid utanfor heimen, eller som jordbrukarar. Av desse er 181 (60 %) tenestejenter. 30 kvinner, eller vel 10 %, forsyter seg sjølv heilt eller dels med strikking og spinning, 22 (7 %) er anter plassbrukarar eller syersker/skreddersker, 13 (4 %) er meiersker og 12 (4%) er gardbrukar(enker). I tillegg er det 5 arbeidarár, 3 lærarinner, to

telegrafistinner og to sjukepleiarar (begge i privat pleie), ei er jordmor og ei driv handel, ei landhandleri, ei syforretning og ei husflitsarbeid.

Vi ser altså endringar som klart peikar i retning av at ei viss modernisering har funne stad i Førde frå folketeljinga i 1801 til folketeljinga i 1900: Vi finn auke i folkemengda, men relativ nedgang i den delen av folkemengda som arbeider i jordbruket, fleire ulike yrke er registrerte, og i 1900 er nokre av kvinnene registrerte med arbeid utanom husstell og fjøs i sin eigen heim.

Denne moderniseringa heng saman med endringar i kommunikasjonstilhøva. Sogn og Fjordane har alltid vore eit geografisk isolert fylke, med sjøen som viktigaste samferdsleveg. Bergen var byen, og bygdene i Sogn og Fjordane hadde handelssamkvem med og utflytting til Bergen. Utflyttinga kunne vere permanent, men og mellombels, som når kvinner reiste som ammer. Dette var to måtar bygda kunne få impulsar frå utanverda på: Gjennom slekt og venner i byen, eller gjennom opphold der sjølv.

Ein tredje måte kan vere gjennom innflytting til bygda, og den kan vi måle ved å finne heimfödingsprosenten – den delen av heimehørande folkemengd som og er fødd i same heradet – i folketeljingane. Første gong folkemengda vart klassifisert etter fødestad på kommunenivå var i folketeljinga 1865, og det året har Førde ein heimfödingsprosent på 92. Jølster, nabobygda, har ein heimfödingsprosent på 97, medan kommunane i heile Nordre Bergenhus Amt tilsaman har 88 prosent heimfödingar. (NOS C1 1865)

I 1900 var heimfödingsprosenten i Førde redusert til 86. Jølster hadde 95, medan amtet no hadde 85. (NOS IV 52, 1900) Altså ser vi at Førde hadde ei relativt stor minke i heimfödingsprosenten i desse åra. Dermed vil ein kunne vente noko fleire impulsar til Førde utanfrå, utan at vi skal overvurdere dette, for Førde sine heimfödingsprosentar er relativt høge, også den for 1900.

Dersom vi finn auka høve til kontakt mellom byen og bygda, kan vi vente at impulsstraumen vil auke og.

Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane vert grunnlagt i 1853. Dei første åra hadde D/S "FJALIR" eit anløp i Førde i veka, kvar veg på ruta mellom Bergen–Faleide–

Bergen. Det er i siste halvdel av det nittande hundreåret at vegbygginga skyt fart og at postrutene vert omlagde til større fart og andre ruter.

Auka kommunikasjonar er ein viktig del av opninga mot verda utanfor. Det same gjeld utdanning. I 1860-åra skjer det store endringar i skuleverket som fylgje av skulelova av 1860, der det vart fastsett at alle herad skulle ha fast skule.

Formannsskapet som vart skipa i 1837, i Førde som dei fleste andre stader i landet, konsentrerte seg dei første tiåra om fattig- og skulevesen. Dei bygde vegar og endra presteskyss og -overnattning til pengeskatt mot før "naturalia". Etterkvart tok formannskapet på seg å skrive ut og drive inn nye skattar til dei ulike tiltaka.

Eit tydeleg teikn på modernisering er det når det vert skipa folkeboksamling i 1840-åra og sparebank i 1843. I 1846 vart det sett fram krav om apotek, i 1867 krav om telegrafstasjon. Apoteket vart ikkje oppretta før i 1907, men vi ser at det er registrerte to telegrafistinnes ved folketeljinga i 1900, så telegrafstasjonen kom altså før hundreårsskiftet.

Innan jordbruket ser vi endringar frå 1830-åra, då vart det skipa sokneselskap for å fremje jordbruket i Førde. Dette vart lagt nedatt, men frå 1850-åra kom Landbrukselskapet i Nordre Bergenshus Amt. I 1860-åra kjem fesjå og fjøssjå, og meieridrift tek for alvor til i 1890-åra. Mellom 1893 og 1900 vart det oppretta 10 grendemeieri i Førde.

Ei gransking av organisasjonslivet i Førde på denne tida ville sikkert ha avdekkat eit raskt veksande og variert organisasjonsliv, men ei slik undersøking er enno ikkje gjort.

Men fordanarane var ikkje heilt moderne på alle område – partigrupper ser vi første gang i Førde ved kommunevalet i 1925, i Holsen ved kommunevalet i 1934.

Det skjer til dels store endringar i yrkessamansetninga, økonomien og det kommunale sjølvstyret i Førde i forrige hundreår. Skjer det endringar også på dei delane av samfunnslivet som vi undersøker?

KAPITTEL 2 – DATAMATERIALET

Før vi går laus på å analysere, er det naudsynt å seie noko om datainnsamlinga og datahandsaminga.

Eg har nytta materiale frå fleire kjelder. Til hovuddelen av oppgåva har eg nytta materiale frå kyrkjebøkene for Førde; vigde, døde og fødde. Eg har og nytta materiale frå eit utval av kyrkjebøkene i Bergen; vigde. Vidare har eg hatt tilgang til Førde bygdebok bd. 1 i manus, som Finn B. Førsund skriv. Eg har brukt folketeljingane 1801 (datafil) og folketeljinga 1900 sine originale skjema frå Førde.

Med unnatak av folketeljingsskjema frå 1900, har eg ikkje brukt originale kjelder i det heile. Mitt analysegrunnlag er dataregister som andre har sett saman på grunnlag av kyrkjebøker og folketeljingsskjema, eller som eg sjølv har sett saman på grunnlag av bøker eller andre databaser. Så innsamlingsarbeidet var relativt enkelt, det meste av data kom på filer frå Finn B. Førsund eller Statsarkivet i Bergen, og der eg registrerte data sjølv brukte eg Førsunds Bygdebok for Førde, bd. 1 i manus.

Eg vil gjerne nytte høvet til å takke Finn B. Førsund og Statsarkivet, ved Yngve Nedrebø, for data, og Arne Solli for hjelp med omforming og programmering. Takk også til Knut Geelmuyden ved Statsarkivet som velviljig har hatt svar på spørsmål som har dukka opp undervegs.

Frå kyrkjebøker til ferdige tabellar er det to viktige konverteringer som finn stad. Den første er det Førsund som står for, når han registrerer data inn på datafiler (rubreg og Dbase). Den andre står eg for, når eg konverterer data frå Dbase til NSD-stat. Nedanfor forklarer eg om arbeidsgangen her.

Datamaskina eg har brukt er ein Copam PC med 40 mb fastdisk. Eg bruker Word Perfect 4.2 til å skrive med, men er innom WP 5.0 før utskrift.

Av datahandsamingsprogram bruker eg DbaseIII+, som er eit databaseprogram som eg legg inn data i, både dei eg sjølv lagar og dei eg har fått frå Finn B. Førsund eller Statsarkivet i Bergen. Vidare bruker eg NSD-stat, som er eit

statistikkprogram det alle data må kodast om til talverdiar. Når det først er gjort, er NSD-stat eit program som er lett å bruke både til å lage einvegs- og tovegstabellar, og det går raskt å lage nye variablar på grunnlag av dei eksisterande.

OM NSD-STAT FILER

Eit datasett i NSD-stat bruker ulike typer filer. Filene er skilde frå kvarandre med etternamnet. (Datasett er NSD-stat dataregister).

Som nemnt tek NSD-stat berre mot tal som inndata. Alle ikkje metriske data må derfor kodast om. Ein må definere om variabelen (data) er metrisk eller ikkje-metrisk, og for dei ikkje-metriske variablane må vi i tillegg lage koder med forklaring. Namn på variabel, saman med andre eigenskapar og kodar må dokumenterast i variabelfila (filnamn.VAR) og i dokumentasjonsfila (filnamn.DOK). Metrisk tyder at det kan målast med tal, eller at sjølv talet gjev mening – til dømes årstal, tal barn, gardsnummer. Ein ikkje-metrisk variabel kan til dømes vere kjønn, der kvinne vert omkoda til 0 og mann til 1.

Dette gjeld både dersom ein registrerer direkte i NSD-stat+, eller om ein henter data frå andre kjelder, t.d. Dbaselli, som eg har gjort. Dei omkoda data vert utveksla via ei filnamn.TXT fil og henta inn i NSD-stat (Import av ASCII-fil). Etter at datasettet lest inn utfører NSD-stat kontroll av data ("Bygging"), og så er datasettet klar for analyse.

Eg brukte fem ulike NSD-stat-datasett. Dei to minste var \NSD\FORDE\DODE og \NSD\BERGEN\VIGDE. Dei vart brukt til samanlikning mot hovudmaterialet, \NSD\FORDE\VIGDE. Seinare brukte eg datasetta \NSD\FORDE\FAMILIE og \NSD\FORDE\FREKNOK.

Etter at datasetta var på plass i NSD-stat+, laga eg nye variablar ved å kode om dei eksisterande variablane. Til dømes vart variabelen "År" delt inn i grupper og koda om til "Tiår". Eg koda og om fleire variablar til ein ny, som til dømes "Oppkalla etter" og "Forbokstav/heilt namn" til "Oppkalla, f/h". Eg rekna om variablar og, t.d. skilnad i giftealder på grunnlag av brudgommens alder og brura sin alder, og tal born på grunnlag av tal sønner og tal døtre.

DOKUMENTASJON AV DBASEFILER (DBF-FILER).

Ein database (Dbase dataregister) i Dbase kan bruke ulike typer av filer. Type fil er definert ved fila sitt etternamn.

DBF-fil.

Ein database vil alltid ha ei slik fil. Denne fila innhold definisjon av data (feltdefinisjon), tal på felt og postar, storleiken på fila og sjølve data.

Denne fila er nok til å bruke ein database.

NDX-fil.

Ei dbf-fil kan ha ei eller fleire indeksfiler som har etternamnet NDX. Ein indeks er alltid definert på eit eller fleire felt i dbf-fila. Ein indeks har tre hovudfunksjonar: 1. Direkte oppslag på feltet (eks. Fornamn). 2. Organisering av data i ein annan orden enn den rekkjefølgja postane ligg i på fila (sortering). 3. Samanknyting av to eller fleire dbf-filer, slik at dei danner ein database.

PRG-fil.

Ei prg-fil (programfil) inneheld programsekvensar (Dbase-kommandoar og utsegner) for å manipulere dbf og ndx filer.

TXT-fil.

Alle typer utskrift kan sendast til ei txt-fil ("Alternate" fil) i staden for til skrivaren. Dessutan kan ei DBF-fil gjerast om til ei txt-fil med "copy"-kommandoen i Dbase. Dette formatet vert kalla ASCII-filer, og gjer det mogeleg å flytte data frå eit dataprogram til eit anna.

FMT, SCR, VUE-filer.

Dette er filer for eigendefinerte skjermbilder. Desse filene inneheld sjølve skjermbildet, restriksjonar på inndatafelt og evt. knytingar mellom ulike dbf-filer.

Desse filene var i bruk når eg la inn eigne data i familie- og freknokdatabasen.
For dei andre databasene vart standard inndatabilder i Dbase nytta.

Det fins og mange andre filtypar i Dbase men dette er dei eg har nytta.

DBF-filene som eg har brukt kan delast i tre hovedgrupper:

I. Originalfiler.

Filer som inneholder data frå Førsund og Statsarkivet utan andre endringar enn standardisering av æøå.

II. Arbeidsfiler.

Filer som er bygt opp på grunnlag av ei eller fleire dbf-filer eller andre arbeidsfiler og data som eg har registrert.

III. Hjelpefiler.

Filer som er laga for å forenkle arbeidet med databasane og filer som inneholder data om dei andre filene, t.d. feltnamn, feltype og konverteringsdata. Slike dbf-filer er nytta for å konvertere data frå Dbase til NSD-stat.

Nedanfor beskriv eg alle DBF-filene. Alle datafelta må ha eit namn, men plassen til namnet er avgrensa, og dei vert derfor ikkje alltid særleg logiske for ein leser. Eg har forklart innhaldet i dei ulike felta under forklaring. Feltnamn er det namnet Dbase kjenner. Dbase må og kjenne datatypen og storleiken til feltet.

Under datatype tyder Alfanum. (Alfanumerisk) at feltet kan fyllast ut med alle typar teikn (bokstaver, tal og spesialteikn), numerisk tyder at feltet må fyllast ut med tal. Numerisk tyder også at feltet kan bearbeidast som tal. I tillegg fins desse andre datatypene: dato, logisk (sann eller falsk) og memofelt (for tekstfelt med variabel lengde), men dei har eg ikkje brukt. Sjølv om NSD-stat berre tek imot tal som input, tyder ikkje det at dei korresponderande felta i Dbase-filene må vere numeriske. Dei kan og vere alfa-numeriske, men det må berre ligge tal i felta når filene vert eksporterte.

I. Orginalfiler.

Filene frå Statsarkivet var i Dbaseformat slik at desse berre vart kopierte til arbeidsområdet på fastdisken frå diskett. Førsund leverte datafilene på rubreg-tekst format (TXT-filer), altså i eit format der data kan flyttast, saman med tilhøyrande definisjonsfiler (SKJ-filer i rubreg) og eit program for å konvertere desse til kommaseparerte filer. I ei kommaseparert ("Mailmergeformat") fil er alle datafelt omslutta med " " og skilt med komma. Postane er skilt med linjeskift. Dbase kan importere slike filer med kommandoen: Append from <filnamn> delimited with". Men først måtte det definerast ei dbf-fil som kunne ta imot data. Utgangspunktet for denne definisjonen er SKJ-fila som innhold feltnamn, feltype og feltlengde.

Fylgjande orginalfiler er nytta:

VIGDE.DBF: Vigde i perioden 1800–1900.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
GIFTDAG	Alfanum.	2	Vigsledag
GIFTMND	Alfanum.	2	Vigsleår
GIFTAAR	Alfanum.	4	Årstal
MANNYRKE	Alfanum.	10	Brudgommens yrke
FORNAMN	Alfanum.	12	Br.goms fornamn
MDNAMN	Alfanum.	12	Br.goms dobb.namn
FARSNAMN	Alfanum.	12	Br.goms farsnamn
MFODESTAD	Alfanum.	15	Br.goms fødestad
MBUSTAD	Alfanum.	12	Br.goms bustad
MALDER	Alfanum.	3	Br.goms alder
MANTGIFT	Alfanum.	1	Tal ekteskap
KYRKE	Alfanum.	10	Brura sitt yrke
KNAMN	Alfanum.	12	Bruras namn
KDNAMN	Alfanum.	12	Bruras dobbeltnamn
KFARSNAMN	Alfanum.	12	Bruras farsnamn
KFODESTAD	Alfanum.	15	Bruras fødestad
KBUSTAD	Alfanum.	15	Bruras bustad
KALDER	Alfanum.	3	Bruras alder
KANTGIFT	Alfanum.	1	Tal ekteskap
Total		165	

Postar: 2160 Teikn: 357376.

Frå denne fila tok vi ut felta for dag, månad og år, brudgommen og brura sine yrke/sivilstand, alder og tal tidlegare ekteskap. Vi la dei inn i fila vigde2.dbf, sjå denne under arbeidsfiler.

FODDE.DBF: Fødslar i perioden 1803–1890.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FDAG	Alfanum.	2	Fødselsdag
FMND	Alfanum.	2	Førselsmånad
FAAR	Alfanum.	4	Fødselsår
FKJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FORNAMN	Alfanum.	12	Fornamn
FDNAMN	Alfanum.	12	Dobbelnamn
FEU	Alfanum.	1	I eller utanfor ekteskap
FARSNAMN	Alfanum.	12	Farsnamn
FFFNAMN	Alfanum.	12	Fars farsnamn
FMNAMN	Alfanum.	12	Morsnamn
FMFNAMN	Alfanum.	12	Mors farsnamn
FFST	Alfanum.	15	Fødestad
FY	Alfanum.	16	Fars yrke
FKB_S	Alfanum.	3	Førde kyrkjebok side
ANTALL	Numerisk	4	Tal
Totalt		120	

Postar: 7445 Teikn: 901359.

Ei stund etter at denne fila kom frå Førsund oppdaga eg at det mangla fødslar etter 1890, derfor måtte han sende meg ei ny fil, fodd1895.dbf, med dei resterande fødslane på.

FODD1895.DBF: Fødslar i perioden 1891–1900, same felt som i FODDE.DBF.

Postar: 784 Teikn: 95378.

Frå fodde.dbf vart det laga ei arbeidsfil som heiter freknok.dbf, og fodde.dbf og fodd1895.dbf vart to arbeidsfiler som heiter frekall.dbf og frek1895.dbf som seinare vart lagt sammen. Sjå desse.

DODE.DBF: Døde i perioden 1801–1900.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
DDAG	Alfanum.	2	Dødsdag
DMND	Alfanum.	2	Dødsmånad
DAAR	Alfanum.	4	Dødsår
DKJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FORNAMN	Alfanum.	12	Fornamn
DDNAMN	Alfanum.	12	Dobbelnamn
FARSNAMN	Alfanum.	12	Farsnamn
DYRKE	Alfanum.	8	Yrke
DES	Alfanum.	1	Ekteskapleg status
DALDER	Alfanum.	4	Alder
DDST	Alfanum.	15	Dødsstad
DMERKNAD	Alfanum.	20	Merknad
Totalt:		93	

Postar: 4151. Teikn: 390656.

Frå denne fila tok eg ut felta for årstal, kjønn og alder, og kopierte dei til fila dode.txt som så vart importert i NSD-stat.

V1820.DBF: Vigde i Bergen 1816–18, 22–24.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
DATO	Alfanum.	4	Dag og måned
NAVNBURDG	Alfanum.	35	Brudgommens namn
YRKE	Alfanum.	25	Brudgommens yrke
FSTED	Alfanum.	25	Brudgommens fødestad
ALDER	Alfanum.	6	Brudgommens alder
NAVN FAR	Alfanum.	30	Br.goms fars namn
NAVN BRUD	Alfanum.	30	Brura sitt namn
YRKE BRUD	Alfanum.	20	Brura sitt yrke
FSTED BRUD	Alfanum.	20	Brura sin fødestad
ALDER BRUD	Alfanum.	6	Brura sin alder
MERKNAD	Alfanum.	20	Merknad
KIRKE	Alfanum.	2	Kyrkje
AAR	Alfanum.	4	Årstal
Totalt:		228	

Postar: 386 Teikn: 88458

Frå denne fila over vigde i Bergen flytta eg felta for dato og årstal og bruras og brudgommens alder over i v1820.txt som så vart importert i NSD-stat.

V1870.DBF: Vigde i Bergen 1868, 1877–78.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
DATO	Alfanum.	4	Dag og månad
NAVNBURUDG	Alfanum.	35	Brudgommens namn
YRKE	Alfanum.	25	Brudgommens yrke
FODESTED	Alfanum.	20	Brudgommens fødestad
BOPEL	Alfanum.	15	Brudgommens bustad
ALDER	Alfanum.	6	Brudgommens alder
FARBRUDG	Alfanum.	40	Br.goms fars namn
NAVNBURUD	Alfanum.	30	Brura sitt namn
YRKEBRUD	Alfanum.	20	Brura sitt yrke
FSTEDBRUD	Alfanum.	20	Brura sin fødestad
BOPELBRUD	Alfanum.	15	Brura sin bustad
ALDERBRUD	Alfanum.	6	Brura sin alder
FARBRUD	Alfanum.	35	Brura sin fars namn
KIRKE	Alfanum.	2	Kyrkje
AAR	Alfanum.	4	Årstal

Totalt: 278

Postar: 471 Teikn: 131452

På same måte kopierte eg over felta for dato og årstal og alder på brurefolket til fila v1870.txt, og inn i NSD-stat+.

FODD1700.DBF: Fødslar i perioden 1711–1799.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FODDAAR	Numerisk	4	Fødselsår
FORNAMN	Alfanum.	15	Fornamn
KJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FARSNAMN	Alfanum.	15	Farsnamn
FARFAR	Alfanum.	15	Fars farsnamn
MORSNAMN	Alfanum.	15	Mors namn
MORFAR	Alfanum.	15	Mors farsnamn
GARDSNAMN	Alfanum.	20	Fødestad

Totalt: 100

Postar: 3405. Teikn. 344195.

DØPTE1700.DBF: Døypte i perioden 1720–1799.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FODDAAR	Numerisk	4	Fødselsår
FORNAMN	Alfanum.	15	Fornamn
KJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FARSNAMN	Alfanum.	15	Fars namn
FARFAR	Alfanum.	15	Fars farsnamn
MORSNAMN	Alfanum.	15	Mors namn
MORFAR	Alfanum.	15	Mors farsnamn
GARDSNAMN	Alfanum.	20	Fødestad

Totalt: 100

Postar: 1248. Teikn: 126338.

Desse to filene over dei fødde og døpte vart lagt inn i Word Perfect, som hjelp til å finne forfedrene til barn fødde tidleg i hundreåret. Diverre var det ikkje så mykje hjelp eg fekk av dei, for dei var ofte mangelfullt utfyllte.

FT1801.DBF: Folketeljinga i 1801.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
AAR	Alfanum.	4	År
GARDNSNR	Numerisk	2	Gardsnr
FORNAMN	Alfanum.	15	Formann
FARSNAMN	Alfanum.	15	Farsnamn
KJONN	Alfanum.	1	Kjønn
SH	Alfanum.	20	Stilling i hushaldet
ES	Alfanum.	20	Ekteskapleg status
ALDER	Numerisk	3	Alder
YRKE	Alfanum.	15	Yrke
ANTALL	Numerisk	4	Tal

Totalt: 99

Postar: 1760 Teikn: 176354.

Frå denne fila tok eg ut kjønn og yrke for å finne grunnlagsmateriale til folketal og yrkesstruktur i 1801. Eg prøvde å gjøre det tilsvarende med ei fil for folketeljinga 1900, ft1900.dbf, men der var det så mange yrke representert at det vart vanskeleg, og sidan eg allereie hadde vore på Statsarkivet og henta tal direkte frå skjema, vart det enklare å bruke den manuelle teljinga mi. Men det

kan hende at eg hadde fått meir ut av ft1900.dbf ved å også bruke feltet for sh – stilling i hushaldet.

II. Arbeidsfiler.

Dei originale filene vart kopiert over til arbeidsfiler, som så vart gjort om til NSD-stat filer direkte, eller som eg la meir data inn i før omforming.

VIGDENSD.DBF. Vigde 1800–1900.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
VDAG	Numerisk	2	Vigsledag
VMND	Numerisk	2	Vigslemånad
VAAR	Numerisk	4	Vigsleår
MSTAND	Numerisk	2	Omkoding av brudgommens yrke
MALDER	Numerisk	3	Brudgommens alder
MANTGIFT	Numerisk	1	Tal ekteskap
KSTAND	Numerisk	2	Omkoding av bruras yrke
KALDER	Numerisk	3	Bruras alder
KANTGIFT	Numerisk	1	Tal ekteskap
VIGSLEDAG	Numerisk	1	Søndag=0, mandag=1 osb.
Totalt:		21	

Postar: 2149 Teikn: 47632

Felta Mstand og Kstand er ei numerisk omkoding av Mannyrke og Kyrke, der alle yrke har fått si talkode, som korresponderer med ei talkode i NSD-stat-fila. Vigsledag er utrekna på grunnlag av vdag, vmnd og vaar for å finne vekedagen for vigsla.

Denne fila vart brukt til eksport til NSD-stat. Utgangspunktet var fila VIGDE.DBF.

FREKNOK.DBF: Fødde og oppkalla 1800–1900.

Datanamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FAAR	Numerisk	4	Fødselsår
FKJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FORNAMN	Alfanum.	12	Fornamn
FDNAMN	Alfanum.	12	Dobbeltnamn
FEU	Alfanum.	1	I eller utanfor ekteskap
FARSNAMN	Alfanum.	12	Fars namn
FFFNAMN	Alfanum.	12	Fars farsnamn
FMNAMN	Alfanum.	12	Mors namn
FMFNAMN	Alfanum.	12	Mors farsnamn
FFST	Alfanum.	15	Fødestad
FY	Alfanum.	16	Fars yrke
FKB_S	Alfanum.	3	Førde kyrkjebok side
ANTALL	Numerisk	4	Tal
PLASS	Numerisk	2	Plass i søskjenflokken
PLASSKJ	Numerisk	2	Same, av same kjønn
OPPK	Alfanum.	7	Oppkalla etter og måte
OPPKD	Alfanum.	7	Same, for dobbeltnamn
Totalt:		134	

Postar: 7633 Teikn: 1031033.

Utgangspunktet for denne fila var fila FODDE.DBF. Ho inneheld fødsels- og oppkallingsdata, alle data frå fodde.dbf pluss tillegg om oppkalling på individnivå.

Fila vart brukt samstundes med arbeidet med familie.dbf. Her låg alle barna frå fodde.dbf, med namn og farsnamn og fødselsår. Så la eg på dei fire siste feltene, plass i søskjenflokken, plass blant dei av same kjønn, oppkalling og måte for førstenamnet og evt. for dobbeltnamn for barna i dei familiene eg la inn i familie.dbf, med ei same kodene. Her hadde eg god hjelp av famfrek.prg, sjå dette seinare.

Ettersom denne fila i utgangspunktet ikkje inneheld fødslar etter 1891 la eg inn etterkvart dei barna eg fann i bygdeboka. Det same galdt barn som var døypt i andre kyrkjer, anten dei hadde flytta til Førde med familien etter at nokre av barna var fødde, eller eit av barna var døypt i ei anna kyrkje.

Postane fødselsår, kjønn, fars yrke, plass, plasskjønn, oppkalling og oppkalling dobbeltnamn frå denne fila vart kopiert inn i fila freknnsd og omkoda før import til NSD-stat for dei barna som hadde fått tillegg med oppkallingsdata.

FREKALL.DBF: Fødselsdata og korrigert namn.

Datanamn	Datatype	Lengde	Forklaring
Fornamn	Alfanum.	12	Fornamn
Faar	Alfanum.	4	Fødselsår
Ffst	Alfanum.	15	Fødestad
Fy	Alfanum.	16	Fars yrke
Antall	Numerisk	4	Antall
Korrnamn	Alfanum.	12	Korrigert namn
Kjonn	Alfanum.	1	Kjønn
Totalt:		64	

Postar: 7445 Teikn: 484183.

Utgangspunktet for denne fila var fila FODDE.DBF. I tillegg la vi på antall, korrnamn og kjønn. Resten av postane i denne fila kom fra fodde.dbf-fila. Fila vart brukt til å undersøke frekvensen av ulike namn, og eg måtte derfor standardisere namna, legge alle Ane, Anne og Anna inn under Anne, til dømes. Ein del av denne standardiseringa gjorde eg med eit hjelpeprogram, ein del vart gjort manuelt.

FREK1895.DBF: Namnefrekvens 1890–1900.

Feltbeskrivelse som for FREKALL.DBF. Utgangspunktet for denne fila er FODD1895.DBF.

Postar: 784. Teikn: 51218.

Eg gjorde den same standardiseringa i fila frek1895.dbf som i frekall.dbf, og så la eg henne saman med frekall.dbf.

Etterpå delte eg fila i ti-årsblokker og brukte eit hjelpeprogram for å prosentuerte kvart kjønn på namn. Felta for korrnamn, antall og kjønn vart lagde saman med prosenta inn i dei ti fylgjande arbeidsfilene:

T8001810.DBF T8101820.DBF T8201830.DBF T8301840.DBF T8401850.DBF T8501860.DBF T8601870.DBF T8701880.DBF T8801890.DBF T8901901.DBF:	Databaser for frekvensfordeling av namn.
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FAAR	Alfanum.	4	Fødselsår
ANTALL	Numerisk	4	Tal
KORRNAMN	Alfanum.	12	Korrigert namn
KJONN	Alfanum.	1	Kjønn
PROSENT	Numerisk	5	Prosent
Total:		22	

Postar: Mellom 111 og 277 Teikn: Mellom 3191 og 7673

Eg måtte lage ti filer fordi eg ville ha prosenta utrekna på tiår. Desse filene vart importert i Word Perfect, så la eg til ein verdi for å vise namnegruppene, (N = Nordisk, K = Kyrkjeleg, U = Utanlandsk, V = Veit ikkje). Deretter vart filene flytta tilbake til Dbase med feltet namnegrupper som tillegg, delt på kjønn, prosentuert på nytt, under namnet NAMNTYPE.DBF, og ført tilbake til WordPerfect.

Dette vart gjort for å kunne studere utviklinga av namnebruk og namnegrupper i tiårsbolkar.

NAMNTYPE.DBF: Database for frekvensfordeling av namn.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FAAR	Alfanum.	4	Fødselsår
ANTALL	Numerisk	4	Antall
TYPEN	Alfanum.	1	Namnegrupper
KORRNAMN	Alfanum.	12	Korrigert namn
KJONN	Alfanum.	1	Kjønn
PROSENT	Numerisk	5	Prosent
Total:		27	

Postar: 1381 Teikn: 38912

FAMILIE.DBF: Beskriv ei familie, barna og oppkallinga.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
GARDNSNR	Numerisk	2	Gardsnummer
FARSNAMN	Alfanum.	15	Farsnamn
MORSNAMN	Alfanum.	15	Morsnamn
GUTAR	Numerisk	2	Tal søner
JENTER	Numerisk	2	Tal døtre
ELDST	Numerisk	2	Årstal då den eldste vart fødd
YNGST	Numerisk	2	Same for den yngste
SON_1	Alfanum.	7	Oppkalling og måte for eldste son
SON_2	Alfanum.	7	Same for nesteldste
SON_3	Alfanum.	7	Same for den tredje
SON_4	Alfanum.	7	Same for den fjerde
DOTTER_1	Alfanum.	7	Same for eldste dotter
DOTTER_2	Alfanum.	7	Same for nesteldste
DOTTER_3	Alfanum.	7	Same for den tredje
DOTTER_4	Alfanum.	7	Same for den fjerde
MF_FF	Alfanum.	2	Kven lever der morfar er oppkalla før farfar
MM_FM	Alfanum.	2	Kven lever der mormor er oppkalla før farmor
BESTEFOR	Alfanum.	4	Kven av besteforeldra kjenner vi
OLDEFAR	Alfanum.	4	Kven av oldefedrene kjenner vi
OLDEMOR	Alfanum.	4	Og av oldemødrene
VURDERING	Alfanum.	2	Vurdering
FARS_YRKE	Alfanum.	2	Fars yrke
FFARS_YRKE	Alfanum.	2	Farfars yrke
MORF_YRKE	Alfanum.	2	Morfars yrke
GIFT_AAR	Numerisk	4	Gifteår
Total:		124	

Postar: 334 Teikn: 42584

Eg nyttar Finn B. Førsund sitt manus til bygdeboka, bind 1 til å finne opplysningar om dei aller fleste familiene eg analyserer. Nokre leiter eg fram i freknok.dbf og vigde.dbf, ved hjelp av eit program som nyttar indeksar på farsnamn og fornamn, og som gjer det mogeleg å gå frå den eine fila til den andre. Sjå programmet finnbarn.prg.

Etter at eg har funne familiene, med flest mogeleg forfedre (i freknok.dbf og fodde1700.dbf) analyserer eg korleis oppkallinga skjer for dei fire eldste barna av

kvart kjønn og for familien som heilskap. Dette legg eg inn i familie.dbf, saman med opplysningar som gardsnummer, tal søner og døtre, når den eldste og yngste er fødde, korleis oppkallinga av døde og levande besteforeldre skjer, kor mange av forfedrene vi kjenner, og yrka til far og bestefedre. Tilsaman fekk eg 333 familiar i denne fila.

Dersom eg skulle ha gjort dette omatt, ville eg ha venta til bygdeboka var heilt ferdig, slik at den geografiske spreininga vart betre og eg kunne finne fleire familiar. Eventuelt ville eg ha funne ei moderne gardshistorie, som fanga opp flest mogeleg av dei som ikkje sat på gardar og, og som hadde eit slags kryssreferansesystem, slik at eg lett kunne finne fram til forfedrene. Så ville eg ha hatt med eit felt for kvar av besteforeldra som sa noko om korleis dei var oppkalla og i kven, og eit felt for kva nummer i søskenflokkene foreldra hadde.

"Oppkallingsfelta" (SON-1 til SON-4, DOTTER-1 til DOTTER-4) og besteforeldre/oldeforeldre-felta i denne fila vart delte opp. Så vart heile fila lagt over i ei ny fil som fekk namnet freknsd.dbf.

FAMNSD.DBF: Familiefila med omkoda data.
Utgangspunkt: FAMILIE.DBF

Dei fleste av desse felta er dei same som i familie.dbf, men dei som er annleis gjev eg ei forklaring på.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
GARDNSNR	Numerisk	2	
FARSNAMN	Alfanum.	15	
MORSNAMN	Alfanum.	15	
GUTAR	Numerisk	2	
JENTER	Numerisk	2	
ELDST	Numerisk	2	
YNGST	Numerisk	2	
SON_1_NRB	Alfanum.	1	Nummer i rekka av barn
SON_1_NRK	Alfanum.	1	Nummer i rekka av barn med same kjønn
SON_1_OPBK	Alfanum.	2	Oppkalla etter
SON_1_DL	Alfanum.	1	Som lever eller er død
SON_1_NAMN	Alfanum.	1	Med heilt namn eller forbokstav
SON_1_KJON	Alfanum.	1	Av same kjønn
SON_2_NRB	Alfanum.	1	
SON_2_NRK	Alfanum.	1	
SON_2_OPBK	Alfanum.	2	
SON_2_DL	Alfanum.	1	

SON_2_NAMN	Alfanum.	1
SON_2_KJON	Alfanum.	1
SON_3_NRB	Alfanum.	1
SON_3_NRK	Alfanum.	1
SON_3_OPPK	Alfanum.	2
SON_3_DL	Alfanum.	1
SON_3_NAMN	Alfanum.	1
SON_3_KJON	Alfanum.	1
SON_4_NRB	Alfanum.	1
SON_4_NRK	Alfanum.	1
SON_4_OPPK	Alfanum.	2
SON_4_DL	Alfanum.	1
SON_4_NAMN	Alfanum.	1
SON_4_KJON	Alfanum.	1
DOT_1_NRB	Alfanum.	1
DOT_1_NRK	Alfanum.	1
DOT_1_OPPK	Alfanum.	2
DOT_1_DL	Alfanum.	1
DOT_1_NAMN	Alfanum.	1
DOT_1_KJON	Alfanum.	1
DOT_2_NRB	Alfanum.	1
DOT_2_NRK	Alfanum.	1
DOT_2_OPPK	Alfanum.	2
DOT_2_DL	Alfanum.	1
DOT_2_NAMN	Alfanum.	1
DOT_2_KJON	Alfanum.	1
DOT_3_NRB	Alfanum.	1
DOT_3_NRK	Alfanum.	1
DOT_3_OPPK	Alfanum.	2
DOT_3_DL	Alfanum.	1
DOT_3_NAMN	Alfanum.	1
DOT_3_KJON	Alfanum.	1
DOT_4_NRB	Alfanum.	1
DOT_4_NRK	Alfanum.	1
DOT_4_OPPK	Alfanum.	2
DOT_4_DL	Alfanum.	1
DOT_4_NAMN	Alfanum.	1
DOT_4_KJON	Alfanum.	1
MF_FF	Alfanum.	2
MM_FM	Alfanum.	2
BESTE1	Alfanum.	1
BESTE2	Alfanum.	1
BESTE3	Alfanum.	1
BESTE4	Alfanum.	1
OLDEFAR1	Alfanum.	1
OLDEFAR2	Alfanum.	1
OLDEFAR3	Alfanum.	1
OLDEFAR4	Alfanum.	1
OLDEMOR1	Alfanum.	1
OLDEMOR2	Alfanum.	1
OLDEMOR3	Alfanum.	1
OLDEMOR4	Alfanum.	1
VURDERING	Alfanum.	2
FARS_YRKE	Alfanum.	2
FFARS_YRKE	Alfanum.	2
MORF_YRKE	Alfanum.	2

Er farfar kjend?
Er morfar kjend?
Er farmor kjend?
Er mormor kjend?

GIFT_AAR	Numerisk	4
Total:	124	

Postar: 333 Teikn: 44032.

Denne fila vart omkoda ved hjelp av famelem.dbf og famomk.dbf og deretter importert i NSD-stat.

FREKNSD.DBF:

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
FAAR	Numerisk	4	Fødselsår
FKJONN	Alfanum.	1	Kjønn
FEU	Alfanum.	1	I eller utanfor ekteskap
FFST	Alfanum.	15	Fødestad
GARDSNR	Numerisk	3	Gardsnummer
FY	Alfanum.	14	Fars yrke
FY_OMK	Alfanum.	2	Fars yrke omkoda
PLASS	Numerisk	2	Plass i søskenflokken
PLASSKJ	Numerisk	2	Plass av same kjønn
OPPK_NRB	Alfanum.	1	Plass i søskenflokken
OPPK_NRK	Alfanum.	1	Plass av same kjønn
OPPK_OPPK	Alfanum.	2	Oppkalla etter
OPPK_DL	Alfanum.	1	..som er død eller levande
OPPK_NAMN	Alfanum.	1	Med heilt namn eller forbokstav
OPPK_KJON	Alfanum.	1	Av same kjønn
D_OPPK_NRK	Alfanum.	1	Dobbelnamn, dei same som for førstenamnet.
D_OPPK_OPPK	Alfanum.	2	
D_OPPK_DL	Alfanum.	1	
D_OPPK_NAM	Alfanum.	1	
D_OPPK_KJO	Alfanum.	1	

Total: 68

Postar: 1766 Teikn: 104900.

Alle gardsnamn i FREKNOK.DBF vart koda om til gardsnummer, og alle yrke fekk eit tal som korresponderer med NSD-stat+.

III. Hjelpefiler.

I tillegg til originalfilene og arbeidsfilene genererte eg etterkvart ei heil rekke hjelpefiler som var til nytte ved konvertering eller søking, men som eg ikke gjorde så mykje anna med. Nokre av dei viktigaste vert presentert i det følgande.

GARDSREG.DBF. Gardsregister.

Feltnavn	Datatype	Lengde	Forklaring
Gardsnr	Numerisk	3	Gardsnummer
Gardsnamn	Alfanum.	12	Gardsnamn
Ffst	Alfanum.	15	Fødestad i føddefila
Vmfst	Alfanum.	15	Mannens fødestad i vigdefila
Vmbustad	Alfanum.	12	Mannens bustad i v.fila
Vkfst	Alfanum.	15	Kvinna sin fødestad i vigdefila
Vkbustad	Alfanum.	12	Kvinnas bustad i v.fila
Total:		84	
Postar: 942	Teikn: 80384.		

Register over alle oppgitte gardsnamn,fødestader og bustader. Data henta frå fodde.dbf og vigde.dbf.

GARDSRE2.DBF. Gardsregister.

Feltnavn	Datatype	Lengde	Forklaring
Gardsnr	Numerisk	3	Gardsnummer
Ffst	Alfanum.	15	Fødestad
Total:		18	
Postar: 145	Teikn: 2853.		

Register over alle gardsnamn og -nummer i freknok.dbf

NAMNKJ.DBF: Namn og kjønn.

Feltnavn	Datatype	Lengde	Forklaring
Kornamn	Alfanum.	12	Korrigert namn
Kjonn	Alfanum.	1	
Total:		13	
Postar: 358	Teikn: 5120.		

Korrigert namn og kjønn. Uttrekk frå fodde.dbf og fod1895.dbf der unike namn og kjønn er trekte ut. Denne fila vart nytta til å oppdatere kjønn i frekall.dbf.

FARF.DBF: Far og farfar.

Feltnavn	Datatype	Lengde	Forklaring
Far	Alfanum.	12	
Farfar	Alfanum.	12	
Total:		24	

Omfram fil nytta ved søk etter familie. Hjelpedata til programmet FAMILIE.PRG
Talet på postar og teikn varierer.

FAMELEM.DBF:

Feltnavn	Datatype	Lengde	Forklaring
Aname	Alfanum.	15	Feltnavn i famnsd
Data_class	Alfanum.	9	Datatype i famnsd
Lengde	Numerisk	3	
Desimaler	Numerisk	3	
Felttype	Numerisk	1	
Total:		31	
Postar: 74	Teikn: 2562.		

Datafil som beskriv FAMNSD.DBF. Nytta ved numerisk omkoding av data før eksport til NSD-stat.

FREKELEM.DBF: Beskrivelse av FREKNSD.DBF. Nyttet ved numerisk omkoding før eksport til NSD-stat.

FAMOMK.DBF: Omkodingsdata for koding av FAMNSD.DBF for eksport til NSD-stat.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
Feltnamn	Alfanum.	10	Feltnamn i famnsd.dbf
Ftype	Alfanum.	1	Felttype
Fln	Numerisk	3	Feltlengde
N_min	Numerisk	5	Minimumsverdi i NSD-stat
N_sto	Numerisk	5	Maksimumsverdi i NSD-stat
N_des	Numerisk	2	Desimalar i NSD-stat
C_1	Alfanum.	1	Teiknkode 1. teikn i Dbase
C_Tomk	Alfanum.	1	Numerisk kode 1. siffer i NSD-stat
C_2	Alfanum.	2	Teiknkode 2. teikn i Dbase
C_2omk	Alfanum.	2	Numerisk kode 2. siffer i NSD-stat
Total:		32	

Postar: 303 Teikn: 10353.

Data er generert ved hjelp av FAMNSD.DBF og FAMELEM.DBF, og beskriv omkoding av data frå teikn til tal.

FREKOMK.DBF: Omkodingsdata for FREKNSD.DBF.

Feltnamn	Datatype	Lengde	Forklaring
Feltnamn	Alfanum.	10	Feltnamnet i freknsd
Ftype	Alfanum.	1	Felttype
Fln	Numerisk	3	Feltlengde
N_min	Numerisk	5	Minimumsverdi i NSD-stat
N_sto	Numerisk	5	Maksimumsverdi i NSD-stat
N_des	Numerisk	2	Desimalar i NSD-stat
C_1	Alfanum.	1	Teiknkode 1 teikn i Dbase
C_Tomk	Alfanum.	1	Numerisk kode 1 siffer i NSD-stat
C_2	Alfanum.	2	Teiknkode 2 teikn i Dbase
C_2omk	Alfanum.	2	Numerisk kode 2 siffer i NSD-stat
Total:		32	

Poster: 92 Teikn: 3390.

Data er generert ved hjelp av FREKNSD.DBF og FREKELEM.DBF, og beskriv omkoding av data frå teikn til tal.

Programfiler:

Alle program er skrivne av Arne Solli etter spesifikasjon frå Ane Landøy.

Sidan NSD-stat berre tek imot tal som inndata, må dei databasene som skal over i NSD-stat konverterast og leggast i ei *.txt-fil for import. Dette vart det laga program for.

Konverteringsprogram som konverterer FAMILIE.DBF til FAMNSD.DBF

FAMKONV0.PRG 106 teikn.

Kopierer alle data frå familie.dbf over til ny arbeidsfil famnsd.dbf

FAMKONV3.PRG 2885 teikn.

Lagar dbf-fila famomk.dbf ved hjelp av famelem.dbf (innehold felta som skal konverterast) og famnsd.dbf (data som skal konverterast).

FAMKONV4.PRG 2600 teikn.

Oppdaterer famnsd.dbf med verdier frå famomk.dbf Skriv ut fil NSD-var fil FAMNSD.VAR (variabeldefinisjon)

FAMKONV5.PRG 403 teikn.

Kopierer data frå famnsd.dbf til famnsd.txt. Famnsd.txt er importfila til NSD.

FAMDOK.PRG 550 teikn.

Lagar NSD-fila FAMNSD.DOK (variabeldokumentasjon)

Konverteringsprogram som konverterer FREKNOK til FREKNSD.

FREKNSD1.PRG 571 teikn.

Kopierer data frå freknok til ny arbeidsfil: FREKNSD.DBF

FREKNSD2.PRG 699 teikn.

Kopierer unike gardsnamn i freknsd.dbf til gardsre2.dbf

FREKNSD3.PRG 824 teikn.

Oppdaterer gardsnr i freknsd på grunnlag av gardsnamn og nr i gardsre2.dbf

FREKNSD4.PRG 977 teikn.

Splittar felta oppk og oppkd.

FREKNSD5.PRG 659 teikn.

Lagar dbf-fila frekelem.dbf

FREKNSD6.PRG 3239 teikn.

Lagar dbf-fila frekomk. Utgangspunktet er frekelem.dbf og freknsd.dbf.

FREKNSD7.PRG 2569 teikn.

Oppdaterer freknsd på grunnlag av data i frekomk.dbf. Lagar var-fila freknsd.var

FREKNSD8.PRG 564 teikn.

Kopierer data til NSD-importfil: FREKNSD.TXT

FREKNSD9.PRG 550 teikn.

Lagar NSD-dokfila FREKNSD.DOK.

Søkeprogram.

I arbeidet med å legge data inn i familie.dbf og freknok.dbf var det godt å kunne nytte seg av ulike søkeprogram og -rutiner som gjorde tastetrykka færre og tidsbruken meir effektiv.

FAMFREK.PRG 2969 teikn.

Famfrek nytta indeksar på farsnamn i freknok.dbf og på farsnamn i familie.dbf. Programmet inneheld og ein liten meny. Dermed kunne eg legge data inn i begge filene samstundes, og eg kunne leite etter forfedre i freknok.dbf medan eg sat med familiefila utan å måtte gå ut og inn av filene.

FINNBARN.PRG 3767 teikn.

Finnbarn.prg brukte eg for å finne familiar i databasene. Programmet gjekk først inn i eit gardsregister der eg valde ein gard som ikkje var i Bygdeboka, bd. 1,

så fann det alle mennene som var fødde eller busette på denne garden i vigdefila, kven dei gifta seg med, og gjekk inn i føddefila på nytt for å finne barn som hadde far med same namn som brudgommen, og kva mora heitte. Eit utruleg avansert program som gjorde arbeidet mykje lettare og sparte tid og tastetrykk. Eit par ganger fann eg familiar som eg allereie hadde vurdert, og på den måten kunne eg teste bygdeboka mot programmet og omvent, det var små avvik.

I tillegg vart det laga ein del hjelpeprogram som genererte data, indekserte, prosentuerte osb, som var til hjelp under konvertering og søking.



Bondebryllup i Hardanger.

Fotograf: Mittet & co.

Eigar: Billedsamlinga, Universitetsbiblioteket i Bergen.

3. GIFTARMÅL

Med så mykje data frå kyrkjebøkene, tilrettelagt for datamaskinell handsaming, vert det naudsynt å avgrense kva eg skal undersøke. Det er mange ender å gripe fatt i, mange skikkar og sermoniar som er nedfelte i kyrkjeboka, men for meg vil det ha mest for seg å bruke data som kan kvantifiserast. Det vil seie data som aldersskilnad mellom brurefolk, tidskilnad mellom fødsel og dåp, død og gravferd, tidspunkt på året når dei ulike kyrkjelege hendingane finn stad.

Av desse tre, dåp, giftarmål og gravferd er det klart at giftarmålet både er det mest sosiale, og det som er lettast å undersøke med datamaskin på bakgrunn av dei data Førsund har registrert. Han har til dømes berre registrert fødselsdato, ikkje dåpsdato.

Eg vil sjå om det skjer endringar i når på året folk gifter seg, om det er einskilde datoar som vert mykje brukt i delar av hundreåret og om det er skilnad på dei ulike vekedagane. Eg vil også prøve å undersøke alderssamansetninga, og sjå om det skjer endringar i omgjorte i løpet av hundreåret.

3.1 FORSKINGSSTATUS

Ståle Dyrvik har skrive om ekteskap i Etne. I artikkelen "Om giftarmål og sosiale normer. Ein studie av Etne 1715 – 1801" (Dyrvik 1970) undersøker han giftemånad i høve til fødselen til det første barnet, og finn at vel halvparten av barna vert fødde før ni månader etter bryllupet. Han ser dette i samanheng med at mange såg på forlovinga som legalisering av samlivet.

Ein del demografer som har drive med familierekonstitusjon har sett på årstidsvariasjonane innan giftarmål. Funna deira peikar i retning av ein topp i juni/juli, og ein mindre topp seihaustes eller tidleg vinter. Her er likevel variasjonar over tid og for dei ulike bygdelaga:

I Ullensaker finn Halvorsen og Indseth ein topp i april, ein mindre i juni og juli, den største opphopinga i november og desember mellom 1733 og 1844. Det er særleg i den siste delen av perioden, frå 1790 til 1844 at desember-vigslene kjem sterkt, men også i tida 1733 til 1789 har desember nest høgaste tal vigsler

for alle månadane, høgare enn juni og juli tilsaman. (Halvorsen og Indseth 1975 s. 55 ff)

På den andre sida har Kåstad funne toppar i juni, juli og november for tida 1701 til 1750, og juni, juli og januar mellom 1750 og 1801 for ein del av Hamre prestegjeld. Carlsen fann det nesten det same for sine undersøkelser av Baklandet i Trondheim, toppar i juni, juli og november i tida 1730–1759, og i mai, juni, juli og november i 1760–1799. (Kåstad 1980. Carlsen 1986)

Opp mot dette kan vi setje Hofslett sine funn frå Halsnøyområdet 1875–1920, der ho skriv:

Tabellen forteller om en viss spredning gjennom årets tolv måneder. (...) Selv om tabellen oppgir størst antall giftermål pr. måned i november og juni med oktober og april noe etter slår den tradisjonelle oppfatning av tidfesting av giftermålsinngåeldene – tiden mellom onnen* – her ikke til for fullt. Det virker som man har stått friere i valg av tidspunkt av bryllupsfesten sett i relasjon til arbeidsrytmen i bygden. Med et livsgrunnlag som langt fra ensidig besto av jordbruksvirksomhet, hadde man kanskje nettopp også en slik mulighet". (*note: R. Frimannslund: Skikk og tro ved friing og bryllup. Særtrykk av "Nordisk Kultur" XX "Livets Høgtider". Det Mallinske Boktrykkeri 1949 – s.59). (Hofslett 1980 s. 45)

Dette kan gje oss eit inntrykk av at det fann stad endringar i val av giftesesong over tid. Men ingen av desse har nærgranska utviklinga over tid i eit lokalområde, slik eg vil gjere.

Eg ventar å finne at giftinga tidleg i århundret skjer med to toppar, ein om sommaren, særleg sist i juni og først i juli, og ein om vinteren, mellom november og januar. Dette vil i såfall vere i tråd med desse funna frå andre stader. Etterkvart som Førde vert meir differensiert vil vi kunne sjå ein større grad av spreiing utover året, fordi banda til tradisjonen vert svekka.

Eg trur og at eg vil finne ein synkande tendens til omgifte i slutten av hundreåret, når levealderen i snitt vert høgare. Dette kan også ha samanheng med eit synkande tal fornuftsekteskap. Eg vil prøve å finne ut om aldersskilnaden mellom brudgom og brur, som kan vere ein indikator på fornuftsekteskap, minkar ved slutten av hundreåret.

Eg har med eit utval vigde i Bergen frå kyrkjebøkene nokre år tidleg og sein i hundreåret. Dette vil eg bruke til å samanlikne. Eg har og med registreringar for døde i Førde 1800–1900. Dette brukar eg til å sjå på endringar i levealder.

3.2. ENDRINGAR I GIFTEDATO

MÅNAD

Når vi får auka kommunikasjonar, auka kontakt med omverda, og framfor alt, aukande industrialisering, vil vi vente at det vil skje endringar i når på året folk gifter seg. Rett nok er Førde framleis i 1900 i hovudsak ei jordbruksbygd, så endringane vil nok ikkje vere så store, men i tabellen nedanfor kan vi sjå kva som endrer seg.

=====
TABELL 3.2.1: PROSENTVIS FORDELING AV GIFTING I ULIKE MÅNADER SETT I TIÅRSBOLKAR 1801 – 1900.
=====

MÅNAD	1801	1811	1821	1831	1841	1851	1861	1871	1881	1891	SUM
	- 10	- 20	- 30	- 40	- 50	- 60	- 70	- 80	- 90	- 1900	
JAN	7.6	8.4	6.0	4.9	4.6	0.8	0.9	2.5	4.0	1.1	4.0
FEB	4.5	5.0	0.9	1.6	0.0	0.0	0.0	0.0	1.0	2.2	1.3
MARS	3.2	5.4	0.5	1.6	1.1	0.8	0.5	1.6	1.0	2.6	1.7
APRIL	4.5	5.4	5.1	6.6	1.8	3.3	6.6	11.1	14.9	8.8	6.7
MAI	2.5	5.9	8.4	12.6	12.0	7.1	3.8	4.1	5.5	3.3	6.8
JUNI	24.8	25.2	33.5	32.4	39.6	32.8	40.1	31.3	27.4	29.1	32.2
JULI	26.1	20.3	25.6	18.1	20.8	29.9	29.2	24.7	16.9	15.9	22.9
AUGUST	0.6	1.5	0.5	1.1	0.7	1.2	0.9	2.1	0.5	3.3	1.2
SEPT	3.2	1.0	1.9	0.5	1.1	1.2	1.9	0.8	4.0	0.5	1.6
OKT	7.0	7.4	3.7	8.2	4.9	7.1	4.7	9.5	9.5	9.9	7.1
NOV	12.1	10.9	11.6	9.3	11.3	10.8	7.5	9.9	13.9	18.1	11.4
DES	3.8	3.5	2.3	2.7	2.1	5.0	3.8	2.5	1.5	6.0	3.3
SUM	100.0	100.0	100.0	100	100	100	100	100	100	100.0	100
N*=	157	202	215	182	283	241	212	243	201	182	2118

*N er samla totalt tal, ikkje prosentuert.

(Kjelde: Kyrkjebøkene for Førde 1800–1900)
=====

Det er berre 31 vigsler som ikkje er registrert med månadsnamn i desse hundre åra. Det tyder på at variabelen "månad" er nokså påliteleg.

Juni og juli er dei store giftemånadane, særleg i tida 1841 – 1870. Gjennom heile århundret vel halvparten av dei som giftar seg å gjere det i juni eller juli, men i tida 1841 – 1870 er det mellom 60 og 70 %.

1841–70-åra er dei åra det er flest vigsler og, og ein skulle derfor vente at vigslene ville vere spreidde utover heile sommaren. Det var ikkje kjekt når fleire vigsler fann stad same helga, for ofte ville bygdefolket vere i slekt med to eller fleire brurepar. Derfor vart brurepara ofte samde om kven som skulle gifte seg når.

November er og meir populær enn dei fleste andre månadene, og han tek over juli sin plass mot slutten av hundreåret. Det heng kanskje saman med overgangen frå fleiredagars- til eindagsbryllup. Det var ikkje lenger så viktig om veret var godt fordi høgtidina var redusert til middag ein kveld, og ikkje fleire dagar. Då passer i grunnen november månad bra også for bøndene, med onnene unnagjort, fulle forråd og julestria enno litt unna. Men dette er spekulasjonar som vi ikkje kan få verifisert eller falsifisert med det materialet som ligg føre her.

Som nemnt i kapittel 2 har vi her eit datamateriale med vigsler i Bergen, i tillegg til dei ulike datafilene for Førde.

Dersom vi samanliknar med dette materialet, finn vi ingen slik tydeleg tendens til at nokon månader er meir brukte til gifting enn andre, med unnatak av oktober og november.

TABELL 3.2.2: GIFTING I NOKRE ÅR I BERGEN, FORDELT PÅ MÅNAD

	1816, 1817, 1818 1822, 1823, 1824	1867, 1868 1877, 1878	SUM
Januar	7.8	5.7	6.7
Februar	6.0	5.5	5.7
Mars	9.1	4.9	6.8
April	8.0	9.4	8.8
Mai	7.3	11.9	9.8
Juni	7.8	9.4	8.6
Juli	6.2	5.5	5.8
August	9.3	6.2	7.6
September	9.1	4.3	6.4
Oktober	11.9	14.3	13.2
November	9.8	13.6	11.9
Desember	7.8	9.4	8.6
SUM:	100.0	100.0	100.0
N=	386	470	856

(Kjelde: Eit utval av kyrkjebøkene for Bergen 1816, 1817, 1818, 1822, 1823, 1824, 1867, 1868, 1877, 1878)

Årsaka til at Bergen og Førde har så heilt ulike mønster for giftarmål kan vere at Bergen er ein by, og bysamfunnet er heterogen. Dei fleste innbyggjarane i byen er tilknytta sekundære og tenesteytande næringar, medan Førde stort sett er ei jordbruksbygd sjølv om andre yrkesgrupper vert representerte i aukande grad utover i hundreåret. Dei fleste bynæringane har ikkje ein like klar årssyklus som bygdenæringar.

Trass i ein viss grad av yrkesdifferensiering i Førde utover i hundreåret, er hovudtendensen at juni og juli er dei mest populære månadane. Det er i grunnen ikkje det eg hadde venta å finne, men kan henge saman med at Førde også rundt år 1900 i hovudsak er ei jordbruksbygd og bryllupsskikkane held fram i det mønsteret som arbeidslivet og årstidene la opp til frå gammalt.

DATO

Er det spesielle datoar i juni og juli som er meir populære enn andre?

Ei vidare krysstabulering viser at det er to datoar som er særleg mykje brukt –

24. juni, jonsok og 2. juli, syftesok. Nesten 10 % av alle ektepar vel å gifte seg på desse to datoane.

Vi ser og at dagane rundt syftesok er meir populære enn dei i slutten av månaden, medan heile juni månad ser ut til å vere brukbar for bryllup.

Dersom vi deler århundret inn i blokker på ti år, kva kan vi då finne av spanande endringar?

Statistisk sett skulle kvar dag i året ha like stor sjanse (0,3%) for å bli vald som giftedato. Ved å dele åra inn i tiårsblokker slik som her, vil vi til ein viss grad unngå at andre ting, som til dømes "rørlege heilagdagar" eller kva vekedag ein viss dato fell på, vil spele inn.

=====
TABELL 3.2.3: BRUK AV DEI ULIKE DAGANE I JUNI MÅNAD.
TIÅRSGRUPPER
=====

DAG	1801	1811	1821	1831	1841	1851	1861	1871	1881	1891	SUM
	-10	-20	-30	-40	-50	-60	-70	-80	-90	1900	
1	2.6	2.0	1.5	3.4	7.1	0.0	1.2	0.0	0.0	3.8	2.4
2	2.6	7.8	1.5	1.7	0.0	0.0	2.4	0.0	1.8	0.0	1.5
3	0.0	2.0	6.1	1.7	1.8	1.3	4.7	0.0	0.0	3.8	2.2
4	2.6	7.8	1.5	1.7	0.0	1.3	0.0	5.3	3.6	1.9	2.2
5	0.0	0.0	0.0	0.0	1.8	2.5	0.0	2.6	0.0	3.8	1.2
6	2.6	7.8	6.1	0.0	3.6	1.3	7.1	2.6	3.6	1.9	3.7
7	0.0	0.0	3.0	3.4	1.8	5.1	3.5	1.3	1.8	5.7	2.7
8	2.6	2.0	4.5	10.2	7.1	1.3	1.2	2.6	3.6	0.0	3.7
9	0.0	3.9	3.0	0.0	2.7	2.5	0.0	5.3	1.8	1.9	2.2
10	0.0	0.0	7.6	0.0	1.8	0.0	3.5	3.9	1.8	1.9	2.2
11	0.0	0.0	7.6	1.7	0.9	2.5	5.9	3.9	1.8	3.8	3.0
12	0.0	0.0	0.0	5.1	3.6	0.0	1.2	1.3	3.6	1.9	1.8
13	2.6	0.0	3.0	0.0	4.5	0.0	1.2	3.9	9.1	0.0	2.5
14	0.0	2.0	0.0	3.4	3.6	3.8	1.2	2.6	3.6	1.9	2.4
15	0.0	2.0	9.1	0.0	1.8	1.3	2.4	1.3	1.8	3.8	2.4
16	0.0	0.0	1.5	5.1	2.7	1.3	2.4	0.0	0.0	1.9	1.6
17	0.0	0.0	3.0	3.4	0.9	7.6	2.4	5.3	3.6	3.8	3.1
18	0.0	5.9	3.0	0.0	8.9	2.5	0.0	6.6	1.8	3.8	3.7
19	0.0	0.0	4.5	1.7	3.6	3.8	1.2	1.3	9.1	9.4	3.4
20	0.0	3.9	4.5	0.0	0.9	6.3	3.5	1.3	1.8	3.8	2.7
21	10.3	5.9	3.0	8.5	1.8	0.0	2.4	1.3	0.0	5.7	3.3
22	10.3	0.0	1.5	3.4	1.8	6.3	1.2	5.3	3.6	5.7	3.6
23	2.6	3.9	0.0	3.4	10.7	1.3	8.2	0.0	0.0	5.7	4.1
24	17.9	7.8	7.6	10.2	8.0	16.5	31.8	18.4	14.5	3.8	14.1
25	2.6	2.0	3.0	8.5	4.5	6.3	3.5	6.6	5.5	0.0	4.4
26	7.7	0.0	0.0	3.4	1.8	8.9	1.2	2.6	3.6	1.9	3.0
27	2.6	9.8	10.6	0.0	0.9	1.3	0.0	6.6	1.8	3.8	3.4
28	10.3	7.8	1.5	8.5	4.5	0.0	2.4	3.9	5.5	5.7	4.4
29	10.3	0.0	1.5	8.5	1.8	15.2	2.4	2.6	5.5	9.4	5.3
30	7.7	15.7	0.0	3.4	5.4	0.0	2.4	1.3	5.5	0.0	3.7
31!	2.6	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.1
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	39	51	66	59	112	79	85	76	55	53	675

TABELL 3.2.4: BRUK AV DEI ULIKE DAGANE I JULI MÅNAD SETT I TIÅRSBOLKAR 1800-1900.

DAG	1801 -10	1811 -20	1821 -30	1831 -40	1841 -50	1851 -60	1861 -70	1871 -80	1881 -90	1891 -1900	SUM
1	2.4	0.0	12.8	24.2	1.7	12.5	3.2	1.7	8.8	13.8	7.3
2	12.2	36.6	25.5	33.3	27.1	13.9	33.9	36.7	17.6	0.0	24.7
3	19.5	2.4	0.0	0.0	3.4	11.1	1.6	1.7	5.9	13.8	5.6
4	2.4	12.2	12.8	0.0	1.7	9.7	4.8	5.0	14.7	10.3	7.1
5	9.8	0.0	6.4	3.0	6.8	1.4	1.6	5.0	8.8	6.9	4.6
6	2.4	7.3	10.6	9.1	6.8	11.1	3.2	3.3	2.9	6.9	6.5
7	12.2	9.8	6.4	12.1	10.2	0.0	4.8	1.7	0.0	6.9	5.9
8	4.9	2.4	12.8	3.0	6.8	9.7	3.2	8.3	2.9	6.9	6.5
9	2.4	2.4	0.0	0.0	11.9	6.9	1.6	5.0	8.8	3.4	4.6
10	9.8	0.0	0.0	3.0	0.0	1.4	3.2	6.7	2.9	3.4	2.9
11	0.0	0.0	2.1	0.0	5.1	9.7	4.8	10.0	2.9	0.0	4.4
12	4.9	2.4	2.1	0.0	0.0	0.0	8.1	1.7	5.9	13.8	3.3
13	7.3	7.3	0.0	3.0	5.1	2.8	1.6	0.0	2.9	3.4	3.1
14	0.0	4.9	0.0	0.0	0.0	0.0	1.6	1.7	0.0	0.0	0.8
15	4.9	0.0	2.1	3.0	1.7	4.2	4.8	1.7	2.9	0.0	2.7
16	0.0	0.0	2.1	0.0	0.0	0.0	1.6	0.0	0.0	0.0	0.4
17	0.0	2.4	0.0	3.0	0.0	0.0	4.8	0.0	0.0	0.0	1.0
18	0.0	0.0	2.1	0.0	1.7	0.0	3.2	0.0	0.0	3.4	1.0
19	0.0	2.4	0.0	0.0	1.7	0.0	1.6	0.0	0.0	0.0	0.6
20	2.4	4.9	0.0	0.0	1.7	1.4	1.6	0.0	0.0	0.0	1.3
21	0.0	0.0	0.0	3.0	1.7	0.0	0.0	0.0	2.9	0.0	0.6
22	0.0	0.0	0.0	0.0	1.7	0.0	1.6	3.3	0.0	0.0	0.8
23	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	1.4	0.0	3.3	0.0	0.0	0.6
24	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	2.8	1.6	0.0	0.0	3.4	0.8
25	2.4	2.4	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	2.9	0.0	0.6
28	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	3.3	0.0	0.0	0.4
29	0.0	0.0	2.1	0.0	3.4	0.0	0.0	0.0	0.0	3.4	0.8
30	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	1.6	0.0	2.9	0.0	0.4
31	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	2.9	0.0	0.2
S	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	41	41	47	32	59	72	62	60	34	29	476

For dato-variabelen gjeld det same som for månadsvariabelen, han er ein nokså påliteleg variabel med små høve til feilkjelder. Likevel må det vere noko, det kan vi sjå ved at det er registrert bryllup på 31. juni.

Desse tabellane er store og vanskelege å lese. Vi kan likevel finne ein del signifikante tal her.

– For juni månad ser vi at talet på vigsler er relativt høgt i perioden 1841–80. Det er det for juli månad og, men her er ikkje auken så stor, og varer ikkje lenger enn til 1860–åra.

– I perioden 1801–1810 er andre datoar i slutten av juni, frå 21. til 29. nesten like populære som 24. I juli er giftinga stor sett avslutta før 7.

– Fleire gifter seg på 30. og 27. juni enn på den 24. i perioden 1811–1820, medan det er svært få som gifter seg etter 7. juli. 36% giftar seg 2. juli.

– I 1820–åra er 15. og 27. juni mykje brukte vigsledagar, og framleis er ein stort sett ferdig med bryllupa til 7. juli.

– I 1830–åra er det relativt få som gifter seg, både i juni og juli. Dei som gifter seg i juli gifter seg på dei to første dagane, stort sett.

– Tiårsperioden 1841–1850 har det høgaste tal vigsler i juni for heile hundreåret. Vel 20 % gifter seg 23. og 24., og resten finn vi spreidd utover heile månaden. I juli gifter over 30 % seg på 1., 2., og 3., og dei fleste giftar seg før 9.

– Mellom 1851 og 60 ser vi at dei fleste vigslene i juni (60%) finn stad mellom 24. og 29. I juli finn vi dei mellom 1. og 11.

– I 1860–åra finn at vi 31,8 % av vigslene i juni finn stad 24. juni, medan 33,9% av dei i juli finn stad 2. juli. Likevel er resten av bryllupa spreidde før den 20.

– Medan jonsok vert noko mindre populær i 1870–åra (18,4%), finn vi at syftesok har heile 36,7% av vigslene i juli i same perioden.

– I 1880 og 90–åra er populariteten til jonsok nede på eit lavare nivå. Juli har såpass lave tal for desse åra at det er vanskeleg å analysere dei, men vi kan sjå ein viss tendens til større spreiing utover i heile månaden.

Det tydelegaste funnet er at bryllupa tidleg i århundret stort sett var avslutta før 8. eller 10. juli, Kjell fut eller Knutsok. Begge desse dagane er gamle merkedagar for at slåtonna kunne ta til. I 1880– og 90–åra kan vi, sjølv om talmaterialet er

lite, sjå at giftinga vert spreidd meir utover månaden. Og framleis er det slik at mange vel å gifte seg i juni og juli.

Når det gjeld jonsok og syftesok er tendensen at dei er spesielt populære i nokre år midt på hundreåret.

TABELL 3.2.5. BRUK AV 24. JUNI SOM GIFTEDAG. TIÅRSGRUPPER

TIÅRS-BLOKKER	TAL	PROSENT	% AV ALLE VIGSLER I TIÅRET
1801-1810:	7	7.2	4.4
1811-1820:	4	4.1	1.9
1821-1830:	5	5.2	2.3
1831-1840:	6	6.2	3.2
1841-1850:	9	9.3	3.1
1851-1860:	13	13.4	5.4
1861-1870:	27	27.8	12.7
1871-1880:	14	14.4	5.7
1881-1890:	8	8.2	3.9
1891-1900:	2	2.1	1.1
Utan verdi:	2	2.1	-
SUM=	97	100.0	4.6

TABELL 3.2.6. BRUK AV 2. JULI SOM GIFTEDAG. TIÅRSGRUPPER

TIÅRSBOLK	TAL	PROSENT	% AV ALLE VIGSLER I TIÅRET
1801-1810:	5	4.2	3.1
1811-1820:	15	12.6	7.4
1821-1830:	12	10.1	5.5
1831-1840:	11	9.2	6.0
1841-1850:	16	13.4	5.6
1851-1860:	10	8.4	4.1
1861-1870:	21	17.6	9.9
1871-1880:	22	18.5	9.0
1881-1890:	6	5.0	2.9
1891-1900:	0	0.0	0.0
Utan verdi:	1	0.8	-
SUM=	119	100.0	5.6

Dersom vi går inn på kvart einskild år for desse to datoane, er det mest påfallande tidbolken 1850 til 1873 for jonsok. Her har vi bryllup stort sett kvart år på denne dato, og ofte fleire bryllup i gongen. Syftesok-tabellen viser den same tendensen, men ikkje så sterkt.

Det er ikkje noko klart mønster for jonsok/syftesok når det gjeld vekedagar, jonsok/syftesok vert vald uansett kva vekedag dei fell på.

Tala for dei einskilde åra er likevel så små at det er vanskeleg å seie noko på grunnlag av berre dette materialet. Eg trur vi vil komme nærmare inn på endringane ved å sjå på kva vekedagar folk vart vigde.

VEKEDAG

Variabelen "vekedag" er generert på bakgrunn av dag, månad og år, så han vert ikkje betre enn dei tre er. Men dei er ganske pålitelege variablar.

TABELL 3.2.7: VIGSELSVEKEDAG SETT I TIÅRSBLOKKER

VEKE-	1801	1811	1821	1831	1841	1851	1861	1871	1881	1891	SUM								
DAG	-	10	-	20	-	30	-	40	-	50	-	60	-	70	-	80	-	90	1900
Mandag	5.8	8.4	4.3	12.4	7.8	7.5	16.0	20.2	10.0	6.6	10.1								
Tirsdag	4.5	5.0	4.8	4.5	3.2	3.7	20.8	14.1	14.5	21.4	9.5								
Onsdag	4.5	6.9	6.4	1.1	2.8	3.3	13.7	21.0	26.5	24.7	11.0								
Torsdag	9.7	6.4	4.3	2.8	5.3	9.5	14.6	14.4	17.0	12.6	9.7								
Fredag	7.1	5.9	3.7	2.8	3.2	3.3	12.7	10.3	20.5	16.5	8.4								
Laurdag	14.2	8.4	12.8	12.4	4.9	7.1	9.9	4.5	2.0	4.4	7.7								
Søndag	54.2	58.9	63.8	64.0	72.8	65.6	12.3	15.2	9.5	13.7	43.6								
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100								
N=	155	202	188	178	283	241	212	243	200	182	2084								

(Dei som gifta seg i 1799 (1 vigsel) og 1800 er ikkje med i denne tabellen.)

I denne tabellen finn vi endringar frå 1860-åra. Laurdag og sundag er ikkje så populære som giftedagar lenger, og vigslene er i større grad spreidde utover heile veka.

La oss sjå nærmare på perioden 1851–1870 i høve til vigselsvekedag.

TABELL 3.2.8: VIGSELSVEKEDAG I 1850-ÅRA

DAG	1851	1852	1853	1854	1855	1856	1857	1858	1859	1860	SUM
Mandag	7.4	5.6	10.0	3.2	9.5	8.7	7.7	7.4	0.0	13.8	7.5
Tirsdag	11.1	0.0	0.0	3.2	0.0	4.3	3.8	7.4	0.0	3.4	3.7
Onsdag	0.0	0.0	0.0	12.9	0.0	0.0	3.8	3.7	10.5	0.0	3.3
Torsdag	0.0	11.1	5.0	0.0	0.0	8.7	23.1	14.8	5.3	24.1	9.5
Fredag	0.0	0.0	10.0	0.0	0.0	8.7	7.7	3.7	0.0	3.4	3.3
Laurdag	0.0	5.6	5.0	9.7	0.0	0.0	15.4	18.5	10.5	3.4	7.1
Søndag	81.5	77.8	70.0	71.0	90.5	69.6	38.5	44.4	73.7	51.7	65.6
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	27	18	20	31	21	23	26	27	19	29	241

TABELL 3.2.9: VIGSELSVEKEDAG I 1860-ÅRA

DAG	1861	1862	1863	1864	1865	1866	1867	1868	1869	1870	SUM
Mandag	35.7	4.2	18.8	4.3	7.1	21.1	6.7	18.2	26.3	16.7	16.0
Tirsdag	21.4	37.5	6.3	21.7	32.1	5.3	46.7	4.5	5.3	22.2	20.8
Onsdag	3.6	25.0	31.3	17.4	10.7	5.3	6.7	9.1	21.1	11.1	13.7
Torsdag	3.6	4.2	6.3	17.4	10.7	15.8	6.7	40.9	21.1	22.2	14.6
Fredag	17.9	12.5	12.5	30.4	3.6	15.8	6.7	4.5	5.3	16.7	12.7
Laurdag	3.6	4.2	6.3	4.3	28.6	21.1	13.3	0.0	10.5	5.6	9.9
Søndag	14.3	12.5	18.8	4.3	7.1	15.8	13.3	22.7	10.5	5.6	12.3
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	28	24	16	23	28	19	15	22	19	18	212

Den lavaste prosentdelen med val av søndag som vigsledag finn vi i 1864, men vi ser ein nedgang allereie frå 1861. Etter 1864 tek det seg oppatt, med eit nytt fall i 1869 og -70. Mellom desse to falla har vi den høgaste frekvensen for søndagsgifting i heile tiåret, i 1868. Men i heile tiåret vert ein eller fleire av dei andre dagane i veka meir brukt enn søndagen. For dei ti åra før er det ikkje slik, det såg vi i tabell 8. Då var søndag brukt av 38 til 90 % av dei som gifta seg.

For å komplisere biletet litt til kan vi sjå på kva vekedag jonsok og syftesok fell på. Jonsok fell på mandag i 1861 og 1867, tysdag 1851, 56, og 62, onsdag i 1857, 63 og 68. Jonsok er ein torsdag i 1852, 58 og 69, fredag i 1853, 59, 64 og 70, laurdag i 1854 og 1865 og søndag i 1855, 1860 og 1866. Syftesok er alltid ein dag etter. Vi ser altså at vi får eit skilje kring 1860, der det vert viktigare å gifte seg på jonsok, eller syftesok for 1867 og 68 sine vedkomande, enn på søndag. Det er også brot med dette mønsteret i 1866 og 1870. Vi kan derfor sjå ei bølge av "jonsokvigsler" 1860 til 1865, som vert avløyst av ei ny bølge med "syftesok- eller ureglementerte vigsler" 1866 til 70.

Sjølv sagt kan forklaringa ligge i at vi har med såpass få einingar å gjere at tilfeldige utslag vert forstyrrende. Likevel skil tendensen for 1860-åra og dei fylgjande tiårsbolkane seg klart frå tidlegare år.

Ei anna forklaring kunne vere at vi har å gjere med eit større innslag av "kondisjonerte", som kan tenkast å gifte seg på andre dagar i veka enn resten av folket. Men i 1900 var berre nokre få av innbyggjarane sysselsett i offentleg teneste eller privat immateriell verksemd. I tillegg er det vanskeleg å finne prov for at dei gifta seg på andre dagar i veka enn resten av dei som bur i Førde.

Vi veit at ein frå sist i 1800-åra og utover gjekk vekk frå dei store fem- eller tredags bryllupa på landsbygda, og gjekk over til å feire bryllup berre ein dag. (Aaland 1982) Dette kan vere ein del av årsaka til at ein ikkje lenger vil gifte seg på søndag. Det er kanskje lettare å ture skikkeleg på andre dagar i veka. På den andre sida var det ikkje naudsynt for vigsla og bryllupet å vere på same dag.

Men kva var årsaka til at ein slutta med fleiredagarsbryllup? Vart det brått forbode kring 1860, eller vart det "moderne" å gjere som dei gjorde i byane? Kan det i staden for eit forbod ligge eit press på skikkane, sidan vi ser svingingar i valet av søndag?

Den nærmaste til å komme med eit slikt press ville vere presten, som i Førde heitte Michael Sundt Tuchen Fasting mellom 1857 og 1880. (Lampe, 1896)

Likevel rimar det ikkje med eit forbod frå presten når vi ser kor dårleg handheva det til tider må ha vore. Så kanskje det var biskopen som la ned forbod? Det kan vi ikkje finne i det materialet vi har, men ut frå visitasberetningane for 1860-åra er det ikkje noko som tyder på det.

Ein annan grunn kan vere at det vart moderne med eindagsbryllup i 1860-åra. Det kan forklare at søndag framleis er noko brukt, og at det ikkje er nokon annan dag som skil seg ut.

I Bergen høgtida ein, såvidt vi veit, bryllup berre ein dag i heile det 19. hundreåret. Men der er søndag brukt som giftedag i 70 % av bryllupa utover heile hundreåret, og søndag er like mykje brukt tidleg som sein i hundreåret.

Så dersom det er moten som spelar inn, kvifor ville ein berre ape etter bryllupsskikken og ikkje vigsleskikken? Kvifor held ein fram med å gifte seg om sommaren, når byborgarane gifter seg utover heile året?

Desse spørsmåla vert ståande. Det vil føre langt utanom denne oppgåva å avgjere om det var moten åleine eller eit direkte forbod frå prest eller biskop som fekk folk til å nytte alle dagane i veka, med unnatak av laurdag, til giftarmål. Og dette kan vi nok ikkje få meir opplysningar om i dette materialet.

3.3 ENDRINGAR I OMGIFTE.

11.5 % av menn og 6.5 % av kvinner som gifter seg gjer det for andre eller tredje gong i snitt utover hundreåret. Kva endringar kan vi finne sein i hundreåret i høve til tidlegare? Eg ventar å sjå at fleire kvinner gifter seg omatt sein i hundreåret enn tidleg. Dette fordi eg trur at levealderen til kvinner aukar mest utover i hundreåret og derfor hender det at dei overlever sine menn og.

For variablane om omgifte manglar vi registreringar for 399 menn og 388 kvinner. Det skuldast at tidlegare ekteskap ikkje vert registrerte som eigen variabel før omlag 1820-åra, og på "statusvariabelen" finn vi ofte yrket oppgjeve, i staden for sivilstand. Vi har og ei sterkt mogeleg feilkjelde i at dette var noko folk måtte oppgi sjølv, dersom dei ikkje kom frå soknet. Når det er sagt trur eg likevel at desse tala kan sjåast som relativt reelle, fordi den sosiale kontrollen var så sterk.

Eg vil undersøke endringane ved å finne korleis omgifteprosenten ser ut tidleg og seint i hundreåret. Eg vel derfor ut to tiårsblokker, 1831–1840, og 1891–1900.

=====
TABELL 3.3.1: KVINNER OG MENNS TAL EKTESKAP 1831-1840
=====

Kvinner	1	2	SUM	N=
Menn				
1	80.1	6.1	86.2	156
2	12.2	1.7	13.8	25
SUM:	92.3	7.7	100.0	
N=	167	14		181

=====
TABELL 3.3.2: KVINNER OG MENNS TAL EKTESKAP 1891-1900
=====

Kvinner	1	2	SUM	N=
Menn				
1	87.9	1.1	89.0	162
2	9.9	0.5	10.4	19
3	0.5	0.0	0.5	1
SUM:	98.4	1.6	100.0	
N=	179	3		182

13.8 % av mennene og 7.7 % av kvinnene giftar seg fleire gonger i tida 1831–40, mot 10.9 % av mennene og 1.6 % av kvinnene i 1891–1900. Det er altså færre, både kvinner og menn, som giftar seg fleire gonger etter 1891. Kan dette ha noko med den auka levealderen å gjere?

Ved å finne levealderen for kvinner og menn over 20 år i Førde vil eg undersøke om det skjer nokon endringar. Eg vel å setje grensa på 20 år fordi eg vil halde dei som dør som born ute av statistikken min. For heile århundret er snittalderen 60.3 for kvinner og 63.3 for menn. I perioden før 1820 er snittalderen 57.8 for

kvinner og 61.8 for menn. 1880–1900, derimot, er snittalderen 65.2 for kvinner og 68.5 for menn.

Eg har også undersøkt medianen. Før 1820 var han 61 for kvinner og 63 for menn, og etter 1880 70 for kvinner og 71 for menn.

Ikkje berre har levealderen i snitt auka for både kvinner og menn 1800–1900 i Førde, men han har auka mest for kvinner. Den same tendensen ser vi for medianen.

Men dersom levealderen for kvinner auker, kvifor gifter ikkje dei seg omatt i større grad utover i hundreåret ?

Årsaka kan ligge i at det var menn som fridde, og Førde hadde eit tildels stort kvinneoverskot på denne tida. Folketeljinga 1900 gjev desse tala for mannlege og kvinnelege innbyggjarar i ulike aldersgrupper: 15–20 år: 149 menn, 150 kvinner. 20–25 år: 78 menn og 134 kvinner. 25–30 år: 44 menn, 85 kvinner. 30–45 år: 172 menn, 243 kvinner. (NOS IV 52, 1900)

Med såpass mange fleire kvinner enn menn, ville ein mann som skulle gifte seg omatt truleg heller velge ei yngre og ugift kvinne enn ei enke, så sant ho ikkje sat på ein gard eller eit anna levebrød. Men det kan ikkje verifiserast eller falsifiserast i dette materialet.

Den auka levealderen førtे og med seg at fleire dør eldre, det vil seie i ein alder der det ikkje er aktuelt for maken å gifte seg omatt. Familieforskarar reknar med at sannsynet for omgife er lite for kvinner som vert enker etter omlag femti års alderen.

Ei anna forklaring på kvifor tendensen til omgife er synkande i slutten på hundreåret kan ligge i ei haldningsendring, at tankane om kva eit ekteskap er endrar seg. Ein reknar med at ekteskapet i det førindustrielle bondesamfunnet først og fremst var ein kontrakt mellom ættene, og kjærleiken fekk eventuelt kome seinare. Dersom vi tenker oss ein slags modernisering også på ekteskapsfronten, med overgang frå fornuftsekteskap til "romantiske" ekteskap, kan dette føre med seg ei mental barriere mot omgife.

Familieforskarar har funne at aldersskilnaden kan vere ein måte å skilje mellom fornuftsekteskap og "romantiske" ekteskap. I eit "romantisk" ekteskap reknar dei det som sannsynleg at aldersskilnaden ikkje er større enn +/- 3-4 år. Derfor kan vi sjå på aldersskilnaden fordelt på tiår for å finne endringar.

Eg har delt aldersskilnaden inn i desse gruppene:

Jamaldrande, der brur og brudgom oppgjev same alder eller eit års skilnad ved giftarmålet.
To til fire års skilnad, der brudgommen er eldst.
Fem til åtte års skilnad, der brudgommen er eldst.
Ni til tolv års skilnad, der brudgommen er eldst.
Meir enn tolv års skilnad, der brudgommen er eldst.
Fire til to års skilnad, der brura er eldst.
Åtte til fem års skilnad, der brura er eldst.
Tolv til ni års skilnad, der brura er eldst.
Over tolv års skilnad, der brura er eldst.

	1822	1830	1840	1850	1860	1870	1880	1890	SUM
	- 29	- 39	- 49	- 59	- 69	- 79	- 89	- 1900	
Like	19.1	19.9	17.7	16.6	17.1	18.6	25.1	23.0	19.4
2-4	21.8	18.2	23.3	17.8	19.0	16.9	21.1	16.1	19.4
5-8	16.5	19.3	17.3	17.0	13.7	21.9	15.6	19.0	17.6
9-12	9.6	9.4	11.0	14.9	13.3	9.5	5.5	9.8	10.5
12++	9.0	6.6	6.0	7.1	10.0	8.7	9.0	11.5	8.3
-2:-4	10.6	8.8	13.1	7.5	11.4	12.0	14.6	9.2	11.0
-8:-5	6.9	11.6	6.4	9.5	9.0	9.5	7.0	6.9	8.3
-12:-9	3.7	3.9	1.8	4.6	2.8	2.1	1.5	2.9	2.9
-12++	2.7	2.2	3.5	5.0	3.8	0.8	0.5	1.7	2.6
SUM	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100
N=	188	181	283	241	211	242	199	174	1719

Systematisk registrering av alder fins ikkje før 1822.

Vi ser at det faktisk vert fleire jamaldrande og færre ektepar der brura er mykje eldre enn mannen frå først til sist i hundreåret. Men vi finn bølgjerørsler i alle kategoriane. Det er ein topp for jamaldringane før 1840 og ein etter 1880. For

dei med brudgom 2-4 år eldre enn brura ligg nivået ganske jamnt. I 1870-åra er det topp for gruppa der brudgommen er 5-8 år eldre. Gruppene for dei mykje eldre brudgommene, 9-12 og 12 og fleire år har toppar frå midten av hundreåret og ut til 1900.

Dei litt eldre brurene, altså ektepar der brura er 2-4 år eldre enn brudgommen, har ein topp mot slutten av hundreåret. For dei andre gruppene der brura er eldre enn brudgommen ser vi for det første at tala er relativt små, og for det andre at dei held seg relativt stabile utan store toppar eller botnar nokon stad.

På grunnlag av dette materialet er det vanskeleg å seie noko om ei mentalitetssendring når det gjeld giftarmål i retning frå eit fornuftsmessig til eit romantisk syn på ekteskapet. Likevel må det strekast under at aldersskilnaden berre er ein indikator på fornuftsbyllup, og det vert vanskeleg å dra bastante konklusjonar.

Når det gjeld dei andre variablane vi undersøker, gjev stikkprøver av åra 1831–1850 og 1881–1900 ikkje særleg anna mønster korkje når det gjeld val av vigselsmånad eller val av vigselsdag for dei som gifter seg fleire gonger enn for dei vigslene der begge gifter seg for første gong.

Statusvariabelen er den einaste som viser ein skilnad mellom dei som gifter seg første gong og dei som gifter seg omatt. Husmann skil seg ut ved at dei, i mykje større grad enn andre, giftar seg fleire gonger. Dette er særleg tydeleg i dei siste tjue åra av hundreåret. Forklaringa på dette ligg dels i at folk ikkje kunne gifte seg før dei hadde eit levebrød, så når dei fekk lovnad på ein husmannsplass skunda dei seg til presten med ein gong. Der vart dei registrert som "ungkar" eller "tjener", fordi dei ikkje var blitt husmann enno. Ved neste vigsle, derimot, var brudgommen allereie husmann, og vart ført inn i kyrkjeboka med den nemninga.

3.4. KONKLUSJON.

Undersøkinga av giftarmål viste eit mykje meir nyansert biletet enn vi venta. Her var eit tradisjonsbunde samfunn når det galdt val av gifteesesong, og inga modernisering eller mentalitetsendring å finne for gifting på jonsok eller syftesok. Her var samstundes eit brot med søndag som giftedag i 1860-åra, utan at vi veit kva bakgrunnen var for det. Her var ein minkande omgifteprosent som såg ut til å ha meir med stigande levealder enn med ei mentalitetsendring i retning av eit meir romantisk syn på ekteskapet å gjere.

KAPITTEL 4. MODERNISERING I NAMNEBRUK OG NAMNETYPAR

Etter å ha sett det mangslungne biletet av tradisjon og modernisering for giftarmål, vert det spanande å sjå kva vi finn når vi analyserer data frå datasettet over dei døypte.

"Man sige ikke, at Navnet er en ligegyldig Sag". s. 87 i P.A. Munch 1849.

Munch er oppteken av modernisering han og, og i artikkelen sitatet er henta frå åtvarer han mot dei følgene moderniseringa kan få. Han er oppteken av dei negative sidene, namnetap og det han kaller "affektasjon". Han meinte at folk burde halde på dei namna som allereie fanst i slekta, og såg det som like gale om ein tok i bruk norrøne namn som utanlandske, dersom dei ikkje hadde rot i slekta. Han såg oppkalling av fornamn som ein måte å vise slektsidentitet, særleg i samfunn som ikkje hadde etternamn. Ved at sonen kalla opp sin far eller farfar ville kvar familie etterkvart få sin eigen krins namn, som ville bli særeigen for familien eller slekta, og denne namneskatten er det Munch meinte ein skulle halde oppe ved å nytte dei framfor motenamn. Munch såg det som like affektert for dei "kondisjonerte" å ta "almuenamn" som for "almuen" å ta utanlandske namn.

Det ser altså ut at ein indikasjon på modernisering i namnebruken i førre hundreåret vil vere om vi finn nye namn i ei slekt. Men sidan vi ikkje undersøker namnegiving på slektsnivå, men i heile prestegjeldet – modernisering på samfunnsnivå heller enn på individnivå – må vi halde oss til andre indikasjonar.

Ein indikasjon kan vere endringar i den totale namneskatten i Førde. Vi ventar at ei modernisering vil vise seg ved at vi finn ei større grad av utskifting i namnemassen utover hundreåret, og endringar blant dei mest populære namna, slik at namn som er populære tidleg i hundreåret vert erstatta av andre namn seinare i hundreåret.

Vi ventar at det utover i hundreåret kjem inn fleire nye namn, i større grad enn namn går ut av bruk.

Ein annan indikasjon på ei meir moderne haldning kan vere endringar i kvar namna er henta frå.

Terje Aarset har undersøkt personnamn på Sunnmøre. Han skriv:

"1800-talet er først og fremst hundreåret då Bibelen vart brukt som namnebok. Bibelske og kyrkjehistoriske namn hadde rett nok vore i bruk heile perioden etter 1500 (t.d. Per, Pål, Jon, Jens, Hans, Lars og Nils). Men parallelt med desse hadde ein nordiske, tyske og engelske namn, sjølv om dei nordiske namna etter kvart hadde tapt terreng. På 1800-talet kjem dei bibelske namna til å dominere heilt, i alle fall fram til 1880. Dette har truleg samanheng med det oppvaknande religiøse livet i Sunnmørsbygdene på denne tida." (Aarset 1976 s. 32)

Kristoffer Kruken skriv i Norsk Personnamnleksikon om korleis fordelinga av ulike namnegrupper endrar seg i tida frå reformasjonen fram mot det han kaller "den nordiske namnerenessansen", som Kruken meiner kjem omlag 1840 i byane og omlag 1890 har nådd heile landet. På side 61 har han ein tabell over namnegruppene 1781–1800 for heile landet, og derifrå saksar eg:

Nordiske namn	Kyrkjelege namn		Tyske namn	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
S. og Fj:	34.5	26.7	60.7	69.1
Vestland:	40.6	29.8	54.1	65.1
Noreg:	38.7	27.6	55.8	67.2

Frå Kruken i Norsk Personnamnleksikon 1982 s. 61

Det Kruken kallar "tyske namn" er det eg kallar "utanlandske namn", og hos meg inneheld denne gruppa også engelske, franske og nederlandske namn.

Vi ser små skilnader mellom dei tre geografiske einingane, med unnatak for kyrkjelege namn, der Sogn og Fjordane har mange fleire enn dei andre to, men det er meir interessant å merke seg kjønnsskilnadane i dei to største namnegruppene.

Kruken hevdar at utviklinga framover på 1800-talet er at dei nordiske namna i endå sterkare grad vert pressa av dei kyrkjelege, men at dei utanlandske etterkvart pressar dei kyrkjelege medan dei nordiske held stand på eit lavmål. I

slutten på hundreåret kjem den norrøne renessansen til bygdene, slik at dei nordiske namna kjem sterkare.(Kruken s.62, NPL 1982)

Dersom eg finn denne utviklinga i Førde og, vil eg ta det som eit teikn på at innbyggjarane i Førde vert meir moderne. Dels fordi dei bryt med tradisjonen som sier at oppkalling skal skje med heile namnet når dei tek kyrkjelege namn som ikkje har vore i bruk i slekta. Dels fordi den oppblomstringa i det religiøselivet som Aarset skriv om kjem gjennom nye former for religiøst liv, som misjonsforeningar og Haugianarrørsla. Korkje misjonsforeingane eller haugianarane er pr. definisjon radikale, men det nye – det "moderne" – ligg i at lekfolk organiserer seg på denne måten.

Særleg ei gruppe kvinnenamn som kjem sterkare utover på 1800-talet ser namnegranskantar på som meir moderne. Det gjeld dei kvinnenamna som er avleiringar av mannsnamn og ender på -ine/-ina/-a. Type Oline/a, Petrine/a, Fredrikka osb. Dersom vi finn ein aukande del slike namn i Førde på 1800-talet, kan vi sjå det som eit teikn på eit meir moderne tankesett.

Ein fjerde indikasjon på modernisering finn vi i bruk av dobbeltnamn. Per Seland skriv at det var det danske og svenske kongehuset som tok til med å gi barna fleire namn på 1500-talet. Seinare spreidde skikken seg til dei danske kjøpstädane omlag 1600, noko seinare til dei norske byane og til den norske landsbygda for alvor etter 1814. (Seland 1978)

Aarset skriv i Norsk Personnamnleksikon:

"Det ser ut til at dobbeltnamn kjem først i bruk i kyststrok i vest og nord, i tettstader tidlegare enn omlandet omkring. Dobbeltynamna kjem først i bruk blant kvinner, og går seinast ut av bruk i kvinnenamn. Dobbeltnamnfrekvensen er også jamt over høgst for kvinner." (NPL 1982 s. 89)

Så derfor vil vi undersøke dobbeltnamnfrekvensen.

4.1. NAMNETOPPEN

La oss først sjå på endringar i namneskatten i Førde. Vi vel ut dei ti mest populære namna for kvart kjønn og ser på endringane der. Vi undersøker og kor stor del av namna som vert skifta ut i kvar tiårsbolk, altså prosent av namna som kjem inn og går ut. For den første og den siste tiårsbolken manglar vi fullgødt samanlikningsgrunnlag, så her ser vi berre på kor mange namn som går ut (1800–1810) eller kjem inn (1890–1900). Det er viktig å merke seg at "inn" tyder nye namn i høve til forrige periode, medan "ut" er dei namna som er med i den aktuelle perioden, men ikkje i neste.

1801 - 1809

Total: 375 (186 j, 189 g)	Tal jentenamn : 51	Ut: 10
	Tal gutenamn : 55	Ut: 13

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	31	16	Ole	35	18.5
2: Oline	14	7.5	Anders	20	10.5
3: Johanne	12	6.4	Johannes	12	6.3
4: Helene	11	6.0	Mads	10	5.3
5: Marta	10	5.4	Lars	9	4.7
6: Brita	8	4.3	Nils	8	4.2
7: Pernille	6	3.2	Peder	5	2.6
8: Nelle	5	2.6	Rasmus	5	2.6
9: Synneve	5	2.6	Elias	5	2.6
10:			Helge	4	2.1

1810 - 1819

Total: 589 (303 j, 286 g)	Tal jentenamn : 57	Inn: 16	Ut: 11
	Tal gutenamn : 59	Inn: 14	Ut: 14

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	52	17.1	Anders	32	11.1
2: Oline	21	6.9	Ole	31	10.8
3: Johanne	19	6.2	Johannes	24	8.4
4: Rakel	19	6.2	Nils	16	5.5
5: Martha	14	4.6	Ludvik	13	4.5
6: Brite	14	4.6	Mads	13	4.5
7: Lovise	10	3.3	Lars	12	4.2
8: Ingeborg	10	3.3	Andreas	9	3.1
9: Synneve	9	2.9	Kristian	8	2.8
10: Alet	8	2.6	Rasmus	7	2.4

1820 - 1829

Total: 759 (375 j, 385 g)	Tal jentenamn : 64	Inn: 18	Ut: 25		
	Tal gutenamn : 60	Inn: 15	Ut: 12		
<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	60	16.0	Ole	50	13.0
2: Oline	40	10.6	Anders	31	8.7
3: Karoline	18	4.8	Andreas	29	7.5
4: Lovise	18	4.8	Johannes	26	6.7
5: Johanne	17	4.5	Nils	22	5.7
6: Martha	17	4.5	Kristian	21	5.4
7: Rakel	16	4.3	Lars	16	4.1
8: Helene	15	4.0	Mads	15	3.9
9: Inger	11	2.9	Ludvig	14	3.6
10:			Rasmus	11	2.8

1830 - 1839

Total: 894 (414 j, 480 g)	Tal jentenamn : 57	Inn: 18	Ut: 18		
	Tal gutenamn : 60	Inn: 13	Ut: 10		
<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	68	16.4	Ole	62	12.9
2: Oline	55	13.3	Andreas	44	9.1
3: Johanne	32	7.7	Nils	35	7.3
4: Helene	25	6.0	Johannes	33	6.8
5: Rakel	22	5.3	Anders	26	5.4
6: Martha	21	5.1	Ludvig	22	4.5
7: Lovise	20	4.8	Mads	18	3.7
8: Kristine	12	2.9	Kristian	16	3.3
9: Nelle	11	2.6	Martinus	14	3.0
10:			Rasmus	13	2.7

1840 - 1849

Total: 954
(448 j, 506 g)

Tal jentenamn : 68 Inn: 26 Ut: 20
Tal gutenamn : 67 Inn: 17 Ut: 13

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	93	20.7	Andreas	58	11.4
2: Oline	53	11.8	Ole	56	11.0
3: Rakel	25	5.6	Johannes	30	5.9
4: Helene	25	5.6	Anders	27	5.3
5: Johanne	23	5.1	Nils	25	4.9
6: Karoline	16	3.5	Kristian	24	4.7
7: Marta	14	3.1	Henrik	23	4.5
8: Lovise	13	2.9	Martinus	19	3.7
9: Severine	11	2.4	Reinhard	18	3.5
10: Nikoline	10	2.2			

1870 - 1879

Total: 866
(451 j, 415 g)

Tal jentenamn : 70 Inn: 27 Ut: 23
Tal gutenamn : 69 Inn: 20 Ut: 20

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	85	18.8	Ole	58	13.9
2: Oline	55	12.2	Andreas	50	12.5
3: Helene	20	4.4	Matias	23	5.5
4: Rakel	18	4.0	Johannes	19	4.5
5: Nikoline	17	3.7	Ludvik	19	4.5
6: Johanne	16	3.5	Karl	17	4.1
7: Lovise	15	3.3	Nikolai	16	3.8
8: Marie	14	3.1	Anders	14	3.3
9: Severine	14	3.1	Nils	14	3.3
10: Inger	13	2.9	Rasmus	13	3.1

1850 - 1859

Total: 979
(492 j, 487 g)

Tal jentenamn : 70 Inn: 25 Ut: 22
Tal gutenamn : 66 Inn: 12 Ut: 18

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	115	23.3	Andreas	59	12.1
2: Oline	46	9.3	Ole	52	10.6
3: Helene	35	7.1	Martinus	28	5.7
4: Johanne	23	4.6	Anders	27	5.5
5: Nikoline	23	4.6	Johannes	23	4.7
6: Karoline	21	4.2	Nils	23	4.7
7: Lovise	18	3.6	Henrik	22	4.5
8: Rakel	14	2.8	Ludvig	17	3.4
9: Inger	12	2.4	Kristian	16	3.3
10: Nelle	11	2.2	Gunder	13	2.6
11:			Helge	13	2.6

1880 - 1889

Total: 956
(485 j, 475 g)

Tal jentenamn : 75 Inn: 26 Ut: 24
Tal gutenamn : 76 Inn: 27 Ut: 18

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	91	18.7	Ole	63	13.3
2: Oline	50	10.3	Andreas	60	12.7
3: Nikoline	27	5.5	Matias	37	7.8
4: Marie	23	4.7	Johannes	21	4.4
5: Marta	19	3.9	Nikolai	20	4.2
6: Lovise	17	3.5	Lars	14	3.0
7: Inga	16	3.3	Henrik	13	2.7
8: Kristine	15	3.1	Kristoffer	12	2.5
9: Johanne	13	2.7	Johan	12	2.5
10: Birgitte	13	2.7	Anders	11	2.3
11: Rakel	13	2.7			

1860 - 1869

Total: 951
(489 j, 462 g)

Tal jentenamn : 65 Inn: 18 Ut: 15
Tal gutenamn : 65 Inn: 19 Ut: 18

<u>Jentenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>	<u>Gutenamn</u>	<u>N</u>	<u>%</u>
1: Anne	120	24.5	Andreas	70	15.1
2: Oline	71	14.5	Ole	50	10.8
3: Nikoline	23	4.7	Johannes	30	6.5
4: Helene	22	4.5	Ludvig	20	4.3
5: Johanne	21	4.2	Anders	18	3.9
6: Lovise	18	3.6	Kristian	16	3.4
7: Karoline	17	3.5	Johan	14	3.0
8: Kristiane	15	3.0	Matias	14	3.0
9: Inger	14	2.8	Henrik	13	2.8

1890-1900

Total: 759
(388 j, 371 g)

Tal jentenamn : 88
Tal gutenamn : 78

Inn: 38
Inn: 19

Jentenamn	N	%	Gutenamn	N	%
1: Anne	56	14.4	Ole	46	12.4
2: Oline	34	8.7	Andreas	23	6.2
3: Marie	27	7.0	Johannes	20	5.3
4: Inga	17	4.3	Karl	16	4.3
5: Johanne	15	3.8	Nikolai	16	4.3
6: Nikoline	14	3.6	Martinus	15	4.0
7: Kristine	13	3.3	Albert	15	4.0
8: Lovise	13	3.3	Kristian	15	4.0
9: Hilda	11	2.9	Anton	13	3.5
10: Marta	11	2.9	Johan	13	3.5

Vi har ei kjernegruppe på 35 namn som er med heile tida. Dette er namn som Anne, Oline, Anders, Haldor, Helene, Andreas osb. Så har vi 123 namn som berre er brukt i eit tiår. Mellom desse to ytterpunktta ligg resten: 22 namn er i bruk i 9 tiår, 14 i 8, 19 namn i 7 tiår, 14 i 6, 9 namn i 5 tiår, 25 i 4, 28 namn i tre tiår og 44 namn i to tiår.

Anna og Oline er dei to absolutt mest populære jentenamna, dei ligg på første og andre plass heile hundreåret gjennom. Johanne er også med blant dei ti mest populære heile tida, men veksler mellom 3. og 9. plass. Stort sett ligg namnet over 6. plass. Så er Lovise med 9 gonger, på 7. til 9. plass, men med ein snartur oppom 4. plass. Namna Helene, Marta og Rakel er med 7. gonger kvar, Nikoline er med 6. gonger.

Det er ialt 22 jentenamn som er innom "ti-på-topp-lista" vår. Dei fleste av dei som er med ein eller to gonger er namn som kjem inn og går ut att langt nede på lista. Men vi fangar opp eit namn som kan vere eit motenamn – eit namn som er svært populært i kort tid – nemleg Karoline, som kjem inn på tredje plass i 1820-åra med 18 jenter med det namnet.

Dersom vi definerer eit motenamn som eit namn som er svært populært i nokre få år, vil vi kunne fange nokre av dei opp dersom dei, som Karoline, kjem høgt opp på lista av dei ti mest brukte. Grensa ved å sjå på dei ti mest brukte er såpass lav at det ikkje er nok å seie at dei som kjem inn på lista og forsvinn ut

att er motenamn. Men sidan vi brukar ei tiårsinndeling, vil vi ikkje fange opp alle utslag av motenamn, fordi eit namn kan vere svært populært t.d. i 1858, 59, 60, 61 og 62, og dermed få to registreringar med relativt lave tal. Men det å studere alle namn over ein periode på 100 år er ikkje eit emne for denne oppgåva !

Vi såg at det var 22 jentenamn innom dei ti mest populære. Det er 25 gutenamn, Ole er det mest populære – veksler mellom første og andre plass. Johannes er og med alle ti hundreåra, ligg på tredje og fjerde plass. Anders og Andreas er begge med i ni tiårsbolkar, Anders er mest populær tidleg i hundreåret og veksler med Ole på å vere mest populær, men forsvinn heilt ut av lista i 1890-åra. Andreas dukkar opp på lista mellom 1810 og 1820, på ein åttande plass, og vert stendig meir populær utover i hundreåret, veksler mellom første og andre plassen med Ole frå 1840-åra. Nils og Kristian er namn som er med 7 gonger kvar.

Vi ser den same tendensen her som for jentene, at dei fleste namna som kjem inn og dett utatt ligg langt nede på lista. Andreas kan vere eit motenamn, men held seg i så fall moderne lenge, Matias kan vere eit anna, hoppar frå 8. plass i 1860-åra til 3. plass i 1870 og 80-åra.

Materialet frå "namnetoppen" gjev meg ein indikasjon på at namnemassen tidleg i hundreåret ikkje var så stabil som ein kanskje skulle tru, og dermed vert ikkje utviklinga, moderniseringa – så tydeleg som ein skulle vente heller.

Vi ser den same tendensen i kor stor del av namnemassen i kvar tiårsbolk som er ny. Samanlikna med tiåret før, er 28 % av jentenamna og 23 % av gutenamna nye for tida 1810 til 1819. For neste tiår er 28 % av jentenamna og 25 % av gutenamna nye. Desse tala aukar for jentenamna fram til 1850-åra til 35, og svingar mellom 25 og 18 % for gutenamna i same periode. I neste tiår tek gutane seg opp att til 29 %, 28 i 1870-åra og 35 % i 1880-åra. Jentene ligg på 27 % nye namn i 1860-åra, 38 % i 1870-åra og 34 % i 1880-åra. I 1890-åra eksploderer innovasjonen for jentenamn, vi finn heile 43 % nye namn, medan gutenamna er tilbake på 28 %.

Vi ser altså fleire tendensar i dette namnematerialet. Vi ser at namnemassen veksler ganske mykje, namn går inn og ut av bruk heile hundreåret gjennom. Jentenamna er dei som har den høgaste innovasjonsprosenten, stort sett

gjennom heile hundreåret. I 1890-åra ser vi endå meir innovasjon i namnemassen for jenter.

Ein annan tendens vi ser, er at ein er meir konservativ når ein gjev namn til gutter; svingingane i namnemassen kjem først for jentenamn.

Likevel er dei to mest populære namna for jenter meir populære enn dei to mest populære gutenamna. Dette viser seg særleg tydeleg i 1860-åra, då 40 % av dei som døyper jenter kallar dei Anne (25 %) eller Oline (15 %). Vi har ikkje noko som liknar for gutenamn.

4.2. NAMNEGRUPPER

I dette avsnittet undersøker eg kva namnegrupper namna til alle barn som er døpte i Førde mellom 1800 og 1900 hører heime i. Eg støtter meg på Norsk Personnamnleksikon, og har delt namna inn i følgande grupper:

Kyrkjelege: Namn som kjem frå hebraisk og som er kjende frå Bibelen. Dette gjeld t.d namn som Elias og Moses, men også namn som Per, Anne, Anders og alle nydanningar som har desse namna som grunnlag. Også ein del namn som kjem frå gresk eller latin. Døme: Margareta, Lydia, Augusta, Alexander og alle nydanningar. Dette er namn frå helgenkalenderen.

Nordiske: Namn som Ole, Tor, Erik, Astrid, Inga og alle nydanningar på bakgrunn av nordiske og norrøne namnelekkar.

Utanlandske: Namn frå engelsk, keltisk, irsk, tysk, fransk eller nederlandsk, som Reinhard, Richard, Oskar, Jannike og nyare kjæleformer som Lina, Nanna osb.

Veit ikkje gjeld dei namna eg ikkje finn forklart i Norsk Personnamnleksikon.

Etter Kruken skal dei kyrkjelege namna vere i fleirtal gjennom heile hundreåret med auke rundt midten av hundreåret. Dei nordiske namna skal vere på eit lavmål, men kome sterkare heilt på slutten av hundreåret. Dei utanlandske namna får og etterkvart ei lita auke. (NPL s. 62)

Er dette stoda i Førde og?

TABELL 4.2.1: NAMNEGRUPPER FORDELT PÅ TIÅR 1800-1900 FOR MENN.

GRUPPER	1801 - 09	1810 - 19	1820 - 29	1830 - 39	1840 - 49	1850 - 59	1860 - 69	1870 - 79	1880 - 89	1890 - 1900	SUM
Kyrkje.	58.6	63.3	64.4	59.1	63.3	63.2	65.5	63.0	60.0	46.5	60.9
Nordisk	29.6	21.3	22.1	25.0	21.7	21.9	21.2	25.0	22.8	31.0	24.2
Utanl.	11.1	14.0	11.9	15.6	14.2	14.8	13.2	11.5	16.9	22.1	15.3
Veit i.	0.5	0.3	1.3	0.2	0.6	0.0	0.0	0.2	0.0	0.2	0.3
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	189	290	384	480	506	487	462	415	471	371	4051

TABELL 4.2.2: NAMNEGRUPPER FORDELT PÅ TIÅR 1801-1900 FOR KVINNER

GRUPPER	1801 - 09	1810 - 19	1820 - 29	1830 - 39	1840 - 49	1850 - 59	1860 - 69	1870 - 79	1880 - 89	1890 - 1900	SUM
Kyrkje.	56.9	58.3	51.4	59.0	62.9	62.1	59.6	63.1	60.7	53.8	58.5
Nordisk	19.9	18.8	25.8	24.1	22.0	22.3	25.1	22.6	24.1	27.8	23.3
Utanl.	17.2	18.4	16.8	15.4	12.7	13.9	13.6	12.4	13.6	17.0	15.1
Veit i.	5.9	4.2	4.8	1.2	2.2	1.4	1.4	1.7	1.4	1.2	2.5
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	186	303	371	414	448	492	489	451	485	388	4027

Skilnaden i høve til tabellen på første sida av dette kapittelet, den frå s. 61 i NPL som omhandlar namnegrupper 1791-1800 treng ikkje berre skuldast at den tabellen er før og mine tabellar er etter hundrearsskiftet. Det at Kruken opererer med fleire kyrkjelege og færre utanlandske namn kan skuldast at Kruken, som er ekspert og kjenner røtene til namna, har klassifisert ein del namn som kyrkjelege, medan eg har klassifisert dei som utanlandske.

Uansett er tendensen frå Kruken sin tabell ulik mine. Før 1800 (Kruken sin tabell) er det flest menn som har nordiske namn og flest kvinner som har kyrkjelege namn. Etter hundråret (tabell 4.2.1 og 4.2.2) har menn fleirtal på både kyrkjelege og nordiske namn, medan kvinnene har flest "veit-ikkje". For dei utanlandske namna er det nesten ikkje skilnad på kvinner og menn, korkje før eller etter 1800. Skilnadane er svært små, mellom ein og tre prosent.

Utviklinga etter 1800 for menn, er at dei kyrkjelege namna er i fleirtal heile hundråret, med topp i midten av hundreåret og ein nedgang att 1880–1900. Vi finn frekvensar på mellom 58–65 % før 1890, og 46 % etter. Dei nordiske namna har omlag ein firedel heile vegen, og dei utanlandske auker frå 12 – 22 %, men ikkje jamt, vi finn ein nedgang 1860–79.

For kvinner har dei kyrkjelege namna ein auke fram mot 1880 – 90, så går frekvensen ned att. Dei nordiske auker frå 19 til 26 %, og dei utanlandske minker, spesielt i midten av hundråret, før dei får ein liten oppgang att etter 1880.

Vi kan altså førebels konkludere med at Kruken sine funn frå andre stader i landet ser ut til å stemme med Førde.

4.3. NAMNEGRUPPER FOR NYE NAMN

Når vi no har innført omgrepet namnegrupper, kan vi bruke det for å finne innovasjon i namnematerialet. Eg vil undersøke kva namnegrupper dei ulike nye namna høyrer til. Eg definerer nye namn som nye namn i høve til den forrige tiårsbolken. Det ville kanskje ha vore rettare å definere dei som namn som ikkje har vore i bruk før, men med eit tidsspenn på berre 100 år gjev det ikkje noko særleg mening. Tidsspranget er for lite til å kunne vurdere om namna verkeleg er nye, eller om dei var i bruk på 1700-talet.

For denne analysen vil det vere fruktbart å dele namnegruppa "kyrkjelege" inn i reine bibelnamn, helgennamn og endra namn, i tillegg til dei utanlandske og nordiske namna vi har frå før. Dersom vi skal sjå etter mentalitesendring må vi skilje mellom dei namna folk reknar som kyrkjelege eller bibelske, som Adam, Eva, Maria, Jesaia, Paulus osb og dei endra namna som har vore så lenge i bruk at dei ikkje kjennes framande lenger, men gode, tradisjonelle namn. Dette

gjeld namn som Lars og Nils, Eli, Maren og Lene, men og namn som Josefine og Pauline. Helgennamna kjem mellom desse namna og dei reint utanlandske, og desse gruppene vil nok stundom gå over i einannan.

Ei mentalitesendring her i retning av val av meir moderne namn på barn vil truleg vise seg ved at helgennamna og dei endra namna i mindre grad vil kome inn som nye utover hundreåret, nyinnkomne bibelnamn får ein topp rundt 1860, dei utanlandske vil svinge, dei nordiske vil vere lave, men få ein topp mot slutten av hundreåret.

TABELL 4.3.1: NAMNEGRUPPER FORDELT PÅ TIÅR. KVINNER

	1810- 1819	1820- 1829	1830- 1839	1840- 1849	1850- 1859	1860- 1869	1870- 1879	1880- 1889	1890- 1900	SUM
Nord.	6.2	11.0	5.8	3.8	12.0	27.5	33.3	22.9	34.2	17.4
Utanl.	6.2	11.0	17.4	42.3	24.0	16.5	22.2	34.4	39.4	23.7
Bibel.	6.2	5.5	17.4	3.8	8.0	5.5	3.7	7.2	5.2	8.2
Endra	50.0	27.0	41.1	15.3	32.0	27.5	25.9	19.1	7.8	27.3
Helg.	14.7	22.0	5.8	19.1	16.0	5.5	11.1	7.2	10.4	12.4
Veit i	12.5	4.0	11.6	15.3	8.0	16.5	3.7	7.2	2.6	9.0
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	16	18	17	26	25	18	27	26	38	211

TABELL 4.3.2: NAMNEGRUPPER FORDELT PÅ TIÅR. MENN

	1810-	1820-	1830-	1840-	1850-	1860-	1870-	1880-	1890-	SUM
	1819	1829	1839	1849	1859	1869	1879	1889	1900	
Nord.	28.4	33.3	38.0	11.6	8.3	36.8	45.0	33.3	68.4	33.6
Utanl.	14.2	0.0	38.0	29.0	33.3	20.4	25.0	40.7	15.6	22.8
Bibel.	14.2	33.3	0.0	23.2	8.3	10.4	15.0	7.4	0.0	12.4
Endra	14.2	20.0	23.0	17.4	8.3	15.6	0.0	7.4	5.2	12.3
Helg.	21.3	6.6	0.0	11.6	41.6	15.6	10.0	11.1	10.4	14.2
Veit i.	7.1	6.6	0.0	5.8	0.0	0.0	5.0	0.0	0.0	2.7
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	
N=	14	15	13	17	12	19	20	27	19	156

For 1810–1819 er det 12 avleidingsnamn i bruk for kvinnene, og det dekker 18 %. Oline har 6.93 %, Johanne 6.27 %.

Mellom 1820–29 fekk 25.5 % av kvinnene avleidde mannsnamn, det var 17 namn i bruk i Førde. Oline står for vel 10 % og Johanne for vel 5 %.

1830–39 har 13 kvinnenamn som er avleidde mannsnamn, og 32 % av kvinnene får slike namn i dåpen. Oline står her for 13 %, Johanne for 7.7 %.

Mellom 1840–49 er det 16 avleidde mannsnamn som vert gjeve til kvinner i dåpen, 27.5 %, og av dei er det 12 % som heiter Oline og 5 % som heiter Johanne.

I perioden 1850–1859 ser vi 21 kvinnenamn som er avleidde av mannsnamn i bruk i Førde, 28.5 % får slike namn, Oline får 9.3 % og Johanne 5 %.

Det er og 21 namn i bruk mellom 1860–69, 33.5 % får slike namn. 14.2 % får Oline og 4.3 % Johanne.

Stoda er omlag lik mellom 1870 og 79, vi har 20 namn i bruk, 34.5 %, Oline står for 12.2 %, Johanne for 3.5 %.

I 1880–åra er det 23 avleidde namn i bruk, dei vert gjevne til 33 % av dei døypte og av desse er det 10 % som heiter Oline og 2.7 % som heiter Johanne.

Og i den siste tiårsbolken er det 33 % av jentene som får avleidde namn, Oline står for 9 %, Johanne står for 4 %. Det er 21 namn i bruk.

Det ser altså ut til at vi finn ein aukande tendens til bruk av avleidde mannsnamn på kvinner utover i hundråret, med stendig fleire namn tekne i bruk for ein stendig større del av dei døypte jentene.

Vi ser også at bruken av Oline og Johanne former ei bølgerørsle, frå å vere brukt av 50 til 75 % av dei som gjev avleidde namn før 1850, står desse to namna etter 1850 for under halvparten av dei som gjev avleidde namn. Det viser at

Vi ser her at hypotesa om korleis mønsteret vil sjå ut berre delvis held stikk. Både for menn og kvinner går delen med helgennamn og endra namn ned, men ikkje i ei tilnærma rett linje. For begge kjønn går delen nye nordiske namn opp, men det svingar underveis her og.

Nyinnkomne bibelnamn har ein topp i 1820–åra for menn og i 1830–åra for kvinner, og nye utanlandske namn svingar.

4.4. AVLEIDDE NAMN

Kristoffer Kruken skriv om avleidingar:

"Blant kvinnenamna er avleidningstypene fleire og moten langt sterkare.(..) Storparten av -ina-namna er likevel laga av mannsnamn. Mange slike avleidingar har truleg kome i bruk gjennom oppkalling med ein del av namnet eller berre med førebokstaven, med di dette systemet til skilnad frå fullnamnsoppkallinga nettopp gjorde det mogleg å kalle opp over kjønnsgrensa." (NPL s. 63)

Ein indikasjon på modernisering kan altså vere ei auke i bruken av avleidde namn.

Dersom vi undersøker bruken av avleidde namn ser vi at vi i perioden 1800–1809 finn 9 kvinnenamn som er avleidningar av mannsnamn, tilsaman 20.44 %. Oline stod for 7.53 %, og Johanne for 6.45 %.

auken er reell, og ikkje berre heng saman med at Oline var eit mykje bruktnamn.

Vi kan altså seie at undersøkinga av Førde viser ei modernisering i samsvar med det ein har funne i andre bygdelag, og som er referert i NPL.

Kan vi finne ei liknande utvikling for den fjerde indikatoren, nemleg ein auka bruk av dobbeltnamn?

4.4 DOBBELTNAMN

"(..) Det ser ut til at dobbeltnamn kjem først i bruk i kyststrøk i vest og nord, i tettstader tidlegare enn i omlandet omkring. Dobbelt namna kjem først i bruk blant kvinner og går seinast ut av bruk i kvinnenamn. Dobbelt namnfrekvensen er også jamt over høgast for kvinner." Terje Aarset i Stemshaug (1982) s. 89.

Undersøkingar som Aarset referer til, (same stad), viser at dobbeltnamn, altså kombinasjonen av to namn, som Gry Hilde, Siv Ingrid, Astrid Ingebjørg, Johan Marius, Jan Øyvind o.l., stort sett kom i bruk på 1800-talet, mellom 1760-åra for dei tidlegaste (Hadsel) og 1901 for Hardanger.

Ut frå dette venter vi at Førde skal ha høgast dobbeltnamnfrekvens for kvinner, og at han vert høg for kvinner tidlegare enn for menn.

TABELL: 4.4.1: DOBBELTNAMN OG ENKELTNAMN FOR MENN FORDELT PÅ TIÅR.


	1800	1810	1820	1830	1840	1850	1860	1870	1880	1890	
	- 09	- 19	- 29	- 39	- 49	- 59	- 69	- 79	- 89	1900	SUM
Dobbelt	19.1	32.9	44.8	58.1	66.6	74.5	78.8	80.7	72.1	66.5	63.4
Enkelt	80.9	67.1	55.2	41.9	33.4	25.5	21.2	19.3	27.9	33.5	36.6
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	
N=	188	286	382	473	506	482	463	415	459	400	4054

TABELL 4.4.2: DOBBELTNAMN OG ENKELTNAMN FOR KVINNER FORDELT PÅ TIÅR.

	1800	1810	1820	1830	1840	1850	1860	1870	1880	1890	
	- 09	- 19	- 29	- 39	- 49	- 59	- 69	- 79	- 89	1900	SUM
Dobbelt	53.5	55.1	58.8	68.2	73.0	81.3	77.3	83.5	76.9	72.6	72.0
Enkelt	46.5	44.9	41.2	31.8	27.0	18.7	22.7	16.5	23.1	27.4	28.0
SUM:	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N=	187	303	376	421	448	497	488	449	498	409	4110


I figur 4.4.1 og 4.4.2 ser vi nærmere på desse to tabellane grafisk framstilt.

FIGUR 4.4.1: GRAFISK FRAMSTILLING AV FORHOLDET MELLOM ENKELTNAMN OG DOBBELTNAMN FOR MENN, BASERT PÅ TABELL 4.4.1



Enkeltnamn Dobbeltnamn

FIGUR 4.4.2: GRAFISK FRAMSTILLING AV FORHOLDET MELLOM ENKELTNAMN OG DOBBELTNAMN FOR KVINNER, BASERT PÅ TABELL 4.4.2



Enkeltnamn Dobbeltnamn

Vi ser her at kvinner har ein høgare dobbelnamnsfrekvens enn menn og at frekvensen vert høgare tidlegare for kvinner enn for menn.

4.5. KONKLUSJON

Konklusjonen må bli at namnebruken i Førde ikkje skil seg ut frå andre stader i landet på same tid i vesentleg grad, korkje når det gjeld namnegrupper, avleidde namn eller dobbelnamn. Det vil alltid finnast små skilnader bygdelaga imellom.

Vi veit ikkje korleis rørslene i namnemassen er for andre bygder, men for Førde kjem relativt mange nye namn i bruk i kvar tiårsbolk. Nye namn for jenter er flest tidlegast. Vi ser og at det berre er seks namn som er med blant dei tjue mest brukte heile århundret gjennom, både for tre av dei ti mest brukte gutenamna og tre av dei ti mest brukte jentenamna. Det er likeeins berre 35 namn som er brukte i alle tiårsbolkane, medan det er 123 namn som berre er i bruk i ein tiårsbolk.

Når det gjeld namnegruppene, ser vi som hovuddrag at dei kyrkjelege namna er i fleirtal gjennom heile hundreåret med auke rundt midten av hundreåret for både kvinner og menn. Dei nordiske namna vert gjeve til 20–25 % av døypte barn, litt fleire menn enne kvinner, og kjem litt sterkare heilt på slutten av hundreåret. Dei utanlandske namna får og etterkvart ei lita auke mor slutten av hundreåret, men har ein liten nedgang i midten.

Vi ser og at dei avleidde mannsnamna kjem meir i bruk på kvinner utover hundreåret, og at dobelnamnfrekvensen aukar, sterkest og tidlegast for kvinner.



Barn i 1890-åra.

Fotograf: Ukjend.

Billedsamlinga, Universitetsbiblioteket i Bergen.

KAPITTEL 5. OPPKALLING.

I forrige kapittel fann vi ei ganske stor utskifting i namnemassen, noko vi tolka som eit utslag av modernisering. Denne utskiftinga reiser den første tvilen om oppkallingsreglane har vore slavisk følgde. Dersom det kjem inn mange nye namn i ein periode, kan det sjølvsagt skuldast ei stor innflytting, der mange nye folk kjem til og har sin namneskatt med seg. Men som vi såg i innleiingskapittelet, hadde ikkje Førde spesielt stor innflytting i desse åra.

Då er innovasjon blant dei som bur i Førde ei meir sannsynleg forklaring, men då kan dei ikkje halde seg strengt til oppkalling av forfedre og formødre, fordi det ikkje gjev rom for å ta i bruk nye namn.

Korkje namnegranskurar eller historikarar har vore særleg oppteken av endringar i bruken av faste oppkallingsreglar. Det vert nemnt av einskilde bygdebokfotfattarar, og mønsteret dei beskriv er heilt klart og eintydig og stor sett det same for alle delar av Sør-Noreg.

- Eldste son vart oppkalla etter farfar, og nesteldste etter morfar. Unnatak her som er nemnde er dersom garden kom frå kona si ætt, eller kona si ætt vart rekna for gjevare.
- Eldste dotter etter farmor og nesteldste etter mormor. Unnatak her: dei døde vart oppattkalla etter dei levande, og enkemenn kalla første dottera opp etter den avlidne kona.
- Oppgifta enker kalla ein av sönene opp etter den avlidne mannen.
- Avlidne søskan til foreldra skulle kallast opp att, og andre slektningar som døydde på same tid som bornet vart fødd.
- Farfar kunne kallast oppatt fleire gonger.

Av forskinga som er gjort på oppkalling, ikkje kyrkjebøker nyttta som kjeldemateriale for perioden 1800 – 1900.

Gudlaug Nedrebø Horgen undersøker besteforeldreoppkalling i 1801-folketeljinga. Ho skriv m.a.: "Eg trur det går an å trekke den konklusjonen at farmors stilling i oppkallingstradisjonen må vere overvudert." (s 111 i Horgen 1985)

Eli Fure undersøker familiar i Asker og Bærum ut frå folketeljingane 1801, 1835 og 1865. Ho undersøker korleis bestefedrene vert oppkalla i familiar med minst to søner, og finn at 39 % av familiene i 1801 og 13 % av familiene i 1865 kallar opp begge bestefedrene. For dei som ikkje kallar opp nokon søner er tala 11 % i 1801 og 45 % i 1865. Ho finn også ein skilnad i oppkallingsmønster i gardbruker- og husmannsfamiliar. (Fure 1990)

Hallgerd Aune nemner desse hovudreglane for oppkalling fram mot århundreskiftet:

- "1. Ein kallar att same namnet, direkte attkalling.
2. Barnet får sjeldan meir enn eitt namn. (Berre ein person er attkalla i gongen.)
3. Attkalling følgjer kjønna. Hokjønn blir attkalla etter hokjønn, hankjønn etter hankjønn.
4. Foreldra til faren blir attkalla først, deretter foreldra til mora." (s. 62 i Stemshaug 1981)

Per Seland (1975) har to grunnreglar og fire særreglar:

- "Grunnreglene
1) Oppkalling etter besteforeldre
2) Oppkalling etter oldeforeldre

- Særreglene
1) Oppkalling av tidligere ektefeller
2) Navngiving av barn født eller døpt etter farens eller morens død
3) Navngiving av barn født utenfor ekteskap
4) Sjeldnere avvikeler" (s. 103)

Seland seier at søskan til foreldra aldri skulle kallast opp, der det såg sånn ut skuldast det at det var oldeforeldra som vart kalla opp og dei var besteforeldra til søskena til foreldra. Besteforeldra var i første rekke, og oldeforeldra i andre.

Han nemner særreglane til å vere at tidlegare ektefeller skulle kallast opp i det første barnet av same kjønn. Barn fødd eller døypt etter faren eller mora sin død skulle kallast opp etter den avlidne. Barn fødd utanfor ekteskap vart oppkalla litt ulikt, etter tilhøvet mellom foreldra. (Om faren erkjende farskapen, eller om dei skulle gifte seg seinare.) Blant dei sjeldnare avvika nemner Seland tilfelle der foreldra anten overtok garden etter mora sine foreldre eller andre slektnigar. (Seland 1975)

Ottar Stemshaug skriv:

"(...), så er det fordi det utover 1800-talet voks fram ein ny oppkallingsskikk (...): Det var oppkalling ved alliterasjon. Heitte farfaren Ola, kunne sonesonen bli kalla Oddmund utan at folk med det hadde ei kjendle av at dei braut oppkallingsreglane." (NPL s. 30)

La oss granske oppkallinga nærmere. Eg vel å gjere det i tre stadier. Først granskar eg oppkalling på det vi kan kalle personnivå, altså oppkalling sett i samanheng med foreldre, besteforeldre og oldeforeldre. Det vert ei relativt enkel analyse, som stiller mindre krav til kontekst. Deretter ser eg på oppkalling i søskenslaget, der eg i tillegg til forfedrene dreg inn søskens, og vurderer korleis foreldra vel namn til sine barn. Begge desse undersøkingane ligg i dette kapittelet, og brukar data for dei same 333 familiene. I neste kapittel undersøker eg oppkalling i søskensbarnslaget, og nærgranskars nokre få familiar.

Datamaterialet for denne delen av granskinga gjev grunnlag for å undersøke følgande spørsmål:

– Kven vart dei ulike sønene oppkalla etter? Vi undersøker dei fire eldste barna av kvart kjønn, og venter å finne at farfar vert kalla opp i den eldste sonen, morfar i den nesteldste, og oldefedrene i dei to etterpå, dersom ikkje mora har vore gift før og skal kalle opp den tidlegare mannen sin i den eldste sonen. Moderniseringa venter vi vil vise seg ved at det rigide mønsteret vert svekka utover i hundreåret.

– Kven vart døtrene oppkalla etter? Vi ventar å finne at døtrene vert kalla opp etter same mønster. I tråd med G.N. Horgen ventar vi at bestemoroppkallinga vil

vere svakare enn bestefedreoppkallinga, og at ho vert endå svakare utover hundreåret.

– Korleis er samanhengen mellom kjønnet til barnet og den som er oppkalla? Vi venter å finne at det tidlege mønsteret vil vere at oppkallinga følger kjønna, hankjønn vert oppkalla etter hankjønn og hokjønn etter hokjønn, men at dette vil endre seg utover i hundreåret.

– Korleis skjer oppkallinga, med heilt namn eller forbokstav? Vi venter å finne at graden av alliterasjon, forbokstavsoppkalling, auker utover i hundreåret.

5.1. OPPKALLING GRANSKA PÅ PERSONNIVÅ

Databasen inneholder 1766 personar fødde mellom 1800–1900. I tabell 5.1.1 ser vi fordelinga på tiår.

TABELL 5.1.1: FØDSLAR FORDELT PÅ TIÅR

TIÅR	ANTALL	%
1800–1809	49	2.8
1810–1819	138	7.8
1820–1829	141	8.0
1830–1839	188	10.6
1840–1849	190	10.8
1850–1859	233	13.2
1860–1869	240	13.6
1870–1879	202	11.4
1880–1889	239	13.5
1890–1900	147	8.3
SUM=	1766	100.0

SØNER

Tradisjonen, og ein del forskarar basert på tradisjonen, seier at eldste son skal vere oppkalla etter farfar, med unnatak for tidlegare mann der mora har vore gift før. Eldste son kan og verte oppkalla etter morfar dersom familien overtek hans gard, eller morfars familie vert rekna for gjevare.

I tabell 5.1.2 ser vi på kven eldste sønene er oppkalla etter. Eldste son betyr den som er eldst når han sjølv vert fødd. Han kan altså ha hatt fleire eldre brør som er døde før han vert fødd. Dersom dei er døypte i Førde eller nemnde i bygdeboka vil dei og vere med her under eldste son.

TABELL 5.1.2: ELDSTE SØNER FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER. HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farfar	154	50.2
Morfar	43	14.0
Oldefar	25	8.1
Farmor	2	0.7
Mormor	5	1.6
Bestemødre	1	0.3
Mor	1	0.3
Tidlegare mann	1	0.3
Tidlegare kone	2	0.7
Farbror	4	1.3
Andre	3	1.0
Ikkje oppkalla	43	14.0
Veit ikkje	23	6.4
SUM=	307	100.0

Vi ser her at av dei 307 eldste sønene vi har registrert, er halvparten kalla opp etter farfar. Morfar og "ikkje oppkalla" står for vel 15 % kvar, og oldefar for vel 8 %.

I denne tabellen har vi med begge oppkallingsmåtane, både med heilt namn og med alliterasjon (forbokstav). Vi kan gå ut frå at oppkallinga er sikker der ho skjer med heilt namn.

Forbokstavsoppkalling er mindre sikker fordi vi ikkje alltid har full oversikt over forfedrene og derfor t.d. kan tru at farmor er oppkalla med forbokstav medan det eigentleg er ein oldefar som vi ikkje kjenner som er oppkalla.

Forbokstavsoppkalling er og mindre sikker fordi vi kan sjå oppkalling der ho ikkje fins, eller oversjå ho der ho er til stades.

Stundom er det lett å sjå at dette må vere forbokstavsoppkalling, dersom farmor heiter Johanne og barnet heiter Johannes og det ikkje fins andre nære slektningar som heiter Johannes, vil eg tru at det er farmor som er oppkalla her. Likeeins dersom morfar heiter Andreas og dottera heiter Andrine. Andre gonger vert det meir gissing, det er klart.

Det er det sikre, altså heilnamnsoppkalling, eg i hovudsak kjem til å granske i denne delen av dette kapittelet.

Likevel er det interessant å lage eit oversyn over **all** oppkalling, slik eg har gjort i tabell 5.1.2, fordi vi ser at foreldra kan ha valt å kalle opp eldste son etter ein av desse. Det er altså mogeleg å kalle opp eldste son etter andre enn farfar, morfar eller tidlegare mann. Sjølv om eg skal ha sett forbokstavsoppkalling her som ikkje er reell, er det i alle fall sikkert at det ikkje er farfar som er oppkalla.

I tabell 5.1.3 ser vi på utviklinga av bruken av heilnamns- og forbokstavsoppkalling utover i hundreåret.

TABELL 5.1.3: ELDSTE SØNER FORDELTE ETTER OM DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ELLER FORBOKSTAV. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Heilt namn	93.2	85.9	78.5	68.8	81.4
Forbokstav	6.8	14.1	21.5	31.3	18.4
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	44	71	79	48	242

Vi ser at oppkalling med forbokstav auker frå 7 % til 31 %, medan heilnamnsoppkalling minkar frå 93 % til 68 %. Populasjonen minkar frå 307 til 242 eldstesøner. Bakgrunnen for den store endringa i forholdet mellom heilnamns- og forbokstavsoppkalling kan dels vere noko underregistrering av forbokstavsoppkalling tidleg i hundreåret, der eg har registrert som "veit ikkje" der eg ikkje kjende alle forfedrene, sjølv om det kunne sjå ut som om sonen var oppkalla med alliterasjon etter ein av dei kjende forforeldra. Men vi må og hugse at dei som har "ikkje oppkalla" får "veit ikkje" i feltet for oppkallingsmåte. Det vil seie at dersom den delen av eldstesønene som ikkje er oppkalla auker utover hundreåret, vil det vege opp for at vi kjenner nesten alle forfedrene på slutten av perioden.

La oss sjå på oppkalling med heilt namn, som er det som er sikrast, for å sjå korleis mønsteret der er.

TABELL 5.1.4: ELDSTE SØNER FORDELTE PÅ KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER MED HEILT NAMN

KJELDE FOR OPPKALLING	ANTALL	%
Farfar	130	66.0
Morfar	35	17.8
Oldefar	23	11.7
Tidlegare mann	1	0.5
Farbror	4	2.0
Andre	4	2.0
SUM=	197	100.0

I tabell 5.1.4. ser vi at biletet endrer seg når vi held oss til heilnamnsoppkalling. No er talet redusert til 197 eldstesøner, og her står farfar for 2/3 av oppkallingane, morfar for 18 % og oldefar for 12 %.

I følge teorien om modernisering venter vi å finne at oppkallinga vil svinge frå farfar til andre, til dømes morfar eller oldefedre eller ingen, utover i hundreåret etter kvart som det rigide oppkallingsmønsteret tradisjonen seier vi vil finne tidleg i hundreåret får mindre makt.

TABELL 5.1.5: ELDSTE SØNER FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER MED HEILT NAMN. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Farfar	56.1	67.2	67.7	72.7	66.0
Morfar	19.5	19.7	16.1	15.2	17.8
Oldefar	17.1	11.5	11.3	6.1	11.7
Tidlegare mann	0.0	0.0	1.6	0.0	0.5
Farbror	4.9	0.0	3.2	0.0	2.0
Andre	2.4	1.6	0.0	6.1	2.0
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	41	61	62	33	197

Her får vi stadfest at det rigide oppkallingsmønsteret ikkje var så rigid likevel: Det er relativt få eldstesøner som er kalla opp etter farfar tidleg i hundreåret, det er faktisk fleire som er kalla opp etter farfar seinare i hundreåret enn tidleg. Rett nok er populasjonen mindre i byrjinga og slutten av hundreåret enn i midten, men det skuldast også utvelginga under innlegginga av data, der kombinasjonen av dei to krava om mange barn, og alle barna skal vere fødde før 1900, gjer at det naturleg nok vil finnast relativt få eldstebarn i siste periode, på same måte som det er relativt få yngstebarn i første periode. (Sjå også tab. 5.1.1) Det skuldast og at vi manglar relativt fleire forfedre tidleg i hundreåret, og at det vert færre som er kalla opp med heilt namn på slutten av hundreåret. Men det må skytast inn at vi kjenner alle bestefedrene, det vil seie at vi kjenner alle farfedrene som eldstesønene skal kallast opp etter.

Farfar aukar oppkallingsgraden sin på oldefar sin kostnad, i større grad enn på morfar sin.

For eldstesønene ser vi følgande: Farfar står for omlag 50 % av all oppkalling, men for 66 % av oppkalling med heilt namn. Vel 15 % av alle eldste søner er ikkje oppkalla i det heile. Det blir meir oppkalling ved alliterasjon utover i hundreåret, men av dei som er kalla opp med heilt namn styrker farfar stillinga si utover i hundreåret.

Nesteldste søner skal i følgje reglane kallast opp etter morfar, eller etter farfar dersom farfar ikkje vart kalla opp i eldste son.

TABELL 5.1.6: NESTELDSTE SØNER FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER. HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALINGSKJELDE	ANTALL	%
Farfar	51	21.2
Morfar	64	26.6
Bestefedre	1	0.4
Oldefar	31	12.9
Far	4	1.7
Farmor	7	2.9
Mormor	1	0.4
Tidlegare mann	1	0.4
Andre	3	1.2
Ikkje oppkalla	50	20.7
Veit ikkje	28	11.6
SUM=	241	100.0

I tabell 5.1.6 undersøker vi oppkallinga til 241 nesteldstesøner.

Vi ser her at morfar er oppkalla i vel 25 % av dei som er kalla opp, men farfar og "ikkje oppkalla" står for vel 20 % kvar. Oldefar har her 13 %, og vi "veit ikkje" for vel 12 %.

Altså er det eit relativt fleirtal som er kalla opp etter reglane, men det er eit lite fleirtal, berre halvparten så stort som for farfar og eldste søner.

For eldste sønene såg vi ei markert auke i bruken av fornamnsoppkalling i løpet av hundreåret. Korleis er dette for nesteldste son?

TABELL 5.1.7: NESTELDSTE SØNER FORDELT ETTER OM DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ELLER FORBOKSTAV. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Heilt namn	89.7	80.0	77.2	59.0	75.8
Forbokstav	10.3	20.0	22.8	41.0	24.2
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	29	40	57	39	165

Vi ser den same utviklinga for nesteldste son som for eldste son, berre litt sterkare. Forbokstavsoppkalling aukar frå 10 % til 40 %, medan oppkalling med heilt namn minkar frå 90 % til 60 %. Populasjonen minkar frå 245 til 165, så "Veit ikkje"-gruppa aukar ho og.

Eldste son viste seg å vere kalla opp etter farfar med heile namnet i sterkare grad på slutten av hundreåret. Ser vi den same tendensen for nesteldste son og morfar?

I tabell 5.1.8 ser vi på oppkallinga til dei 125 nesteldste sønene som er kalla opp med heilt namn.

TABELL 5.1.8: NESTELDSTE SØNER FORDELTE PÅ KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER MED HEILT NAMN. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Farfar	30.8	37.5	40.9	13.0	32.8
Morfar	38.5	37.5	38.6	47.8	40.0
Bestefedre	0.0	3.1	0.0	0.0	0.8
Oldefar	26.9	18.8	13.6	17.4	18.4
Far	0.0	3.1	2.3	8.7	3.2
Tidlegare mann	0.0	0.0	0.0	4.3	0.8
Andre	3.8	0.0	4.5	8.6	4.2
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	26	32	44	23	125

Vi ser her ei liknande utvikling, frå i underkant av 40 % til i underkant av 50 %. Men utviklinga for farfar er vel så interessant – mellom 30 og 40 % (nesten like mange som for morfar) kallar nesteldste son opp etter farfar fram til 1876, men berre 13 % etter.

I databasen ligg barna på kva nummer dei har i rekka av dei som lever når dei vert fødde, eller i rekka av dei med same kjønn som lever. Dersom den eldste sonen dør før den nesteldste er fødd vil den nesteldste bli lagt inn med nr. 1 i feltet for barn med same kjønn i denne databasen.

Men dersom son 1 dør etter at son 2 er fødd men før son 3, vil son 3 og få 2, og verte kalla opp etter farfar fordi son 1, som var oppkalla etter farfar var død. Kan den store delen nesteldstesøner som er kalla opp etter farfar forklaraast med at dødeligheten for småbarn – ikkje spebarn, men dei mellom 3 og 7 minka utover i hundreåret ? Dette viste seg å ikkje halde stikk. Ved å ta i bruk databasen over dei døde og undersøke mortalitet i Førde for spebarn, under 2 år, og gruppa 2–7 år, fann eg at spebarnsmortaliteten går ned utover hundreåret, men småbarnsmortaliteten går litt opp.

Dei vi ser her som er oppkalla etter farfar må vere dei som har ein eldre bror som er kalla opp etter morfar eller ein oldefar, eller kanskje eldstebroren høyrer med til dei 15 % som ikkje var kalla opp i det heile. Trass alt er populasjonen berre på 125.

For nesteldste son såg vi at morfar var den han oftast vart oppkalla etter, men berre for vel 24 % av alle, og for vel 40 % av alle som kallar opp med heilt namn. Vi såg at morfar kom sterkare mot slutten av hundreåret for dei som kallar opp med heilt namn, men der var og farfar forbausande sterk, i alle fall før 1876.

Tredje son skal, iflg Seland og Fure kallast opp etter oldefar, i alle fall dersom dei to bestefedrene var oppkalla.

TABELL 5.1.9: TREDJE SØNER FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER. HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farfar	11	6.2
Morfar	35	19.8
Oldefar	34	19.2
Far	2	1.1
Farmor	9	5.1
Mormor	5	2.8
Mor	2	1.1
Tidlegare mann	1	0.6
Ikkje oppkalla	55	31.1
Veit ikkje	23	13.1
SUM=	177	100.0

Her er populasjonen nede på 177 av 1766. Vi ser at gruppa som ikkje er oppkalla er den største med vel 30 %, men at oldefar og morfar har vel 20 % kvar. Dei som ikkje er oppkalla er dei vi stort sett kjenner alle forfedrene til, og dermed kan seie ikkje er oppkalla. Dersom vi ikkje kjenner dei fleste forfedrene vert nemninga "veit ikkje". Det ser ut til at Seland sine konklusjonar når det gjeld

oldefdre ikkje høver på mitt materiale. Seland hevda at når besteforeldrene sine namn var oppbrukt, tok ein fatt på oldeforeldra.

Men utover at han nemner etter tradisjonen at det fulgte ulykke med å "vende namnet" – dvs kalle opp med forbokstav, skriv ikkje Seland noko spesielt om oppkalling etter oldeforeldre. Eg tolkar han difor dit at han meiner at oppkallinga etter oldeforeldre, så vel som besteforeldre, skulle skje med heile namnet, ialle fall tidleg i hundreåret.

Vil det vise seg at tredje son, som ikkje ser ut til å følge Seland sine resultat for oppkalling når det gjeld kven han er oppkalla etter, også fell utanfor når det gjeld måten ?

La oss undersøke oppkallinga for heilt namn eller forbokstav.

TABELL 5.1.10: TREDJE SØNER FORDELTE ETTER OM DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ELLER FORBOKSTAV. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Heilt namn	53.8	66.7	61.8	58.6	61.2
Forbokstav	46.2	33.3	38.2	41.4	38.8
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	13	27	34	29	103

Her ser vi, til skilnad frå dei to eldre sønene, ikkje særlege endringar når det gjeld heilt namn eller forbokstavsoppkalling. Det svingar ein del mellom 25-års bokane, men ikkje særleg mellom byrjinga og slutten på hundreåret.

Korleis vert mønsteret om vi ser utviklinga for dei som kallar opp tredje son med heile namnet ?

TABELL 5.1.11: TREDJE SON OPPKALLA ETTER MED HEILT NAMN I 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Farfar	14.3	11.1	9.5	5.9	9.5
Morfar	14.3	38.9	47.6	52.9	42.9
Oldefar	57.1	44.4	42.9	29.4	41.3
Far	14.3	0.0	0.0	5.9	3.2
Tidlegare mann	0.0	0.0	0.0	5.9	1.6
Veit ikkje	0.0	5.6	0.0	0.0	1.6
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	7	18	21	17	63

Det første vi legg merke til er at berre vel 1/3 av alle tredjesønene er oppkalla med heile namnet. Av dei som er oppkalla ser vi at morfar og oldefar står for kvar sin halvpart for heile perioden. I dei første 25-åra er biletet annaleis, men der er populasjonen berre 7 stykker, så det kan vi ikkje dra sikre konklusjonar av.

Populasjonen minkar dess høgare vi kjem i rekka over barn av same kjønn, men vi analyserer også oppkallinga til fjerde son, både for heilnamns og forbokstavsoppkalling, trass i at populasjonen no er nede i 101.

TABELL 5.1.12: FJERDE SØNER FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER. HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farfar	8	7.9
Morfar	6	5.9
Oldefar	22	21.8
Far	3	3.0
Farbror	1	1.0
Farmor	1	1.0
Mormor	4	4.0
Ikkje oppkalla	41	40.6
Veit ikkje	15	14.9
SUM=	101	100.0

Vi ser at dei som ikkje er oppkalla er 40 %, men at oldefar står for vel 20 %. Utover det har det ikkje særleg mykje for seg å analysere dette nærmare når vel halvparten anten ikkje er oppkalla eller vi ikkje veit. Det er berre 33 som er oppkalla med heile namnet, og dermed svært få der vi kan seie noko sikkert om oppkallinga.

TABELL 5.1.13: TRE ELDSTE SØNER FORDELT PÅ KVEN DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ETTER

	ELDSTE	NESTELDSTE	TREDJELDSTE
Farfar	66.0	32.8	9.5
Morfar	17.8	40.0	42.9
Bestefedre	0.0	0.8	0.0
Oldefar	11.7	18.4	41.3
Farbror	0.5	0.0	0.0
Far	0.0	3.2	3.2
Tidlegare mann	2.0	0.8	1.6
Andre	2.0	4.2	1.6
SUM	100.0	100.0	100.0
N =	197	125	63

I tabell 5.1.13 er berre dei sønene som er kalla opp med heile namnet med. Dei utgjer 65 % av eldstesønene, 52 % av nesteldstesønene og 35 % av tredjeeldstesønene.

2/3 av eldstesønene er kalla opp med heile namnet etter farfar, men også morfar og oldefar er oppkalla i eldste søner, med 18 % og 12 %. 35 % av eldstesønene er ikkje oppkalla i det heile, eller vi trur dei kan vere oppkalla med forbokstav, men det er ikkje sikker oppkalling. Derfor held vi dei utanfor her.

For nesteldste søner ser vi at dei ikkje er oppkalla etter morfar i like sterk grad som eldste son er oppkalla etter farfar. Nesteldste son har nesten like mange oppkalla etter farfar som etter morfar. Det er berre halvparten av nesteldstesønene som er oppkalla med heile namnet.

For 3. søner venta vi å finne mange som var oppkalla etter oldefedrene, og det fann vi, 41 %. Men vi fann faktisk litt fleire som var oppkalla etter morfar, 43 %. Det kan dels skuldast at vi kjenner noko færre oldefedre, og derfor kan ha unnlært å registrere oppkalling.

Vi fann og ei sterk auke i forbokstavsoppkalling og ei minke i heilnamnsoppkalling for begge dei to eldste sønene, medan vi ikkje fann tilsvarende for tredjesønene.

DØTRE

Dei fleste som har skrive om oppkalling nemner ingenting om at det skulle vere skilnad på oppkalling av søner etter bestefedre i hove til døtre og bestemødre, med unntak av Gudlaug Nedrebø Horgen som i hovudoppgåva mellom anna undersøkte oppkalling i folketeljinga 1801. Etter å ha referert oppkallingsreglane og dels testa dei ut, konkluderer ho med at:

"Eg trur det går an å trekke den konklusjonen at farmors stilling i oppkallingstradisjonen må ha vore overvudert. Det er ikkje så sjølvsagt at farmor skal oppkallast først som at farfar skal oppkallast først." (Horgen 1985 s. 111)

No såg vi under "eldste son" at det slett ikkje var sjølvsagt at han skulle kallast opp først, så det vert spanande å sjå om Horgen sine konklusjonar frå Sogn held stikk på materialet frå Førde.

TABELL 5.1.14: ELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER. HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farmor	66	22.4
Mormor	55	18.6
Bestemødre	1	0.3
Oldemor	16	5.4
Mor	2	0.7
Faster	1	0.3
Farfar	22	7.5
Morfar	14	4.7
Oldefar	4	1.4
Far	1	0.3
Tidlegare mann	4	1.4
Tidlegare kone	7	2.4
Andre	4	1.4
Ikkje oppkalla	31	10.5
Veit ikkje	67	22.8
SUM=	295	100.0

Vi har 295 eldstedøtre, anten dei er den første jentefødselen til mora, eller den andre eller tredje der dei eldre søstrene er døde før dette barnet vart fødd. Av desse er det 67 vi ikkje kan seie noko sikkert om, dei fleste av desse fordi vi manglar formødre. Vi manglar 3/4 av oldemødrene og 1/4 av bestemødrene.

Vi ser at 22 % av jentene er oppkalla etter farmor, medan mormor står for 18 %. Sjølv om alle dei vi manglar skulle vere oppkalla etter farmor er vi likevel ikkje oppe i dei 50 % eldstesonen og farfar fekk. Men det er ikkje sannsynleg at alle dei vi manglar er oppkalla etter farmor, for vi manglar ikkje så mange farmødre. Vi manglar flest mormødre av bestemødrene, men aller flest oldemødre.

For eldste son såg vi at utviklinga gjekk i retning av meir oppkalling med alliterasjon. Korleis ser dette ut for eldste dotter?

TABELL 5.1.15: ELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER OM DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ELLER FORBOKSTAV. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Heilt namn	56.3	66.1	61.3	48.0	58.5
Forbokstav	43.8	33.9	38.7	52.0	41.5
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	32	56	62	50	200

For forbokstavsoppkalling ser vi ei tilsvarende utvikling hos eldste dotter som for eldste son, men vi finn mange flere som bruker forbokstavsoppkalling på døtrene enn på sønene tidleg i hundreåret. Dette heng sikkert også saman med at vi ikke kjenner alle formødrrene, slik at vi kan tru at dette er forbokstavsoppkalling etter t.d. farfar, mens det egentleg er etter ei oldemor vi ikke kjenner. Dette forklarer likevel ikke alt. Sannsynlegvis er det som Gudlaug N. Horgen skriv, at presset for å følge reglane for oppkalling av bestemødrene ikke kjendes så tungt.

For oppkalling med heilt namn har vi ei bølgerørsle, opp i 1826–75, men i 1800–1825 nede på same nivå som i 1876–1900. For forbokstavsoppkalling har vi ei tilsvarende rørsle motsett veg. Populasjonen minkar fra 295 til 200, altså er det vel 1/3 vi ikke veit noko om.

Det blir mange "veit ikke" og "trur", la oss sjå korleis utviklinga blir for dei med heilt namn som er dei vi kan seie noko relativt sikkert om.

TABELL 5.1.16: ELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER KVEN DEI ER OPPKALLA ETTER MED HEILT NAMN. 25-ÅRS INTERVALL.

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Farmor	33.3	37.8	44.7	45.8	41.0
Mormor	38.9	35.1	34.2	29.2	34.2
Bestemødre	0.0	2.7	0.0	0.0	0.9
Oldemor	5.6	8.1	13.2	8.3	9.4
Mor	5.6	0.0	0.0	4.2	1.7
Faster	0.0	0.0	2.6	0.0	0.9
Tidlegare kone	0.0	13.5	5.3	0.0	6.0
Andre	16.7	0.0	0.0	8.4	4.3
Veit ikke	0.0	2.7	0.0	4.2	1.7
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	18	37	38	24	117

Begge bestemødrene er oppkalla i omlag like mange, fram til 1850-åra, då tek farmor over som den som helst vert oppkalla.

Vi er no komne ned i 117 i populasjonen, og ser her at Gudlaug Horgen sine konklusjoner for Sogn kan ha noko for seg også i Førde, at farmor si oppkalling i eldste dotter er noko mindre regelbunden enn farfar i eldste son. Og når vi samstundes veit at farfar berre vart kalla opp i vel halvparten av dei eldste sønene, kan ikke eit resultat som 20 % oppkalling for farmor seiast å vere overraskande.

Vi fann at nesteldste son ikkje vart oppkalla etter morfar i like stor grad som farfar i eldste son, og vi såg at mormor vart kalla opp i mange eldstedøtre. Kven vert nesteldste dotter kalla opp etter?

=====

TABELL 5.1.17: NESTELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER KVEN DEI ER KALLA OPP ETTER MED FORBOKSTAV ELLER HEILT NAMN.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farmor	49	20.2
Mormor	39	16.1
Oldemor	13	5.4
Mor	3	1.2
Farfar	14	5.8
Morfar	19	7.9
Bestefedre	1	0.4
Oldefar	3	1.2
Tidlegare kone	1	0.4
Tidlegare mann	1	0.4
Andre	2	0.8
Ikkje oppkalla	29	12.0
<u>Veit ikkje</u>	<u>68</u>	<u>28.1</u>
SUM=	242	100.0

I tabell 5.1.17 ser vi at av 242 nesteldstedøtre, er farmor kalla opp i 20 % og mormor i 16 %. 27 % manglar.

TABELL 5.1.18: NESTELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER OM DEI ER OPPKALLA MED HEILT NAMN ELLER FORBOKSTAV. 25-ÅRS INTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Heilt namn	55.0	41.7	55.3	60.5	53.4
Forbokstav	45.0	58.3	44.7	39.5	46.6
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	20	36	47	43	146

For oppkalling med heilt namn eller forbokstav for nesteldste dotter, tabell 5.1.18, ser vi ein liknande tendens som for eldstedottera. Ei bølgerørsle, med svak auke i bruken av heilnamnsoppkalling mot slutten av hundreåret, og auke i bruken av forbokstavsoppkalling 1826 til 50. Denne auken går nedatt seinare.

Det kan sjå ut som at det faktisk vert litt meir populært å kalle opp med heile namnet mot slutten av hundreåret for nesteldste dotter. Kven vart ho så kalla opp etter med heilt namn, og korleis er utviklinga utover i hundreåret?

TABELL 5.1.19: NESTELDSTE DØTRE FORDELTE ETTER KVEN DEI ER KALLA OPP ETTER MED HEILT NAMN. 25-ÅRSINTERVALL

	1800- 1825	1826- 1850	1851- 1875	1876- 1900	SUM
Farmor	63.6	53.3	50.0	19.2	42.3
Mormor	18.2	26.7	30.8	50.0	34.6
Oldemor	9.1	13.3	7.7	15.4	11.5
Mor	9.1	6.7	3.8	0.0	3.8
Tidlegare kone	0.0	0.0	3.8	0.0	1.3
Andre	0.0	0.0	3.8	0.0	1.3
<u>Veit ikkje</u>	<u>0.0</u>	<u>0.0</u>	<u>0.0</u>	<u>3.8</u>	<u>1.3</u>
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	11	15	26	26	78

Vi er her nede i ein populasjon på berre 78 nesteldstedøtre som er kalla opp med heilt namn, og endringane her er vanskelege å tyde. Tendensen er i alle fall klar, for heile hundreåret: 42 % er kalla opp etter farmor, og 35 % etter mormor, altså er 77 % av dei som er kalla opp med heile namnet kalla opp etter ei av bestemødrene.

For tredje dotter skulle oldemorsoppkallinga slå til for fullt, men her som vi manglar så mange oldemødre ventar vi i staden å finne mange "veit ikkje".

TABELL 5.1.20: TREDJEDØTRE FORDELTE PÅ KVEN DEI ER KALLA OPP ETTER MED HEILT NAMN OG FORBOKSTAV.

OPPKALLINGSKJELDE	ANTALL	%
Farmor	14	8.5
Mormor	25	15.2
Bestemødre	1	0.6
Oldemor	6	3.7
Mor	4	2.4
Moster	1	0.6
Farfar	9	5.5
Morfar	8	4.9
Oldefar	4	2.4
Tidlegare kone	1	0.6
Andre	1	0.6
Ikkje oppkalla	25	15.2
<u>Veit ikkje</u>	<u>65</u>	<u>39.6</u>
SUM=	164	100.0

Det er heilt tydeleg flest vi ikkje kjenner her, men av dei vi kjenner ser vi at mormor står for fleire enn farmor, og det endå vi kjenner fleire farmødre enn mormødre. Det tyder på at dette skiftet er reelt, og ikkje, som i tilfelle oldemor, sannsynlegvis ei sterk underregistrering.

For oppkalling med heilt namn eller forbokstav står "veit ikkje" for over halvparten, og populasjonen på dei med heilt namn er nede i 35. Det har derfor lita hensikt å analysere stoda til 3. dotter nærmare.

Analysen av oppkallingsmønster for døtrene er blitt vanskeleggjort av at vi manglar mange formødre, men likevel ser det ut til at Horgen har rett for Førde og, det er ikkje så sjølvsagt at farmor skulle kallast opp i eldste dotter som at farfar skulle kallast opp i eldste son. Farfar er likevel ikkje kalla opp i meir enn 50 % av dei eldste sønene. Tilhøvet mellom nesteldste son og dotter og morforeldra er svakare, og for tredje son og dotter, som iflg. Seland skal kallast opp etter oldeforeldra, kan vi ikkje lenger sjå nokon samanheng. Konklusjonen må bli at tradisjonen – at dei to eldste barna av kvart kjønn skal kallast opp

etter kvar sine besteforeldre og dei neste barna etter oldeforeldra – ikkje stemmer på Førde.

Og når vi ikkje finn eit fast mønster i oppkallinga tidleg i hundreåret, finn vi heller ikkje ei utvikling utover hundreåret der mønsteret blir brote opp. Derimot finn vi ei relativt stor gruppe som ikkje er oppkalla, stendig aukande dess lengre ut i rekka av barn vi kjem. Vi finn og ei auke utover i hundreåret blant dei som vert kalla opp med alliterasjon. Moderniseringa i Førde ser altså ut til å gå i retning av mindre heilnamnsoppkalling.

Heilt til slutt i denne delen av kapittel 5 tek vi eit blikk på oppkallinga for alle sønene og alle døtrene, med heilt namn, etter kva nummer i rekka dei har for barn av same kjønn.

TABELL 5.1.21: OPPKALLINGSKJELDE, HEILT NAMN, FORDELT PÅ NUMMER I REKKA AV BARN MED SAME KJØNN. SØNER.

BARN:	1	2	3	4	5	6	7	SUM
Farfar	66.0	32.8	9.5	18.2	12.5	0.0	0.0	41.9
Morfar	17.8	40.0	42.9	15.2	25.0	0.0	0.0	27.4
Oldefar	11.7	18.4	41.3	51.5	56.3	66.7	0.0	23.1
Bestefar	0.0	0.8	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.2
Far	0.0	3.2	3.2	9.1	6.3	33.3	100.0	3.2
Farbror	2.0	0.0	0.0	3.0	0.0	0.0	0.0	1.1
Tid.mann	0.5	0.8	1.6	0.0	0.0	0.0	0.0	0.7
Andre	1.5	2.4	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	1.4
V.ikkje	0.5	1.6	1.6	3.0	0.0	0.0	0.0	1.1
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	197	125	63	33	16	6	2	442

Farfar vert helst oppkalla i den eldste sonen. Morfar vert helst oppkalla i nesteldste og tredjeeldste son. Oldefar vert helst kalla opp i son 3, 4, 5 og 6. Dette er faktisk nokså nært reglane. Det gjeld likevel berre dei som kallar opp med heile namnet, og det er i snitt berre halve populasjonen.

=====

TABELL 5.1.22: OPPKALLINGSKJELDE, HEILT NAMN, FORDELT PÅ
NUMMER I REKKA AV BARN MED SAME KJØNN. DØTRE.

BARN:	1	2	3	4	5	6	SUM
Farmor	41.0	42.3	25.7	28.0	40.0	0.0	37.9
Mormor	34.2	34.6	42.9	32.0	20.0	0.0	34.9
Bestemødre	0.9	0.0	2.9	0.0	0.0	0.0	0.8
Oldemor	9.4	11.5	8.6	20.0	20.0	0.0	11.1
Mor	1.7	3.8	11.4	12.0	20.0	100.0	5.4
Faster	0.9	0.0	0.0	0.0	0.0	0.0	0.4
Moster	0.0	0.0	2.9	4.0	0.0	0.0	0.8
Tidl. kone	6.0	1.3	2.9	4.0	0.0	0.0	3.8
Andre	3.4	1.3	2.9	0.0	0.0	0.0	2.3
Veit ikkje	2.6	1.3	0.0	0.0	0.0	0.0	1.5
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	117	78	35	25	5	1	261

=====

Populasjonen for dei døtrene som vi veit er kalla opp med heile namnet utgjer vel 30 %. Dette heng nok dels saman med at vi, som vi tidlegare har vore inne på, manglar kunnskap om ein del formødre. Men andre undersøkinger har vist ein tendens i retning av at bestemødre vert oppkalla i mindre grad enn bestefedre, i alle fall med heilt namn (Horgen 1985).

Vi ser her at bestemødrerne vart oppkalla i dei fire eldste døtrene. Vi finn bestemødre oppkalla dotter fem og, men populasjonen for dotter fem og seks er så liten at det ikkje går an å seie noko anna enn at heilnamnsoppkalling tydelegvis eksisterer her og.

DOBBELTNAMN

I kapittel 4 undersøkte vi frekvensen for bruk av dobbeltnamn, altså to fornamn, og fann at Førde var i takt med resten av landet i at dobbeltnamn var tidlegast og mest i bruk for kvinner.

Så kan ein lure på kva bruk av dobbeltnamn skulle tene til, og då er det straks to forklaringar som merkjer seg ut.

Den eine er at bruk av to forenamn er ein måte å presse meir oppkalling inn i barneflokken på. Det kan høyres utruleg ut for oss, når vi tenker på at dette er før barnebegrensing vart alment brukt, men på den andre sida må vi ikkje gløyme den store barnedøytinga.

Den andre forklaringa kan vere at bruk av dobbeltnamn gjev ein "friplass", særleg i andrenamnet, der foreldra kan la vere å kalle opp, eller kalle opp "mot reglane" – til dømes på tvers av kjønna. Andrenamnet kan verte ein stad å følgje eigne ynskje når presset frå tradisjonen er blitt kanalisert ut i oppkalling i førstenamnet.

La oss derfor undersøke om og korleis oppkalling finn stad i andrenamnet, men la oss framleis halde oss til den sikre heilnamnsoppkallinga. Dersom heilnamnsoppkallingsprosenten for andrenamnet er nesten like høg eller høgare enn for førstenamnet, tyder det på at andrenamnet vert brukt til ei utviding av oppkallinga. Dersom prosenten er vesentleg lavare, tyder det derimot på at andrenamnet tener som ein fristad.

Vi har tilsaman 1766 barn, 902 gutar og 864 jenter. Det er 485 gutar som har dobbeltnamn. Det utgjer 53 %, og dei 524 jentene som har to fornamn utgjer 60 %. Av dei 902 gutane er det 442, 49 %, som er oppkalla med heile namnet. Det tilsvarende talet for jenter er 261, altså 30 %. Av dei 442 gutane som har dobbeltnamn er det 99 som kallar opp med heilt namn i andrenamnet. Det utgjer 22 %. Den tilsvarende prosenten for jenter er 19, basert på at 524 av jentene har to fornamn, og 100 av dei kallar opp i andrenamnet.

Det ser altså ut til at bruk av dobbeltnamn vert rekna som ein friplass i høve til reglane. Særleg er dette tydeleg for sønene, medan tala for døtrene som alltid vert noko meir usikre fordi vi manglar kjennskap til formødre.

5.2. OPPKALLING I SØSKENLAGET

I 5.1 tok vi føre oss oppkalling i ei rett linje, mellom det aktuelle barnet og foreldre. No vil vi dra inn søskena og, og undersøke korleis kvart einskild foreldrapar vel å gje namn.

Slik eg ser det, er det tale om eit val, og dette valet trur eg vil vise kor nært kvart einskild foreldrapar følgjer det settet med reglar som står i byrjinga av dette kapittelet. Eg ventar at moderniseringa vil vise seg ved at reglane blir følgde i mindre grad seint i hundreåret enn tidleg.

Alt etter kor nært eit foreldrapar følgjer reglane gjev eg dei ulike koder, som seier noko om korleis dei oppfører seg.

HT: Heilt tradisjonelle: Med besteforeldra i rett ekkefølge, eller med "godkjende" unntak (døde før levande, morfar først viss familien har overteke hans gard, tidlegare menn eller koner også representert), og så oldeforeldre.

TR: Tradisjonalistar: Besteforeldra først, men ikkje i rekkefølge.

FL: Fuskar litt: Besteforeldra med, men andre innimellom

FM: Fuskar mykje: Ikke alle besteforeldra, sjølv om det er plass til dei.

AN: Anarkistar: Ingen reglar er følgde.

MD: Manglar data, anten på grunn av få forfedre eller på grunn av få barn.

Namna bak desse kodene er meir eller mindre velvalde, men eg trur likevel dei speglar av det eg ser som hovudsaka her: At tradisjon og nedervde reglar i ulik grad vil vere med på å bestemme einskilde val vi gjer. I den første delen av dette kapittelet såg vi at berre halvparten av alle gutebarn og 30 % av alle jenter fekk det same namnet som ein forforelder vi kjenner.

Då kan vi gå eit steg vidare og undersøke korleis samanhengen er mellom oppkalling i eit søskenlag. Er det slik at det i søskenlaget til dei 65 % eldstesønene som er kalla opp etter farfar også er ein nesteldsteson som er kalla opp etter morfar og ein tredje, fjerde og femteson som er kalla opp etter

ein oldefar, og døtre som er kalla opp etter bestemødrene og oldemødrene, medan det er andre familiarer der ingen av barna er oppkalla med heile namnet?

Eller er det heller slik at sjølv om eldste son vert kalla opp etter farfar kan nesteldste verte kalla opp etter oldefar eller like gjerne ikkje kalla opp i det heile?

Ligg altså forklaringa på at mange av dei 1766 barna ikkje er oppkalla etter reglane i at nokre familiarer er veldig tradisjonelle og andre ikkje, eller ligg ho i at alle familiene berre følgjer tradisjonen litt?

Tidlegare i dette kapittelet såg vi at oppkallinga tidleg i hundreåret ikkje kunne vere rigid for alle, så eg ventar at ei modernisering på dette området vil vise seg i ein overgang frå "nokre tradisjonelle og nokre anarkistar" til "alle fuskar".

Heile undersøkinga omfatter 333 familier, som gifta seg mellom 1799 og 1890. Desse familiene er familiene til dei 1766 barna vi undersøkte i 5.1.

Tabell 5.2.1 inneholder fordeling etter giftetidspunkt.

TABELL 5.2.1: FAMILIAR FORDELTE PÅ GIFTETIÅR.

TIÅR	ANTALL	% AV ALLE
1799-1809	65	19.5
1810-1819	26	7.8
1820-1829	26	7.8
1830-1839	31	9.3
1840-1849	38	11.4
1850-1859	36	10.8
1860-1869	41	12.3
1870-1879	27	8.1
1880-1890	43	12.9
SUM=	333	100.0

Det er flest familier i perioden 1799–1809, men det er også i den perioden vi har flest som manglar data. (Sjå tabell 5.2.2). Dette skuldest som før nemnt vanskane med å finne oldeforeldre i denne perioden.

I kapittelet om giftarmål såg vi at det var ulikt tal par som gifta seg i kvar tiårsperiode. Eg har ikke prøvd å halde meg til den same fordelinga, for meg har det vore viktigare å finne familiar med mange barn og mange kjende forfedre. Det har også spela inn at eg berre har hatt første bindet av Førde bygdebok i manus å halde meg til, slik at den geografiske fordelinga er skeiv. Eg har leita i databasen (sjå kapittelet om datamaterialet) over dei fødde for dei gardane som ikke er med i Førde bygdebok bd. I, men der var det vanskeleg å finne familiar som eg kunne vere rimeleg sikker på. Derfor er det vel 270 familiar frå bygdeboka og vel 70 frå databasen.

=====
TABELL 5.2.2: FAMILIAR FORDELTE PÅ VURDERING ETTER
TIÅRSGRUPPER FOR GIFTEÅR.
=====

	1799	1810	1820	1830	1840	1850	1860	1870	1880	SUM
	1809	1819	1829	1839	1849	1859	1869	1879	1890	
HT	3.1	11.5	3.8	6.5	5.3	13.9	7.3	22.2	18.6	9.6
TR	21.5	15.4	7.7	32.3	21.1	11.1	31.7	7.4	16.3	19.2
FL	16.9	19.2	15.4	9.7	18.4	16.7	22.0	29.6	9.3	17.1
FM	13.8	30.8	53.8	25.8	21.1	25.0	14.6	25.9	18.6	23.1
AN	10.8	11.5	19.2	22.6	34.2	27.8	22.0	11.1	23.0	20.1
MD	33.8	11.5	0.0	3.2	0.0	5.6	2.4	3.7	14.0	10.8
SUM	100	100	100	100	100	100	100	100	100	
N=	65	26	26	31	38	36	41	27	43	333

I tabell 5.2.2 ser vi nærmere på endringar i vurdering utover i hundreåret.

Vi ser her bølgerørsler for dei fleste vurderingane, og altså ikke noko som tyder på den utviklinga vi ventar etter teorien om at tradisjonane si innflyting vert svekka etter som Førde vart meir moderne. Snarare enn ei utvikling i retning frå "nokre tradisjonelle og nokre anarkistar" til "alle fuskar", fekk vi ei rørsle motsett veg.

Eit viktig moment er sjølv sagt at det ikkje var så rigid tidleg i hundreåret som vi gjekk ut frå. Det såg vi i 5.1, der det ikkje var alle barna, ikkje eingong alle eldstesønene, som var oppkalla med heile namnet.

Vi finn ikke overgangen frå mange på ytterkantane av tabellen til alle i midten heller, som ville vere det vi venta etter at vi slo fast at oppkallinga tidleg i hundreåret ikkje kunne følgje eit rigid mønster for alle.

Likevel kan dette vere eit resultat av ein spuriøs samanheng, til dømes ved at HT er underregistrert til fordel for TR eller FL. Det kan vere at det er lettare å vurdere at ein familie til å vere HT når vi har alle oldeforeldra, og at vi derfor vil gje ein familie som ikke har fullt tal oldeforeldre plass i ei lavare gruppe, for å vere sikre.

Det er klart at vi kjenner fleire oldeforeldre i siste del av hundreåret, det syner tabellane 5.2.3 og 5.2.4 oss.

=====
TABELL 5.2.3: VURDERING FORDELT PÅ TAL KJENDE OLDEFEDRE. 1799–
1819
=====

Oldefedre:	Alle	Tre	To	Ein	Ingen	SUM
Heilt trad	5.7	0.0	0.0	0.0	9.5	4.6
Trad	20.0	16.7	29.2	100.0	9.5	20.7
Fuskar litt	31.4	0.0	16.7	0.0	0.0	17.2
Fuskar mykje	22.9	16.7	20.8	0.0	9.5	18.4
Anarkist	14.3	50.0	4.2	0.0	4.8	11.5
Manglar data	5.7	16.7	29.2	0.0	66.7	27.6

SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	35	6	24	1	21	87

=====

TABELL 5.2.4: VURDERING FORDELT PÅ TAL KJENDE OLDEFEDRE. 1870-1890

Oldefedre:	Alle	Tre	To	Ein	Ingen	SUM
Heilt trad	22.4	33.3	7.1	100.0	0.0	20.3
Trad	10.2	0.0	28.6	0.0	0.0	13.0
Fuskar litt	20.4	0.0	14.3	0.0	0.0	17.4
Fuskar mykje	26.5	33.3	0.0	0.0	0.0	20.3
Anarkist	18.4	0.0	28.6	0.0	0.0	18.8
Manglar data	2.0	33.3	21.4	0.0	100.0	10.1
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	49	3	14	1	2	69

Vi må nøye oss med å sjekke på tal oldefedre, fordi oldemødrene er kjende i mykke mindre grad.

Likevel er det trass alt besteforeldra vi i første rekke skal vurdere, oldeforeldra kjem inn i andre rekke. Derfor trur eg ikkje denne formen for underregistrering vil ha signifikant verknad. Det kan ikkje forklare korleis vi trass alt finn ein såpass stor del FM og AN tidleg i hundreåret. Begge desse vurderingane vert gjevne til familiarar som let vere å kalle opp etter nokre eller alle besteforeldra.

Ein annan form for underregistrering som skuldast manglande kjennskap til oldeforeldre kan ha med tilhøvet mellom talet på søner og døtre å gjøre. Teorien seier at barn skal oppkallast etter forforeldre av same kjønn. Det vil seie at vi ventar å finne oldefedrene igjen i sønene, og oldemødrene igjen i døtrene. Derfor kan ein familie med mange søner, som vert kalla opp etter kjende oldefedre bli vurdert som meir tradisjonell enn ein familie med mange døtre der vi ikkje kan seie kven dei er oppkalla etter.

TABELL 5.2.5: VURDERING FORDELT PÅ TAL SØNER. 1799-1819.

Søner:	Ein til to	Tre til fem	Mange	SUM
Heilt trad	7.7	2.8	0.0	4.9
Trad	12.8	27.8	16.7	19.8
Fuskar litt	2.6	27.8	50.0	17.3
Fuskar mykje	15.4	25.0	16.7	19.8
Anarkist	12.8	11.1	16.7	12.3
Manglar data	48.7	5.6	0.0	25.9
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	39	36	6	81

TABELL 5.2.6: VURDERING FORDELT PÅ TAL SØNER. 1870-1890.

Søner:	Ein til to	Tre til fem	Mange	SUM
Heilt trad	17.4	29.4	0.0	21.9
Trad	8.7	14.7	14.3	12.5
Fuskar litt	21.7	17.6	14.3	18.8
Fuskar mykje	13.0	23.5	28.6	20.3
Anarkist	21.7	11.8	42.9	18.8
Manglar data	17.4	2.9	0.0	7.8
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	23	34	7	64

Vi ser her at det er lettare å hamne i FM gruppa med 3-5 søner, medan det er lettare å havne i AN eller MD-gruppa med 1-2 søner. Dei familiene som har 1-2 søner vert og vurdert som meir TR-FL tidleg og HT sein. Dette skulle tyde på at vurderinga er lettare å fastsette nøyaktig seinare i hundreåret, og at eg har vore meir varsam med å bruke ytterpunktet når eg ikkje har hatt full kontroll over alle faktorane, i dette tilfellet oldefedrene. (Tabell 5.2.4 viste oss at vi fekk betre kjennskap til oldefedrene seinare i hundreåret).

Mange søner-gruppa er for lita til å kunne seie noko.

TABELL 4.2.7: VURDERING FORDELT PÅ TAL DØTRE. 1799-1819.

Døtre:	Ei til to	Tre til fem	Mange	SUM
Heilt trad	11.4	0.0	0.0	5.1
Trad	20.0	20.5	40.0	21.5
Fuskar litt	5.7	23.1	60.0	17.7
Fuskar mykje	11.4	30.8	0.0	20.3
Anarkist	11.4	12.8	0.0	11.4
Manglar data	40.0	12.8	0.0	24.1
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0
<u>N=</u>	<u>35</u>	<u>39</u>	<u>5</u>	<u>79</u>

TABELL 5.2.8: VURDERING FORDELT PÅ TAL DØTRE. 1870-1890.

Døtre:	Ei til to	Tre til fem	Mange	SUM
Heilt trad	20.7	24.2	0.0	20.6
Trad	17.2	9.1	16.7	13.2
Fuskar litt	10.3	18.2	50.0	17.6
Fuskar mykje	24.1	21.2	0.0	20.6
Anarkist	17.2	21.2	16.7	19.1
Manglar data	10.3	6.1	16.7	8.8
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0
<u>N=</u>	<u>29</u>	<u>33</u>	<u>6</u>	<u>68</u>

For døtrene ser vi og at mange-gruppa er for lita. Ellers er tendensen den at det er lettare å bli vurdert som mindre tradisjonell med 3-5 døtre tidleg i hundreåret enn seinare.

Men for både søner og døtre følger "sum" den same kurva som for vurdering. Vi kan derfor truleg sjå vekk frå at kjønnet til barnet har noko særleg innverknad på vurderinga til familien.

Kva andre faktorar kan ha innverknad då ?

YRKE

Vi kan kanskje forklare skilnaden i tradisjonsbunden oppkalling med at bøndene var bundne til jorda, til ætta gjennom garden og dermed også til tradisjonane. Derimot vil ein kunne vente at husmenn, som er mindre bundne til ein bestemt gard ville vere mindre tradisjonsbundne enn gardbrukarar.

TABELL 5.2.9: VURDERING FORDELT PÅ GARDBRUKARAR OG HUSMENN

	Gardbrukarar	Husmenn	SUM
Heilt trad	11.1	4.1	9.9
Trad	17.8	22.4	18.6
Fuskar litt	19.6	18.4	19.3
Fuskar mykje	25.8	20.4	24.8
Anarkist	20.4	28.6	21.9
Manglar data	5.3	6.1	5.5
SUM:	100.0	100.0	100.0
<u>N=</u>	<u>225</u>	<u>49</u>	<u>274</u>

Vi vil her koncentere oss om husmenn og bønder. I tillegg er det 10 med andre yrke, og 50 vi ikkje kjenner yrka til.

Tabell 5.2.9 viser oss at ytterpunktet følger teorien, det er fleire heilt tradisjonelle blant bønder og fleire anarkister blant husmenn. Men ellers fell vurderingane relativt likt ut, ja det er faktisk fleire tradisjonelle blant husmenn enn blant gardbrukarar.

Kan vi sjå endring over tid?

=====

TABELL 5.2.10: VURDERING FOR HUSMENN. 25-ÅRSGRUPPER

	1799	1825	1850	1875	SUM
Heilt trad	22.2	0.0	0.0	0.0	4.1
Trad	33.3	14.3	25.0	20.0	22.4
Fuskar litt	11.1	14.3	25.0	20.0	18.4
Fuskar mykje	33.3	35.7	12.5	0.0	20.4
Anarkist	0.0	35.7	37.5	30.0	28.6
Manglar data	0.0	0.0	0.0	30.0	6.1
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	9	14	16	10	49

=====

TABELL 5.2.11: VURDERING FOR GARDBRUKARAR. 25-ÅRSGRUPPER.

	1799	1825	1850	1875	SUM
Heilt trad	3.2	6.7	15.2	24.3	11.1
Trad	14.5	25.0	16.7	13.5	17.8
Fuskar litt	25.8	11.7	19.7	21.6	19.6
Fuskar mykje	30.6	28.3	22.7	18.9	25.8
Anarkist	16.1	26.7	21.2	16.2	20.4
Manglar data	9.7	1.7	4.5	5.4	5.3
SUM:	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N=	62	60	66	37	225

=====

Det vert eit problem at husmannsgruppa er relativt lita, berre 49 for heile 100-året. Derfor må vi gå vekk frå 10-årsbolkane og over på 25-årsbolkar. Men det er likevel vanskeleg å finne ein eintydig tendens for husmenn. For gardbrukskarar ser vi ei auke i dei heilt tradisjonelle; dei tradisjonelle og lite fuskande held seg stort sett stabile; det minkar for dei som fuskar mykje og anarkistane svinger.

Kor korrekt er den yrkesmessige fordelinga i datamaterialet mitt?

Det er fleire omsyn som taler for at eg faktisk har ei skeiv yrkesmessig fordeling.

- Det er vanskelegare å finne alle forforeldra til husmenn enn for gardbrukskarar fordi husmenn ofte flytter, til andre bygder eller til andre gardar og gifter seg med nokon frå andre gardar. Dermed vert dei haldne utanfor materialet mitt.

- Husmannsgruppa er mindre representert i bygdeboka, som trass alt er hovudkjelda for data i denne delen av oppgåva.

- Ei forklaring kan vere det som vert kalla mangesysleri: far kan vere registrert som "t" ved bryllupet, som "in" når dei to-tre første barna vert fødde, som "hm" etter ti år, med fem-seks barn, som "gb" når dei tre-fire siste barna vert fødde. Denne "karrierevegen" ser ut til å vere relativt vanleg i Førde, i alle fall for yngre gardbrukskararar. I bygdeboka er dei ofta oppført som brukarar på den staden dei sat lengst, sjølv om de kom dit etter at alle barna var fødde.

I folketeljinga for 1801 fann vi at det var 20 % husmenn og 60 % gardbrukskarar i Førde. Dei tilsvarande tala for folketeljinga 1900 var 13 % husmenn og 41 % gardbrukskararar. I dette materialet har eg 14 % husmenn og 67 % gardbrukskararar. Så fordelinga i materialet mitt er ikkje heilt representativ.

Vi burde kanskje heller ha registrert det aktuelle yrket på fødselstidspunktet. Det er praktisk vanskeleg, i.o.m. at det er fleire barn. Men vi går også ut frå at dette er eit mentalitetsspørsmål, at eit ektepar har ein ide om korleis dei stiller seg i høve til tradisjonane og at denne mentaliteten er den same gjennom heile livet, i alle fall gjennom heile foreldrelivet. At tradisjonskjensla ligg i sjela. Men gjer ho det? Eller vert folk meir konservative og tradisjonsbundne etter som dei vert eldre?

Eg prøvde å teste på dei para som er gardbrukskarar eller husmenn av fødsel – altså der både farfar og morfar har same yrke. Det viste seg at det vart svært få familiar der både farfar og morfar var husmenn, så den undersøkinga sa lite.

5.3. DØDE OG LEVANDE.

Nokre bygdebokskrivarar nemner at døde går føre levande i oppkallingsrekka. For å teste dette la eg inn ein variabel som skulle vise kven som var i live dersom morfar vart oppkalla før farfar, og det same for bestemødrene. Det viste seg der at dei fleste fekk koden ia – ikkje aktuelt, som anten tyder at morfar

ikkje vert oppkalla før farfar eller at berre ein av dei er oppkalla. Det same for bestemødrene, sjølv sagt. Så her kan vi ikkje finne noko som tyder på noko.

Vi hadde og ein variabel som skulle vise om den som vart oppkalla var død eller levande på oppkallingstidspunktet, og her er det heller ikkje noko eintydig.

5.4. SAME KJØNN.

Ein variabel skulle vise om den oppkalla var av same kjønn som barnet. Det viste seg for dei fire eldste barna av kvart kjønn – det var dei som vart undersøkt i denne samanhengen – at der vi veit kva kjønn den oppkalla har vert han/ho stort sett oppkalla i eit barn av same kjønn.

5.5. KONKLUSJON

Det ser altså likevel ut til at variasjonen når det gjeld å følgje oppkallingsreglar har vore større enn nokon har vore klar over, utover heile hundreåret.

Ein indikasjon om dette fekk vi då vi såg kor relativt få det var som kalla opp med heile namnet, berre vel halvparten av sønene og ein tredel av døttrene.

Når det gjeld oppkalling med heile namnet etter reglane for plassering i søskensflokken, fann vi at eldste sønene vart oppkalla i farfar for 65 %, nesteldste søner i ein av bestefedrene, tredje søner i morfar eller oldefar. Dei fire eldste døttrene vart oftast kalla opp med heile namnet i ein av bestemødrene, men her mangla vi 1/3 av bestemødrene og 2/3 av oldemødrene, så tala her er usikre.

Bruk av dobbeltnamn såg ut til å vere ein måte å skaffe seg ein friplass frå oppkalling heller enn ein måte å utvide oppkallinga på.

Det vart vanskeleg å finne forklaringar på dette, korkje talet på barn eller fars yrke ser ut til å vere avgjerande i så måte.

KAPITTEL 6 – NÆRGRANSKING AV OPPKALLING I SØSKENBARNLAGET.

Når vi ikkje kan finne nokon ytre faktorar som kan gje meir enn ein del av forklaringa på kvifor den einskilde familien vel å kalle opp som han gjer, må vi sjå på andre faktorar som kan spele inn. Er det slik at oppkalling vart sett på som ei slektssak heller enn eit val for kvart einskild foreldrepar? Eller kanskje vi kan moderere det til å seie at korleis oppkalling skjer ellers i slekta verka inn på kva foreldreparet vel – som press, men og som ei frigjering.

For å granske dette vil eg gå heilt nært inn på nokre slekter. Eg vil finne så mange forforeldre som råd, alle barna og sjå korleis oppkallinga skjer, og prøve å forstå kva som låg bak dei einskilde namnevala i kvar familie.

Utalet er selektivt. Her er vald ut slekter der vi finn flest mogeleg forfedre, og flest mogeleg barn som har gifta seg i bygda. På den måten får vi med oss gardbrukarane. Det var dei som var bufaste på same garden i fleire generasjoner og kanskje mest tradisjonelle. Det kan og hende at dei var meir velståande og opplyste, slik at dei kan vere opnare for nye impulsar.

Det er ikkje lett å seie kven av desse to draga som vil verke sterkest, det tradisjonelle som heng saman med garden eller det "moderne" som heng saman med impulsar utanfrå. Dersom det er det tradisjonelle vil vi vente å finne skilnader i søskensflokken til gardbrukarbarna slik at dei yngre, som ikkje skulle ta over jorda er mindre tradisjonelle enn dei eldre. Dersom det er impulsane utanfrå, vil vi vente å finne at det vert færre familiar som held seg til tradisjonane når dei skal kalle opp barna sine utover mot slutten på hundreåret.

Ei årsak til at vi finn noko mindre oppkalling etter besteforeldre enn vi kanskje skulle vente, kan vere at det vert rekna som nok når den einskilde besteforelder hadde vore oppkalla ein gong blant barna dei ulike syskena hadde fått. Altså at dersom eldste bror hadde kalla opp mora, kunne dei andre velge andre namn, og dermed la vere å kalle opp.

Kan foreldra, særleg faren, si plassering i søskensflokken ha noko å seie her? I og med at dei eldste søskena vanlegvis gifter seg før dei yngre, vil vi kunne sjå at yngre søskene er mindre tradisjonelle enn dei eldre. Det kan då vere forklaringa

på vi finn anarkistar og heilt tradisjonelle om ein annan – allereie frå tidleg i hundreåret.

Det kan og tenkast at tradisjonskjensle er nedervd, at barn av heilt tradisjonelle familiar vert meir tradisjonelle når det gjeld oppkalling enn barn av foreldre som fuskar. Dette kan vi og ta ein stikkprøve på her i dette materialet, fordi vi granskar oppkalling hos både foreldregenerasjonen og neste generasjon.

Dersom foreldreparet ikkje kjende seg bundne av nedervde reglar og tradisjonar opna det for at andre faktorar spelar inn ved namneval. Vi kan t.d. finne at barn får eit bestemt namn fordi foreldra likar dette namnet, fordi dei vil gjere ære på ein annan slekting enn den som etter reglane står for tur, at eit namn er "moderne", at skikkar frå andre bygder spelar inn. Eller vi kan finne at dåpsnamnet er eitt og daglegnamnet eit anna – at ein t.d. brukar andrenamnet til dagleg – at ei bestemor vert "forbigått" med vilje fordi ho ikkje vert likt, eller at den som vert rekna av gjevaste ætt får sine foreldre kalla opp først. Det er berre fantasien som set grenser for kva årsaker eit foreldrepaspar har til å velge namn, dersom dei ikkje kjänner seg pressa av tradisjonelle reglar.

I den første delen av denne granskingsa går eg inn i familietre til fire ulike slekter der stamforeldra gifter seg tidleg i hundreåret og ser korleis dei og etterkommarane deira kallar opp barna sine.

Eg vil og undersøke det vi kan kalle "overklassen" – embetsmenn og deira familiar, presten og sorenskrivaren i Førde. Desse vart ikkje fanga opp i kapittel 5 fordi dei manglar besteforeldre som vi kan finne att i kyrkjebøkene eller bygdeboka for Førde. Vi ventar at dei, som dei med flest kontaktar utover bygdegrensene og amtsgrensene og til byane vil få impulsar til modernisering først.

Her er og eit problem med representativitet, ikkje berre er talet familiar lite, men talet på dei vi kan finne igjen i trykte kjelder er endå mindre. Eg har valt å bruke to kjelder: Hjalmar Christensens "Ytre Skeid", som tek for seg ei sorenskrivarslekt, og der tek eg med så mange som råd og så mange generasjonar som råd, sjølv om dei færreste budde i Førde lenge. Den andre er Lampes "Bergen Stifts Biskoper og Præster", som ikkje gjev høve til å finne fleire generasjonar nedstigande, og berre i ein skilde høve har med oldeforeldre.

Både gardbrukslekten og embetsmannsslekten er vurderte i gruppene "heilt tradisjonelle", "tradisjonelle", "fuskar litt", "fuskar mykje" eller "anarkistar". Sjå kapittel 5 for nærmere forklaring og inndeling av desse gruppene.

Eg prøvde også å undersøke kva namnegrupper som var i bruk, spesielt for dei namna eg ikkje kunne sjå oppkallinga til. Det viste seg at alle gardbruksfamiliane hadde ei overvekt av kyrkjelege namn blant barna sine, anten eg kjende kven dei var oppkalla etter eller ikkje. Embetsmannsfamiliane brukte nok fleire utanlandske eller nordiske namn, men også der var dei kyrkjelege namna i fleirtal. Det var altså ingen signifikante avvik å finne. Nærare forklaringar om namnegrappene finns i kapittel 4.

6.1. GARDBRUKARSLEKTER.

Vi tek for oss familietre til Gunnar Andersson og Helga Hansdotter Nydal som gifta seg i 1807, Anders Rognaldson og Ingeborg Sørensdotter Holsen som gifta seg 1817, Tor Olsson og Anna Rakel Rasmusdotter Holsen som gifta seg i 1827 og Abraham Olsson og Lovisa Ellingsdotter Mo som gifta seg i 1820.

Desse fire utgangspara har tilsaman 12 barn, som er nummererte med eit tal og ein bokstav, t.d. 2a. 2 står for foreldreparet og a er det nummeret barnet har som barn, i sine foreldre sitt familietre. Eg har også med 3 barnebarn, som er nummererte med eit tal og to bokstavar, 2ca, der talet står for besteforeldra sitt nummer, den første bokstaven står for den forelderen som nedstammar frå desse besteforeldra og den andre bokstaven står for nummeret barnebarnet har i familietre til **sine** foreldre.

SLEKT 1

1: Gunnar Andersson – Helga Hansdotter (1807).
 (1777 – 1855) (1783 – 1856)

Far sine foreldre: Anders Rasmusson d.1826 og Synnøve Rasmusdtr. d.1812
 Mor sine foreldre: Hans Nilsson d.1834 og Kari Ivarsdr. d?

- a) Anders Nikolai f.1808.
- b) Hans f.1811.
- c) Søgnhilde f.1814
- d) Kristian f.1816
- e) Severine f.1818
- f) Nils Andreas f.1819
- g) Gjertrud f.1822
- h) Lars Kristian f.1825

Denne familien får vurderinga "fuskar mykje". Dei kallar eldste son opp etter farfar, som lever, og nesteldste etter morfar som også lever. Tredje barn er ei jente, som eg trur vert kalla opp etter farmor, som er død, med same forbokstav. Så langt stemmer alt med idealtypen. Men så kjem Kristian, som eg ikkje kan sjå er kalla opp etter nokon bestefar eller oldefar og Severine, som ser ut til å vere ei ny fornamnsoppkalling oppkalling etter farmor, sjølv om Søgnhilde framleis lever (ho vart gift i 1843). Det kan kanskje vere ei ukjent oldemor, men uansett er det ikkje mormor. (Ho vert ikkje oppkalla i denne familien i det heile.) Nils Andreas, barn nr. 6, er oppkalla etter oldefar, med farfar i andrenamnet, det motsette av eldstesonen Anders Nikolai. (Vi veit ikkje om Anders Nikolai framleis lever.) Gjertrud ser ut til å vere kalla opp etter ei død moster, men det kan også vere ei oldemor. Den yngste, Lars Kristian, ser ikkje ut til å vere oppkalla.

Andre generasjon

1b: Hans Gunnarsson – Oline Johannesdotter (1834).
 f.1811 f.1814

Holsen.

Far sine foreldre: Gunnar Andersson d.1855 og Helga Hansdtr.d.1856
 Mor sine foreldre: Johannes Bernts. d.1858 og Orlaug Rognaldsdtr.d.1814
 Oldemødre på farssida: Synnøve og Kari.
 Oldemødre på morssida: Anna og Oline.

- a) Anders f.1837
- b) Nikoline f.1842 d.1846
- c) Rasmus f.1845
- d) Ole f.1848 d.1849
- e) Nikoline f.1851

Denne familien får vurderinga anarkistar. Dei kallar korkje opp bestefedrene eller bestemødrene. Denne familien er litt uvanleg fordi dei overtek morfar sin gard. Likevel er eldsteson Anders oppkalla etter farfars far.

1d: Kristian Gunnarsson – Synnøve Helene Hansdtr (1850).
 f.1816 f.1822

Nydal.

Far sine foreldre: Gunnar Andersson d.1855 og Helga Hansdtr.d.1856
 Mor sine foreldre: Hans Sørensson d.1858 og Anna Andersdtr. d.1862
 Oldemødre på farssida: Synnøve og Kari.
 Oldemødre på morssida: Anna og Pernille.

- a) Anna f.1850
- b) Gunnar f.1852
- c) Helga f.1854
- d) Andreas Henrik f.1855 d.1858
- e) Andreas Henrik f.1860
- f) Severine Randine f. 1861 d.1890
- g) Oline Andrina f.1863

Denne familien fuskar mykje. Dei har ikkje med morfar, og mormor er kalla opp før farmor, sjølv om mormor er i live. Vi veit ikkje når farmor døydde. Vi ser også at dei kalla opp att med same namnet etter at det fjerde barnet døydde som tre-åring.

1f: Nils Andreas Gunnarsson - Synnøve Krispinusdotter (1846).
f.1819 f?

Nydalen.

Far sine foreldre: Gunnar Andersson d.1855 og Helga Hansdtr.d.1856
Mor sine foreldre: Krispinus Krispinusson d.1857, Mari Andersdtr.d.1875

Oldemødre på farssida: Synnøve og Kari.
Oldemødre på morssida: Synnøve og Helga.

- a) Søren Andreas f.1846 d.1847
- b) Anna Serine f.1848 d.1890
- c) Oline f.1849

Denne familien er anarkistar.

1g: Lars Johannessen - Gjertrud Gunnarsdotter (1844).
f.1822 f.1822

Holsen.

Far sine foreldre: Johannes Larsson d.1841 og Siri Olsdotter d.1851
Mor sine foreldre: Gunnar Andersson d.1855 og Helga Hansdtr.d.1856

Oldemødre på farssida: Synnøve
Oldemødre på morssida: Synnøve og Kari

- a) Johannes Søren f.1845
- b) Anders f.1847
- c) Hans f.1849
- d) Severine Oline f.1851
- e) Gunnar f.1853
- f) Gjertrud Nicoline f.1856
- g) Synnøve Anna f. 1858
- h) Oline Lovisa f.1860
- i) Andreas f.1864
- j) Lars f.1864
- k) Kristiane Marie f.1867

Denne familien må og seiast å fuske ein del. Dei kallar ikkje mormor opp.
Derimot er alle oldefedrene oppkalla, sjølv om ein av dei er i ei dotter. Andreas
og Lars (i og j) er tvillingar.

1h: Lars Kristian Gunnarsson - Marta Danielsdtr. (1853)
f. 1825 f.1827

Nydalen.

Far sine foreldre: Gunnar Andersson d.1855 og Helga Hansdtr. d.1856
Mor sine foreldre: Marta Danielsdtr er frå Jølster, og vi har derfor ikkje meir data
om hennar familie.

- a) Helene Severine f.1854, d.1854.
- b) Gunnar Henrik f.1856, d.1859.
- c) Rakel Ingeborg f.1859, d.1864.
- d) Helene Severine f.1860
- e) Gunnar Olai f.1863

Denne familien er vanskeleg å vurdere, når vi manglar heile morfamilien. Vi ser at
dei kallar opp farfar og farmor, men ikkje morfar. Det kan kanskje skuldast at
den eldste sonen, han som var kalla opp etter farfar døydde, og dei kalla opp
nesteldste etter farfar og, og så rekna med å få ein son til som skulle kallast
opp etter morfar.

SLEKT 2

2: Anders Rognaldsen og Ingeborg Sørensdtr. (1817).
(f.1797, d.1887) (d.1879)

Far sine foreldre: Rognald Andersson d.1817 og Oline Olsdtr. d.1817
Mor sine foreldre: Søren Danielsson d. 1803 og Anna Olsdtr d. 1825

- a) Rognald f.1820
- b) Søren f.1824
- c) Anna Oline f.1832

Denne familien er helt tradisjonell, farfar først, så morfar og så bestemødrene
med kvart sitt namn i dobbelnamnet til dottera. At dei vel å setje mormor sitt
namn først, kan vere ein indikasjon på at dei har tenkt å bruke begge namna til
dagleg, Anna Oline er lettare å seie enn Oline Anna.

Andre generasjon

2a) Rognald Andersson og Synnøve Antonsdotter. (1845).
(f.1820, d.1858) (f.1818, d.1882)

Holsen

Far sine foreldre: Anders Rognaldsson d.1887, Ingeborg Sørensdr. d.1879
Mor sine foreldre: Anton Olsson d.1839 og Marta Andersdtr. d.1865

Oldemødre på farssida: Oline og Anna
Oldemødre på morssida: Johanne og Oline

- a) Anna Mari f.1850, d.1861
- b) Anders Nikolai f. 1853

Denne familien kan vi ikke vurdere sikkert, med berre to barn, men vi ser at farfar er kalla opp i sonen og mormor kanskje i andrenamnet til dottera. Det kan vere morforeldra ho er kalla opp etter, med morfar med forbokstav i førstenamnet. Uansett er det ikke farmor som vi etter reglane skulle vente.

2c: Lars Kristiansson – Anna Oline Andersdotter (1849).

Høgset

Far sine foreldre: Kristian Andersson, d.1861 og Brita Nilsdtr. d.1881
Mor sine foreldre: Anders Rognaldsson d.1887, Ingeborg Sørensdr. d.1879

Oldemødre på farssida: Marta
Oldemødre på morssida: Oline og Anna

- a) Kristian, f.1850
- b) Anna Bergitte, f.1854
- c) Ingeborg f.1857
- d) Nikoline Randine f.1861
- e) Andreas Olai f.1866
- f) Lovisa Andrine f.1870

Denne familien må vi kalle tradisjonelle. Dei kallar alle besteforeldra opp, sjølv om farmor berre er kalla opp i dobbelnamnet med forbokstav. Det kan forresten godt hende at dei brukte Bergitte til vanleg. Eller det kunne hende at dei ikke likte farmor.

Tredje generasjon

2ab: Anders Nikolai Rognaldsson – Oline Olsdotter (1871).

Holsen

Far sine foreldre: Rognald Andersson d.1858 og Synnøve Antonsdtr. d.1882
Mor sine foreldre: Ole Anders Knutsson d.? og Malene Andersdtr. d.1913

Oldemødre på farssida: Ingeborg og Marta
Oldemødre på morssida: Johanne og Oline

- a) Rognald Olai f.1872
- b) Anna Mari f.1874
- c) Nikolai Andreas f.1879
- d) Mikaline Severine f.1879
- e) Olaf f.1881
- f) Inga f.1883
- g) Rognald Olai f.1886
- h) Severine Andrea f.1889
- i) Anna Oline f.1891
- j) Albert f.1893
- k) Anton f.1896
- l) Kristina f.1896

Denne familien må vurderast å fuske litt. Dei har med alle besteforeldra, men dei kaller opp andre innimellom, som faster Anna Mari som døydde 11 år gammal (fars einaste søsknen), og fars andrenamn. Dei tek det heller ikke så nøye om dei kallar opp med forbokstav i staden for heile namnet.

2ca: Kristian Larsson – Hanna Carolina Nilsdtr. (1875)

Far sine foreldre: Lars Kristiansson og Anna Oline Andersdtr.
Mor sine foreldre: Nils Andreas Olsson (d.1899) og Marta O. Tordtr.

Oldemødre på farssida: Brita og Ingeborg
Oldemødre på morssida: Kari og Anna Rakel

- a) Lars Kristoffer f.1877 d.1878
- b) Lars Kristoffer f.1881
- c) Nils Matias f.1884
- d) Andrina Bergitta f.1887
- e) Nils Matias f.1889
- f) Marta Karoline f.1891
- g) Andreas f.1893
- h) Olai f.1896

Denne familien er heilt tradisjonelle, dei har besteforeldra med i rette rekkefølge, og så kjem oldeforeldra. Rett nok vrir dei litt på namna, særleg på kvinnedørene, men i det store og hele kan vi kalle dei tradisjonelle.

2cb: Andreas Nilsson – Anna Bergitta Larsdtr. (1873).

Far sine foreldre: Nils Andreas Olsson (d.1899) og Marta O. Tordtr.
Mor sine foreldre: Lars Kristiansson og Anna Oline Andersdtr.

Oldemødre på farssida: Kari og Anna Rakel
Oldemødre på morssida: Brita og Ingeborg

- a) Karoline f.1876
- b) Nils Kristoffer f.1879
- c) Lars Andreas f.1882
- d) Matias Bendik f.1887 d.1889
- e) Anna Matea f.1890
- f) Marta Bergitte f.1894
- g) Olai Albert f.1898

Denne familien fuskar litt, dei kallar opp att besteforeldra, men kaller opp oldemor før bestemødre og mormor før farmor. Matias Bendik (d) kan vere oppkalla med forbokstav etter farmor, eller han er ikkje oppkalla i det hele.

SLEKT 3

3: Tor Olsson – Anna Rakel Rasmusdotter. 1827.
1802–1862 1801 – 1848

Holsen

Far sine foreldre: Ole Andersson d.1831 og Rakel Nilsdtr.
Mor sine foreldre: Rasmus Olsson d.1839 og Helga Andersdtr d.1849

Oldemødre på farssida: Helga
Oldemødre på morssida: Rakel og Synnøve

- a) Marta Oline f.1829
- b) Ole Rasmus f.1832
- c) Nikolaia f.1834
- d) Rasmus f.1837
- e) Rognald f.1842
- f) Helene f.1846

Denne familien fuskar mykje. Dei kallar opp att farfar si første kone i staden for farmor. Dei har to barn som ikkje er oppkalla, og dei bruker forbokstavsoppkalling på den yngste.

Andre generasjon

3a: Nils Andreas Olsson – Marta Oline Torsdtr. (1850)
1831 – 1899 f.1829

Flæten

Far sine foreldre: Ole Andersson d.1874 og Kari Nilsdtr. d.1857
Mor sine foreldre: Tor Olsson d.1862 og Anna Rakel Rasmusdtr.

Oldemødre på farssida: Rakel
Oldemødre på morssida: Rakel og Helga

- a) Andreas f.1852
- b) Hanna Caroline f.1857
- c) Ole Rasmus f.1859
- d) Tomas Andreas f.1861
- e) Cornelius Rasmus f.1865

Denne familien fuskar litt. Dei kaller ikkje bestemødrane opp med heilt namn, men det ser ut til at dei slår dei saman i dottera. Dei kallar oldefar opp først, men då var begge bestefedrene framleis i live. Etterpå kallar dei opp farfar og morfar.

3b: Ole Rasmus Torsson – Nille Caroline Olsdtr (1850)

Holsen

Far sine foreldre: Tor Olsson d.1862 og Anna Rakel Rasmusdtr.
Mor sine foreldre: Ole Anderson d.1875 – Kari Nilsdtr. d.1857

Oldemødre på farssida: Rakel og Helga
Oldemødre på morssida: Rakel

- a) Ole Andreas f.1855
- b) Anna Helene f.1858
- c) Taline Caroline f.1863
- d) Cornelius Andreas f.1867

Denne familien fuskar og litt. Dei kalla opp alle besteforeldra, men nokre med forbokstav og nokre i andrenamnet.

SLEKT 4

4: Abraham Olsson – Lovisa Ellingsdtr. 1820.

Mo

Far sine foreldre: Ole Abrahamsson d.1838 og Helga Larsdtr. d.1834.
Mor sine foreldre: Elling Henrikson d.1803 og Johanne Larsdtr. d.1835

- a) Inger f.1821
- b) Berta f.1823
- c) Ole f.1825

Denne familien fuskar mykje. Dei kallar ikkje opp bestemødrene. Vi kjenner ikkje oldemødrene, så vi veit ikkje om det er dei dei kallar opp. Dersom det er oldemødrene som er oppkalla, kan det vere at foreldra valde å kalle opp dei som er døde før dei kalla opp bestemødrene, som faktisk var i live då dei to jentene vart fødde. Men dersom dei fulgte "regelen" om det dei døde skal kallast opp før dei levande var dei ikkje heilt konsekvente, for dei kalla opp ein levande farfar før ein død morfar.

Andre generasjon

4a: Ole Jeremiasson (g.1 med Nille) – Inger Abrahamsdtr. 1840. 1804 – etter 1900 1821 – 1892

Kinna.

Far sine foreldre: Ukjende, frå Jølster.
Mor sine foreldre: Abraham Olsson d.1842 og Lovisa Ellingdtr. d.1883.

Oldemødre på morssida: Helga og Johanne

- a) Nils Johannes f.1841, d.1846
- b) Anna Olianna f.1843
- c) Johannes Kristian f. 1845 d.1848
- d) Nikoline Andrina f.1848
- e) Lovisa Johanne f.1851
- f) Johanne Caroline f.1854
- g) Olianna f.1857
- h) Ole Ludvik f.1861

Denne familien er anarkistar. Dei kallar korkje opp farfar eller morfar, trass i at dei har tre sønner. To av sønene dør unge, men etter at dei er døypte. Vi ser at

dei kaller opp mormor og eit par oldemødre, og den tidlegare kona, men for det meste med forbokstav.

4b: Elias Madsson – Berta Abrahamsdtr. 1843.

Erdalsdalen

Far sine foreldre: Mads Eriksson og Mari Oddjersdtr.
Mor sine foreldre: Abraham Olsson d.1842 og Lovisa Ellingsdtr. d.1883.

Oldemødre på morssida: Helga og Johanne

- a) Anne Marie f.1845
- b) Nicoline f.1847
- c) Anne Marie f.1849
- d) Marta Andrea f.1852
- e) Martinus f.1854
- f) Oline f.1858

Denne familien kallar sin einaste son opp etter farfar. Dei kallar farmor opp med heile namnet som andrenamn, men dei kallar ikkje mormor opp.

To ting talar imot at det skuldast at namnet er "brukt opp". For det første har Elias og Berta fått tre døtre før Ole og Inger (4a) kallar den felles mormora opp. For det andre vert namnet Nikoline brukt i begge familiene utan at eg har greidd å finne ut kvifor – det er ikkje nokon av dei felles oldemødrene eller bestemora, i alle fall. Rett nok er det Elias og Berta som bruker Nikoline først, slik at dei to kan ha hatt ei kjensle av at mormor sitt namn var "brukt opp", når Ole og Inger kallar mormor opp i Lovise i 1851, og dermed valde å unnlate å kalle mormor opp av den grunn. Dette forklarer likevel ikkje kvifor ho ikkje vart kalla opp i staden for Nikoline.

Ellers er det vanskeleg å vurdere ein familie med såpass mange døtre når vi berre kjenner helvta av oldemødrene.

4c: Ole Andreas Abrahamson – Rakel Andersdotter. 1845.

Mo.

Far sine foreldre: Abraham Olsson d.1842 og Lovisa Ellingsdtr. d.1883.
Mor sine foreldre: Ukjende, frå Østenstad.

Oldemødre på farsida: Helga og Johanne.

- a) Anna Marta f.1846
- b) Anna Mari f.1848
- c) Trone f.1851
- d) Abraham f.1854
- e) Ole Andreas f.1858

Denne familien manglar og helvta av formødrene. Men vi ser at dei heller ikkje kaller opp mormor, og at dei nytter eit namn som er likt med 4b, Elias og Berta – Anna Mari. Dei kallar farfar opp i den eldste sonen og morfar i andrenamnet til den nesteldste.

6.2 EMBETSMANNSLEKTER

Denne delen av granskinga inneheld ein sorenskrivarfamilie med tre barn, fem barnebarn og tre barnebarnsbarn, til saman 12 familiar. Så er her tre prestefamiliar, og ein familie til ein prest som er son av ein prest, tilsaman fire.

Det gjev 16 embetsmannsfamiliar totalt.

Eg har brukt dei same nummereringa som for gardbrukarslektene.

SLEKT 1

1: Thomas Fasting – Karen Tuchsen.

Farforeldre: Johan Jacob Fasting – Christiane Sophie.
Morforeldre: Christian Fredrik Tuchsen – Margrethe Marie Rye.

- a) Marie Daae Fasting f.1794
- b) Christiane Sophie Fasting f.1795
- c) Johan Jacob Fasting f. 1798
- d) Christian Fredrik Fasting f.1799
- e) Michael Sundt Tuchsen Fasting f.1801
- f) Anna Harboe Frimann Fasting f. 1804
- g) Anna Cathrine Fasting f.1807

Denne familien er vanskeleg å vurdere, fordi vi manglar alle oldeforeldra. Det skuldast mellom anna at det her ikkje er patronymikon. Men vi legg likevel merke til at alle besteforeldra er oppkalla, og at oppkallinga av besteforeldra stort sett inneheld begge namna deira. I nokre tilfelle, som eg ikkje kan forklare, er etternamn inne i bildet.

Andre generasjon

1a) Mads Christensen – Marie Daae Fasting.

Skeid

Farforeldre: Christian Larsson – Johanne Christine Jonasdr.
Morforeldre: Thomas Fasting – Karen Tuchsen.

Oldefedre på morssida: Johan Jacob – Christian Fredrik
Oldemødre på morssida: Christiane Sophie – Margrethe Marie.

- a) Karen Daae Fasting Christensen f.1819
- b) Thomas Fasting Christensen f.1822
- c) Birgitte Cathinka Christensen f.1824
- d) Christen Christensen f.1826
- e) Michael Sundt Tuchsen Christensen f.1827
- f) Johanne Christine f.1831
- g) Christiane Sophie f.1834

Denne familien er tradisjonell. Det at den tredje sonen, og det femte barnet, i både familie 1 og 1a er kalla Michael Sundt Tuchsen før etternamnet, er interessant. Mads Christensen er av småkårsfolk, og vi ser at morforeldra vart oppkalla først.

1e: Michael Sundt Tuchsen Fasting – Anne Christine Krohn
1801 – 1873 1809 – 1876

Farforeldre: Thomas Fasting – Karen Tuchsen
Morforeldre: Dankert Dankertsen Krohn og Synve Christine

Oldeforeldre på farssida: Johan Jacob – Christiane Sophie og Christian Fredrik – Margrethe Marie.

- a) Birgitte Sophie Amalie f.1839
- b) Thomas Fasting f.1852

Her er ingen av bestemødrene oppkalla. Farmor var allereie oppkalla i Marie Daae Fasting og Mads Christensen si eldste dotter. Farfar var og oppkalla i

1852, men det var 30 år tidlegare i ein dotterson. Den etterlengta sonesonen vart den einaste Thomas Fasting fekk, og det var han vel klar over, viss han framleis levde. Dette viser det at det her kan vere snakk om val – ein vel å la vere å kalle opp farmor når ho allereie er kalla opp. Men ein skulle likevel tru at mormor då skulle kallast opp, viss ho ikkje allereie var oppkalla av nokon av syskena til Anne Christine. Det veit vi ikkje.

1f: Anna Harboe Frimann Fasting – Christopher Parelius Aarestrup
1804 – 1890

Morforeldre: Thomas Fasting – Karen Tuchsen

Oldeforeldre på morssida: Johan Jacob – Christiane Sophie og Christian Fredrik – Margrethe Marie.

- a) Thomas Aarestrup f.1846
- b) Christian Aarestrup f.1847

Her er det heller ikkje lett å seie noko, vi manglar både forfedre og formødre. Men i og med at farforeldra ikkje er oppført hos Hjalmar Christensen, tyder det på at Christopher Parelius Aarestrup vart rekna for å stå litt under Anna Harboe osb. i rang, men ikkje langt nok til å vere eksotisk, som Mads Christensen.

Tredje generasjon

1aa: Jørgen Wright Aall og Karen Daae Fasting Christensen. 1841
1810 – 1852 1819 – 1890

Farforeldre: Nicolai Benjamin Aall – Anna Cathrine Iversen
Morforeldre: Mads Christensen og Marie Daae Fasting

Oldeforeldre på morssida: Christian og Johanne – Thomas Fasting og Karen Tuchsen.

- a) Nicolai Benjamin Aall f.1842
- b) Marie Aall f.1844
- c) Anna Cathinka Aall f.1845
- d) Mads Christensen Aall f.1846
- e) Birgitte Christine Sophie Rosamunde Aall f.1848
- f) Christian Fredrik Fasting Aall f.1851
- g) Jørgen Wright Aall f.1852

Denne familien er tradisjonell. Dei kollar opp alle fire besteforeldra først, sjølv om dei vert litt "omstokka". Så kollar dei kanskje opp ei oldemor, og så ein oldefar, og til slutt faren som døydde mens mora var gravid.

1ac: Oscar Christian Julius Lyche – Birgitte Cathinka Christensen
1819 – 1898 1824 – 1857

Morforeldre: Mads Christensen og Marie Daae Fasting

Oldeforeldre på morssida: Christian og Johanne – Thomas Fasting og Karen Tuchsen.

- a) Christian f.1855
- b) Birger f.1857

Birgitte Cathinka døydde truleg i barsel i 1857, same året Birger vart fødd. Det er nok forklaringa på at yngste sonen fekk eit såpass nytt namn som Birger, fordi det er det mannsnamnet som liknar mest på Birgitta. Den eldste sonen heiter Christian, og det kan vere etter ein oldefar på morssida, men det kan og vere eit namn i farslekta, sidan det er eit av dei tre fornamna til faren.

1ae: Michael Sundt Tuchsen Christensen – Fredrikke Sophie Elster
1827 – 1895 f.1838

Farforeldre: Mads Christensen og Marie Daae Fasting
Morforeldre: Christen Christensen Elster – Elen Sophie Alstrup

Oldeforeldre på farssida: Christian og Johanne – Tomas Fasting og Karen Tuchsen.

- a) Hjalmar Christensen f.1869
- b) Erny Elster Christensen f.1870
- c) Ingolf Elster Christensen f.1872

Det ser ut til at denne familien ikkje tek omsyn til oppkallingsreglar, og at dei nyttar "moderne" namn i større grad enn dei eldre søskena til faren. Dei har i alle fall ikkje kalla opp nokon av bestefedrene, trass i at dei har to søner, og dersom dei har kalla opp ei bestemor i den eine dottera dei fekk, er det mormor som er kalla opp med forbokstav. Dei er dei einaste blant embetsmannsfamiliane så langt, som kan kallast "anarkistar", og det kan skuldast at Michael er 5. barn og derfor ikkje følte presset på seg for å kalle opp for å føre slektsnamna vidare. Og kanskje det spela inn at besteforeldra, på hans side, allereie var kalla opp.

1fa: Thomas Aarestrup og Oline Hansen

Farforeldre: Christopher og Anna Aarestrup (d.1890)

Oldeforeldre på farssida: Tomas og Karen

- a) Anna f.1894
- b) Christopher f.1896
- c) Henrik f.1898
- d) Dagny f.1900

Denne familien er tradisjonell, så langt vi kan sjå. Men dei tek i bruk to "moderne" namn på dei to yngste. Det kan vere at dei kallar opp med forbokstav, eller kanskje dei vel å ikkje kalle opp. Det at Oline Hansen heiter Hansen til etternamn kan tyde på at ho kjem frå eit lavare sosialt lag enn Aarestrup.

1fb: Christian Aarestrup og Brita Lefdal

Farforeldre: Christopher og Anna Aarestrup (d.1890)

Oldeforeldre på farssida: Tomas og Karen

- a) Christopher f.1892
Anne f.1892
- c) Knut Sigurd f.1894
- d) Fredrik f.1896
- e) Alvild f.1907

Vi manglar heile morssida, og det gjer at vi ikkje kan seie noko om denne familien i seg sjølv, men samanlikna med 1fa, broren, ser vi at dei begge kaller opp dei to eldste etter farmor og farfar. Thomas og Oline gjev si dotter namnet Anna og sonen Christian sjølv om tvillingane til Christian og Brita heiter det same og er fødde berre eit par år før.

Fjerde generasjon

1aab: Georg Wiese og Marie Aall

Farforeldre: Johan Christopher Wiese og Dorothea f. Knagenhjelm
Morforeldre: Jørgen Wright Aall (d.1852) og Karen Daae Fasting Christensen (d.1890)

Oldeforeldre på morssida: Mads og Marie, Nicolai Benjamin og Anna Cathrine

- a) Leif f.1866
- b) Marie f.1868

Det er vanskeleg å seie noko når dei berre har to barn. Men ingen av bestefedrene vert kalla opp i sonen.

1aac: Andreas Lind – Anna Cathinka Aall

Farforeldre: Andreas G. Lind og Marie Caspara

Morforeldre: Jørgen Wright Aall (d.1852) og Karen Daae Fasting Christensen (d.1890)

Oldeforeldre på farssida: Mathias og Marie, Ole
Oldeforeldre på morssida: Mads og Marie, Nicolai B. og Anne C.

- a) Marie Caspara f.1878
- b) Jørgen Wright f.1880
- c) Nicolai Benjamin f.1882
- d) Gerda Christiane Sophie f.1884
- e) Olaug Dorothea f.1888

Vi ser her at ein besteforelder frå kvar side vert kalla opp, og ein oldefar. Dei vert kalla opp med alle namna. Deretter kjem to døtre som ikkje ser ut til å vere oppkalla, med relativt moderne namn.

1aaf: Christian Fredrik Fasting Aall – Anna Vaumund

Farforeldre: Jørgen Aall (d.1852) og Karen (d.1890)

Oldeforeldre på farssida: Mads og Marie, Nicolai B. og Anne C.

- a) Johanne Christine f.1881
- b) Nicolai Benjamin f.1883
- c) Wilhelm f.1889

Her manglar vi heile morfamilien, men vi ser at korkje farfar eller farmor er kalla opp. Dersom Johanne og Wilhelm er kalla opp etter morforeldra, så er det litt

uvanleg, men forsåvidt berre "litt fusk". Men dersom dei er ikkje er kalla opp, eller er kalla opp etter oldeforeldre, så kvalifiserer det til vurderinga "fusker mykje" eller "anarkistar". Uansett er dei ikkje tradisjonelle.

Sjølv om vi her har 12 ulike familiar, så hører dei alle til ei slekt. La oss sjå om vi kan analysere ei anna gruppe embetsmannsfamiliar, nemleg prestane. Henta frå Lampe 1895.

SLEKT 2

2: Søren Hjelm Friis – Charlotte Louise Cammermeyer (1810)
1781 – 1856 d.1869

Farforeldre: Niels Friis (d.1814) – Birgitte Christine Hjelm (d.1820)
Morforeldre: Johan Sigfried Cammermeyer (d.1849) – Anna Jochumine Poppe
(d.1801)

Oldeforeldre på farssida: Niels og Elisabeth, Søren og Gidsken
Oldeforeldre på morssida: Johan Sebastian, Godsche Ewald Poppe og Charlotte Louise Cammermeyer.

- a) Johan Sebastian Cammermeyer Friis f.1811
- b) Anna Cecilie Dorthea f.1813
- c) Nikolai f.1815
- d) Johan Sigfrid Cammermeyer Friis f.1817
- e) Birgitte Christine f.1819
- f) Jens Andreas f.1821
- g) Marie Christine f.1822
- h) Severine Charlotte f.1825
- i) Jacob Pavels f.1827
- j) Margrethe Bolette f.1828
- k) Johanne Nikoline f.1833

Denne familien kaller opp besteforeldra, men berre ein oldefar (i den eldste sonen) av alle oldeforeldra, trass i at dei har 11 barn. (Den eldste sonen kan og vere oppkalla etter ein morbror som dør ung.) Besteforeldreoppkallinga er ikkje regelbunden, mormor før farmor, men det kan skuldast at mormor er død medan farmor framleis er i live. Farfar vert kalla opp med forbokstav. Når vi ser på fødselsåret, 1815, kan det vere nærliggande å tru at Nikolai Wergeland var inspirasjonen bak fornamnet. Han var jo og ein prest som stamma frå Sogn og Fjordane og hadde gjort namnet sitt svært kjend året før.

Vi kan finne ein generasjon vidare for eit av barna til Søren Hjelm Friis.

2c: Nikolai Friis – Bolly Elise Elstrand 1870
1815 – 1888 1856 – 1873

Farforeldre: Søren Hjelm Friis (d.1856) og Charlotte Louise Cammermeyer (d.1869).

Morforeldre: Henrik Elstrand (d.1888) og Johanne Laurentzia.

Oldeforeldre på farssida: Niels og Birgitte Christine, Johan Sigfried og Anna Jochumine.

- a) Elias f.1873 d.1876

Mora dør i barselseng og Nikolai gifter seg med søstera Johanne i 1877.

- b) Elise f.1878 d.1882
- c) Niels Henrik Elstrand f.1880
- d) Johan Sigfried Cammermeyer f.1883 d.1889
- e) Nikolai f.1888

Det ser ut som at Bolly Elise brukte Elise til vanleg, både den sonen ho døydde under fødselen til og den eldste dottera i Nikolai sitt neste ekteskap vart kalla opp etter Elise. Men det kan sjølv sagt vere at Elise var lettare å finne mannsnamn til, og at den eldste dottera til Nikolai og Johanne er kalla opp etter stebroren som døydde i 1876. Det er også interessant å sjå at farfar ikkje vert kalla opp att, men derimot den oldefaren vi trur Nikolai sjølv vart kalla opp etter. Morfarene vart kalla opp i andrenamnet til same barn. Og så ser vi at faren Nikolai sjølv dør før siste sonen vert fødd, slik at han og skal kallast opp.

SLEKT 3

3: Michael Sundt Tuchsen Fasting – Christiane Torbjørg Bøgh
1806 – 1885 1811 – 1862

Farforeldre: Georg Fredrik Christopher Fasting – Anne Catherine
Morforeldre: Christopher Benedikt Bøgh og Andrea Fredrikke

- a) Georg Fredrik Christopher f.1838
- b) Andrea Frederikke Elonora Dorthea f.1839
- c) Anne Cathrine f.1841
- d) Christopher Benedikt f.1843
- e) Sanna f.1845
- g) Johan Jacob f.1848
- h) Margrethe Dorothea f.1849
- i) Ole Wilhelm f.1852

SLEKT 1:

Gunnar Anders.-Helga Hansd. (d.1855 og 1856)
Farfor.: Anders Rasmuss.-Synnøve Rasmusdtr.
Morfor.: Hans Nilss.-Kari Ivarsdtr.

1b: Hans G.-
Oline Johanneshd.
1834
Morf: J. Berntss. og
Orlaug Rognaldsdtr.
Oldemødre, mors: Anna
og Oline

1d:Kristian G.-
Synnøve H. Hansd.
1850
Morf:H.Sørenss. og
Anna Andersdtr.
Oldem.,mors:Anna
og Pernille

1f:Nils A.G.-
Synnøve (1846)
Krispinusdtr.
Morf:K.Krispinuss.
-Mari Andersdtr.
Oldem.,mors:Synnøve
og Helga

1g: Lars Johanness.
- Gjertrud G.
1844
Morf:J.Larsson
-Siri Olsdtr.
Oldem.,fars:
Synnøve

1h:Lars K.G-
Marta Danielsd.
1853
Morf:Fra Jølster,
Mangler meir
data.

Anders 1837
Nikoline 1842
Rasmus 1845

Ole 1848

Nikoline 1851

Gunnar 1852

Helga 1854
Andreas Henrik 1855

Søren Andreas 1846

Anna Serine 1848
Oline 1849

Anna 1850

Gunnar 1851

Gunnar 1853

Andreas 1854

Johannes Søren 1845

Anders 1847

Hans 1849

Severine Oline 1851

Gunnar 1853

Helene Severine 1

Gjertrud N.1856
Synnøve Anna 1858

Andreas Henrik 1860
Severine Randine 1861

Oline Andrine 1863

Agneta 1864
Kristiane Marie 1867

Gunnar H.1856

Rakel I.1859
Helene S. 1860

Gunnar Olai 1863

Andreas og Lars 1864
Kristiane Marie 1867

I denne familien, der ingen er av prestestått, finn vi ikke oldeforeldra att i Lampe. Familien ser ut til å vere like tradisjonell som familie 2. Besteforeldra er kalla opp først.

SLEKT 4

4: Andreas Jespersen - Louise Augusta Lund (1868)
1839 - 1892

Farforeldre: Tjøl Jespersen (d.1872) – Sara Pedersdtr (d.1888)
Morforeldre: Jonas Lund og Inger Marie

- a) Inger Marie f.1869, d.1869
- b) Tjodolv f.1870, d.1871
- c) Sara f.1872, d.1872
- d) Tjodolv f.1875
- e) Inga Marie f.1877
- f) Louise Augusta f.1880, d.1880

Denne familien er tradisjonell på nokre punkt. Dei kallar opp att besteforeldra, så langt dei rekk, men dei kallar farmor opp før dei kallar mormor opp på nytt etter at den eldste dottera døydde. Og dei tek eit heilt nytt namn, som kan vere frå ei oldemor (mor lever enno nokre år) på Louise Augusta, i staden for å kalle farmor opp på nytt, etter at Sara, som ho var kalla opp i, døydde i 1872.

6.3. SAMANLIKNING

Vi kan samanfatte oppkalling i gardbrukarslektene og sorenskrivarslektene i skjematiske form. Presteslektene er berre einskilde familiar, og vi kan ikke granske oppkalling nedover i generasjonane på same måte. Men det er likevel interessant å undersøke dei, fordi vi reknar dei som impulsbærarar i høve til bygda.

La oss først sjå på gardbrukarslektene.

SLEKT 2:

Anders Rognalds. og Ingeborg Sørensd. (d.1887 og 1879)
 Farf: Rognald Anderss. og Oline Olsdtr.
 Morf: Søren Danielss. og Anna Olsdtr.

2a: Rognald A. og Synnøve Antonsdtr. 1845
 Morf:A. Olsson – Marta Andersdtr.
 Oldemødre, mors:Johanne og Oline

Anna Mari 1850
 Anders Nikolai 1853

Kristian 1850

Anna Bergitte 1854
 Ingeborg 1857
 Nikoline Randine 1861
 Andreas Olai 1866
 Lovisa Andrine 1870

2c: Lars Kristiansson-Anna Oline A. 1849
 Farf: K.Anderss. og Brita Nilsdtr
 Oldem.,fars: Marta

2ab: Anders N.R og Oline Olsdtr 1871
 Morf: O.A. Knutss. og Malene
 Andersd. Oldem: Johanne,Oline
 Rognald O. 1872
 Anna Mari 1874

2ca:Kristian L.og Hanna 2cb: Andreas Nilss.-Anna L. 1873
 Nilsd. 1875 Farf: Sjå morf. 2ca.
 Morf:Nils Olss.og Marta
 Torsd. Oldem:Kari og Anna

Karoline 1876
 Lars Kristoffer 1877
 Nils Kristoffer 1879
 Lars Kristoffer 1881
 Lars Andreas 1882

Inga 1883
 Rognald O. 1886
 Severine Andrea 1889
 Anna Oline 1891
 Albert 1893
 Anton og Kristine 1896

Nils Matias 1884
 Andrine Bergitte 1887
 Nils Matias 1889
 Marta Karoline 1891
 Andreas 1893
 Olai 1896

Matias Bendik 1887
 Anna Matea 1890
 Marta Bergitte 1894
 Olai Albert 1898

Vi ser i dette skjemaet at barneflokken til Gunnar og Helga i familie 1, 1b - 1g, syner seg å vere lite tradisjonelle i oppkallinga av sine barn, Gunnar og Helga sine barnebarn. Det er kanskje heller ikkje å vente når Gunnar og Helga sjølv fuksa mykje med oppkallinga. To av barna er anarkistiske, dei andre fuskar ein del.

Gunnar er oppkalla i tre familiar, i to av dei mens han er i live. Han er farfar i den eine og morfar i den andre familien. Helga er oppkalla i to familiar, ein med forbokstav. Ellers vert ein felles oldefar Anders oppkalla fleire gonger.

Vi finn ikkje spor av at dei eldre søskena er meir tradisjonelle enn dei yngre, eller at det ikkje er naudsynt å kalle opp att same besteforelder fleire gonger.

Det er vanskeleg å samanlikne oppkalling i andre generasjon i slekt 2 sidan 2a berre har to barn. Men vi ser at foreldra er heilt tradisjonelle i oppkallinga, medan det eine barnet vi kan seie noko sikkert om er mindre tradisjonell enn foreldra. Altså spor av at foreldregenerasjonen er meir tradisjonell i oppkallinga enn neste generasjon, som i slekt 1, sjølv om utgangspunktet er ulikt. Vi ser og at Anders er oppkalla i begge familiene, og Ingeborg i den eine. Og så kjem det inn ein Nikolai og ei Nikoline i kvar sin familie, som vi ikkje finn att mellom forfedrene.

I tredje generasjon i slekt 2 ser vi at dei to eldste barna til Lars Kristiansson og Anna Oline Andersdotter – Kristian og Anna Bergitte – gifter seg med kvart sitt søsken, nemnleg Hanna Carolina og Andreas, som er barna til Nils Andreas Olsson og Marta Oline Torsdotter.

Begge sønene er odelssøner som tek over kvar sin farsgard.

Kristian og Hanna Caroline tek over bruk 3 på Høgset i 1883, 8 år etter at dei var gifte og etter den andre sonen var fødd.

Andreas tek over bruk. nr. 1 Ytre Flæten i 1883, der han og Anna Bergitte hadde budd i som innerstar i ti år etter at dei var gifte, altså fram til Lars Andreas var fødd.

Begge desse familiene tek over garden, og dei ventar nesten like lenge på han. Dei bur på nabogardar, har same forfedre og har nesten like mange barn.

Trass i at den eigedomsmessige og sosiale bakgrunnen for kvar av desse to familiene er nokså lik, ser vi at Kristian og Hanna Caroline er heilt tradisjonelle, medan Andreas og Anna Bergitte fuskar litt. Derfor må det vere andre ting som spelar inn, personlege faktorar. Det viser at det på denne tida ikkje var eit heilt rigid mønster, for då skulle oppkallinga ha skjedd etter reglar og desse familiene som er så like skulle ha kalla opp på same måte.

Vi ser og at begge familiene har søner som heiter Lars og Nils etter bestefedrene. Men sidan den som er farfar for den eine familien er morfar for den andre og omvendt er dei ikkje kalla opp på same son eller i same år. Bestemødrene er ikkje heilt eins, Marta fins i begge familiene, men Anna vert

også kalla opp i Andrina. Dei kollar opp dei same tre oldefedrene – Kristian (som begge kollar opp i ein Kristoffer som andrenamn på farfar), Andreas, som også er andrenamn for Kristian og Hanna Caroline, og Ole/Olai. To av oldemødrene vert og kalla opp med forbokstav: Kari i Karoline og Brita i Bergitta (andrenamn).

Det ser altså ikkje ut til å spele noko rolle for desse familiene at nokon andre allereie har "brukt opp" det namnet dei ifl. reglane skal bruke. (Oppkallingsreglar: sjå innleiinga til kapittel 5)

Av dei andre søskena til Kristian og Anna Bergitte er det to som ikkje gifter seg, og ein som gifter seg i 1896, og dermed fell utanfor denne granskninga. Den siste seier bygdeboka ikkje noko om.

Det vert vanskeleg å sjå om yngre søsken er mindre tradisjonelle her, sidan Kristian og Anna Bergitte er eldstesøsken,

Tor Ols. og Anna R. Rasmusdtr (d1862 og 1848)

Farf: Ole Anderss. og Rakel Nilsdtr

Morf. Rasmus Ols. og Helga Andersdtr.

3a: Nils Andreas Ols., Marta Oline Torsdtr.
Farf: Ole Anderss. og Kari Nilsdtr.
Oldem. på farssida: Rakel

Andreas 1852

Hanna Caroline 1857

Ole Rasmus 1859

Tomas Andreas 1861

Kornelius Rasmus 1865

3b: Ole Rasmus T. og Nille Caroline Olsd.
Morf: Sjå farf. 3a

Ole Andreas 1855

Anna Helene 1858

Taline Caroline 1863

Kornelius Andreas 1867

I andre generasjon i slekt 3 har vi og to søsknen som gifter seg med eit
søsknenpar, og dei er alle blant dei to-tre eldste søskena i kvar familie. Slike
familiar er ekstra interessante, fordi dei har så mange av dei ytre faktorane sams.

Vi ser at Ole er kalla opp med heile namnet i begge familiene, sjølv om han er i
live, hos Ole og Nille er han morfar, men vert kalla opp før farfar. Tor er kalla
opp med Tomas og kanskje med Taline.

Anna vert kalla opp i begge familiene, Kari er blitt erstatta av Caroline i begge
familiene.

Kornelius er eit namn som den yngste sonen i begge familiene får, med to års
mellomrom. Eg veit ikkje kvar det namnet kjem frå.

Vi ser at desse søskenpara, som 2c-søskenpara i forrige slekt, brukar namna
om ein annan, og at dei er mindre tradisjonelle enn foreldra sine.

SLEKT 4:

Abraham Olss.-Lovisa Ellingsd.
Farf: Ole Abrahams-Helga Larsdtr.
Morf: Elling Henriks.-Johanne Larsdtr.

4a: Ole Jeremiass. (g.1m/Nille)-
Inger A. 1840
Farf: Fra Jølster. Manglar
meir data.

Nils Johannes 1841
Anna Olianna 1843
Johannes Kristian 1845

Nikoline Andrine 1848

Lovise Johanne 1851

Johanne Karoline 1854
Olianna 1857

Ole Ludvik 1861

4b: Elias Madss.-
Berta A. 1843
Farf: M.Eriksson-
Mari Odjersdtr.

Anne Marie 1845
Nikoline 1847

Anne Marie 1849

Marta Andrea 1852
Martrus 1854

Oline 1858

4c: Ole Andreas A.-
Rakel Andersdtr. 1845
Morf: Fra Østenstad.
Manglar meir data

Anna Marta 1846

Anne Mari 1848

Trone 1851

Abraham 1854

Ole Andreas 1858

Det er vanskeleg å samanlikne familiene i andregenerasjonen i slekt 4, fordi dei har mange døtre og vi manglar mange formødre. Men vi ser likevel at dei ikkje ser ut til å ta det så nøye med å kalle opp begge bestemødrane, at to av dei kaller farfar opp i den eldste sonen, at dei nyttar dei same namna om ein annan, utan at eg alltid veit om dei er oppkalla eller ikkje. Og to av desse familiene (4a og c) er definitivt gardbrukarar, 4c tek over farsgarden, mens Ole, 4a vart gift til garden til den første kona si, som døydde før dei fekk barn.

Etter å ha granska denne stikkprøven av gardbrukarfamiliar sit eg att med ei styrkt kjensle av at vi må sjå etter andre forklaringsmodellar for namneval og oppkalling enn berre tradisjonar og "reglar" frå gammalt. Men det fell utanom denne granskninga.

Granskninga syner likevel desse tendensane:

- Barna blir jamnt over mindre tradisjonelle enn foreldra sine, anten foreldra fuskar litt eller er helt tradisjonelle.
- Plasseringa i søskenklokken ser ikkje ut til å vere viktig for om oppkallinga er meir eller mindre tradisjonell.
- Besteforeldra blir kalla opp i fleire barnebarn, slik at det ikkje er snakk om at namn blir "brukte opp".

SLEKT 1:

Thomas Fasting-KarenTuchsen

Farf: Johan Jacob Fasting - Christiane Sophie

Morf: Christian Fredrik T.-Margrethe Marie Rye

1a: Mads Christensen-
Marie Daae Fasting
Farf: Christian Larsson-
Johanne C. Jonasdr.

Karen 1819

Thomas 1822

Birgitte Cathinka 1824

Christen 1826

Michael 1827

Johanne Christine 1831

Christiane Sophie 1834

~~1835~~

Thomas 1852

1aa: Jørgen Wright Aall- lac: Oscar C.J.Lyche- lae: Michael C.-
Karen D.F.C. Birgitte C.C.
Farf: Nicolai B.A.-
Anna Cathrine

Nicolai Benjamin 1842

Marie 1844

Anna Cathinka 1845

Mads 1846

Birgitte C.S.R. 1848

Christian F. 1851

Jørgen 1852

Christian 1855

Birger 1857

Hjalmar 1869
Erny 1879
Ingoalf 1872

1e: Michael Sundt Tuchsen F.-
Anne Christine Krohn
Morf: Dankert Dankertsen K.-
Synve Christine

Birgitte Sophie Amalie 1839

Thomas 1846

Christian 1847

1fa: Thomas A.-
Oline Hansen
Morf: Christopher &
Anne 1892

Elster.
Morf: Christen
C.Elster-Ellen S.

Christopher &
Anne 1894
Knut Sigurd 94
Fredrik 1896

Henrik 1898

Dagny 1900

Alvhild 1907

Andre generasjon:

Thomas er kalla opp i alle familiene, Karen i ein. Ellers er det få barn i to av familiene, og vi manglar forforeldre.

Tredje generasjon:

Dei eldste barna føl oppkallingsreglane meir enn dei yngre. Dei yngre barna kjem først inn med "moderne" namn. Men dette kan jo ha med at det går nokre år frå 1842, då Karen Daae Fasting Christensen fekk sitt første barn til 1869, når hennar yngre bror Michael får sin første son. Kanskje det ikkje er plasseringa som gjer Michael til ein liten anarkist, men det at dei moderne impulsane hadde nådd han? Dette vert motsagt av Aarestrup-brørne, som får barn i 1890-åra og er meir tradisjonelle i oppkallinga enn Michael, sjølv om dei yngste barna deira får moderne namn. Aarestrup-brørne er berre to i sin søskensflokk.

Jørgen Wright Aall-Karen Daae Fasting Christensen
 Farf:Nicolai Benjamin Aall-Anne Cathrine Iversen
 Morf:Mads Christensen-Marie Daae Fasting

Iaab: Georg Wiese-Marie Aall
 Farf:Johan Christopher-Dorothea
 Leif 1866
 Marie 1868

Iaac:Andreas Lind-
 Anna Cathinka Aall
 Farf:Andreas G.-Maria

Marie Caspara 1878
 Jørgen 1880

Nicolai Benjamin 1882

Gerda Christine Sophie 1884
 Olauge Dorothea 1888

Johanne Christine 1881

Nicolai Benjamin 1883

Wilhelm 1889

Fjerde generasjon:

Vi ser at 1aac er mykje meir tradisjonell enn 1aaf, som er yngre. Men så ser vi og at 1aab, den eldste som fekk barn (1aaa døydde 16 år gammal), er endå mindre tradisjonell enn dei to yngre, så dermed er vi nesten like langt i å bestemme kva som har mest med oppkalling å gjere, plassering i søskensflokkene eller årstalet for namnegjeving.

Det ser nesten ut som at embetsmannsfamiliane er flinkare til å kalle opp besteforeldra enn gardbrukarane er.

Men dette er ein stikkprøve.

KAPITTEL 7. KONKLUSJON



Frå Odda, 1902

Fotograf: Knud Knudsen

Billedsamlingen, Universitetet i Bergen

I denne oppgåva har eg granska endringar med utgangspunkt i to ulike kyrkjelege hendingar – dåp og ekteskapsinngåing – i perioden 1800–1900, i Førde i Sunnfjord.

Min teori var at den moderniseringa som fann stad på mange plan i samfunnet i denne tidsbolken, også ville vise seg på desse to spesielle områda. Bak denne teorien låg ein tanke om at modernisering er ei einvegs utvikling frå ein tilstand til ein annan. Eg tenkte meg at samfunnet i byrjinga av denne moderniseringa var prega av markerte, tydelege mønster, men at opplysing og individualisering ville vere ei følge av denne prosessen. Eg venta at endringane ville vise seg lineært, og at reglar og mønster ville verte svakare og mindre tydelege over tid.

Som kjeldemateriale brukte eg i hovudsak databaser over fødde og vigde i Førde mellom 1800 og 1900. Desse databasene var laga av Finn B. Førsund, i samband med at han skrev bygdebok for Førde. Manuset til første bind av bygdeboka hadde eg og tilgang til. Alle data kom i elektronisk form, også manuskriptet til bygdeboka.

Først undersøkte eg giftarmål. Eg granska vigslemånad og dato for dei 100 åra det er tale om. Hypotesa var at den aukande yrkesdifferensieringa og moderniseringa utover i det nittande hundreåret ville føre til endringar i ekteskapsesongen og. Denne lineære modellen, at utvikling og modernisering på nokre område i samfunnslivet vil henge saman med utvikling på andre område og, viste seg ikkje å halde stikk for månad og dato. I staden viste det seg ei syklist rørsle. Juni og juli er dei mest populære giftermånadane i heile hundreåret, men særleg frå 1840-åra til 1870-åra.

Derimot fann eg ei markant endring i kva vekedag folk giftar seg på. Fram til 1860-åra er søndag den mest brukte vigselsdagen, men etter 1860 vert alle dagane i veka, med unnatak av laurdag som er lite populær, omlag like mykje brukt. Derimot er søndag den mest brukte viselsdagen i Bergen for alle åra vi har registreringar. At ein i Førde går vekk frå søndag som vigelsdag kan henge saman med overgangen frå fleire- til eindagsbryllup. Det er uvisst kva som i tilfelle er årsaka til at ein går vekk frå fleiredagarsbryllup, om det er mote eller

press eller eit direkte forbod. Det må bli emne for ei større undersøking som og dreg inn anna materiale.

Ein linær modell var brukbar for å studere omgiftefrekvensen. Her fann eg synkande tendens til omgifte mot slutten av hundreåret. Dette heng til ein viss grad saman med at levealderen aukar både for kvinner og menn, men det kan og ha samanheng med ei mentalitetsendring i synet på ekteskap. I det førindustrielle samfunnet vart eit ekteskap oftast sett på som ei samling av to ætter og som ein måte å skaffe seg eit levebrød eller ein forsytar på. Etterkvart vann tanken om det "romantiske ekteskapet" fram, der kjærleiken mellom ektefolka vart viktig.

Ein indikator på om såkalla "fornuftsekteskap" som motsetnad til det romatiske ekteskapet finn stad er å måle aldersskilnaden mellom ektefolka. Dersom aldersskilnaden er stor, og gjerne i brura sin favør, vil ein sjå det som eit fornuftsekteskap. Men dersom aldersskilnaden er liten, er sannsynet for at det er kjærleik med i spelet større, og ein vil då vente å finne større mentale sperrer mot omgifte.

Ei slik undersøking av Førde viste at aldersskilnaden i siste del av hundreåret gjekk litt ned, særleg for ektepar der kvenna var eldst, samstundes som talet på jamaldrande ektepar auka. Det tyder på at ei meir moderne og romantisk haldning til ekteskapet kan vere ei delforklaring til den synkande omgiftetendensen, men auken i levealder er like sannsynleg som forklaring.

Eg hadde tilgang til ei database over alle dei fødde i Førde, henta frå kyrkjebøkene sine register over døpte, og denne brukte eg for å undersøkte namnegjeving og namnebruk.

Eg undersøkte alle dei 8140 fødde for namnegrupper og rørslene i namnemassen, avleidde namn og dobbelnamn. 1766 av desse vart granska nærrare på om dei var oppkalla, og i tilfelle på kva måte og etter kven. Så vurderte eg tradisjonskjensla til 333 familiar, som er familiene til dei 1766 barna, slik ho kjem til uttrykk i om dei held seg til tradisjonelle oppkallingsreglar eller ikkje.

Namnebruken i Førde ser ikkje ut til å skilje seg ut frå andre stader i landet på same tid i vesentleg grad, korkje når det gjeld namnegrupper, avleidde namn eller dobbelnamn. Det vil alltid finnast små skilnader bygdelaga imellom.

Vi veit ikkje korleis rørslene i namnemassen er for andre bygder, men for Førde er det ei stor og aukande utskifting, størst og tidlegast for jentenamn. Vi ser også at det berre er tre namn som er med blant dei ti mest brukte heile århundret gjennom, både for gutter og jenter. Det er likeeins berre 35 namn som er brukte i alle tiårsfolkane, medan det er 123 namn som berre er i bruk i ein tiårsfolk.

Når det gjeld namnegruppene, ser vi som hovuddrag at dei kyrkjelege namna er i fleirtal gjennom heile hundreåret med auke rundt midten av hundreåret for både kvinner og menn. Dei nordiske namna vert gjeve til 20–25 % av døypte barn, litt fleire menn enn kvinner, og kjem litt sterkare heilt på slutten av hundreåret. Dei utanlandske namna får og etterkvart ei lita auke mot slutten av hundreåret, men har ein liten nedgang i midten. Dette er i samsvar med funn frå resten av landet.

Vi ser også at dei avleidde mannsnamna kjem meir i bruk på kvinner utover hundreåret, og at dobelnamnfrekvensen aukar, sterkest og tidlegast for kvinner.

Alle desse faktorane samla gav oss ein indikasjon om 1800-talet heller var prega av innovasjon enn av tradisjon når det gjeld namn, og dette vart stadfest ved undersøking av namnegjeving. Vi fann at berre vel halvparten av gutane og ein tredel av jentene fekk namna sine ved direkte oppkalling med heile namnet, dei andre var ikkje oppkalla, var oppkalla med forbokstav eller uvisse.

Men vi fann likevel at ei hovudtyngde av dei som vart kalla opp med heile namnet vart kalla opp i tråd med tradisjonen; eldste son etter farfar, nesteldste etter morfar eller farfar, tredjeeldste etter morfar eller ein oldefar, fjerde og femte etter oldefar.

Tala for døtrene er meir usikre, fordi vi manglar ein god del formødre, men av dei som er kalla opp med heile namnet ser dei fire eldste døtrene ut til å ha fått namnet frå ei av bestemødrane.

Utgangspunktet for ei granskning av oppkalling blant familiene var å sjå om vi kunne påvise ei utvikling, at det vart færre som var "heilt tradisjonelle" og fleire

som var "anarkistar" i oppkallingssamanheng utover hundreåret. Det viste seg at mønsteret snarare gjekk i motsett lei, at det vart fleire familiar som var heilt tradisjonelle i oppkallinga mot slutten av hundreåret, samstundes som då vi og fann dei fleste av dei som vi ikkje kunne finne noko mønster på. Tidleg i hundreåret var det flest familiar i mellomgruppene.

Vi fann ikkje nokon einskilde faktorar, korkje årstal for gifting eller yrke til faren eller bestefedrene som såg ut til å ha avgjerande tyding. Vi fann bølgerørsler i materialet, som tyder på endring, men vi fann, med få unnatak, ingen lineære rørsler, som kan tyde utvikling. Og i tråd med teorien om modernisering venta vi jo å finne ei tydeleg utvikling.

Heller ikkje ei nærgransking av nokre få slekter gav oss forklaringar. Eg undersøkte om foreldra, særleg faren, si plassering i søskensfokken hadde noko å seie, men korkje det eller oppkallingsåferda til andre søskjen av foreldra viste seg å halde som forklaring. Derimot kunne det sjå ut som at tradisjonskjensle er nedervd, på det måten at eit foreldrepar vert litt mindre tradisjonsbundne enn sine foreldre, anten dei er svært tradisjonsbundne eller ikkje. Men med eit såpass spinkelt datamateriale som i den siste delen av oppgåva, kan dette ikkje tolkast som anna enn ein tendens, som kanskje kan vere verd å studere nærare.

Eg kasta og eit blikk på oppkalling i embetsmannsfamiliar, ved å undersøke tradisjonskjensla til prestane i Førde og til ei sorenskrivarslekt, som også sat i Førde. Tendensen der var at dei eldste barna i eit søskenlag var meir tradisjonsbundne enn dei yngre, og at oppkalling med heilt namn skjedde med alle namna, av og til også med etternamnet.

Det ser ut til at embetsmannsfamiliane var dei som held hardast på oppkalling etter dei reglane tradisjonen set opp. Det gjev grunnlag for å spekulere på om oppkallinga tidleg i hundreåret hadde eit betydeleg slingringsmonn i bygda, og at den tilstramminga vi ser seint i hundreåret i røynda er ei motefenomen, som gardbrukarane overtek frå dei "kondisjonerte", og som har klimaks rundt 1900.

Mønsteret av endringar i ekteskapsinngåing og namnegjeving i Førde er altså for samansett til å kunne uttrykkast med ein einskild modell. Vi ser spor av mentalitetsendringar mange stader, men vi ser like ofte at tradisjonskjensla er sterkare enn modernitet. Eg vil tildømes rekne den store utskiftinga i

namnemassen, bruken av dobbeltnamn og auken i bruk av avleidde mannsnamn på kvinner for spor av ei mentalitetsendring i meir moderne retning, medan val av giftermånad sér ut til å vere styrt av tradisjonen.

For endringane i giftarmål må vi bruke minst tre modellar. Ein lineær viser utviklinga i levealderen, som stig, og omgifte, som minkar. Ein syklist viser utviklinga i val av giftarmålsesong, som i større grad enn eg trudde held seg på den same, og for aldersskilnaden mellom ektefolka, som viser små endringar. Og dersom vi skal lage ein modell for vigselsvekedag, må det bli ein med eit kraftig brot rundt 1860 der søndag ikkje lenger er den mest brukte.

For endringar i namnebruk må vi stort sett bruke modellar for sykliske rørsler, men med ulike utgangspunkt og ulike svingingstal. For dei fleste av dei vil jentenamn vise seg å ligge framom dei tilsvarande for gutar, både i tid og intensitet.

Namnegjeving viste seg uråd å fange i modellar, til det var mønsteret for samansett, og grunnlaget noko annleis enn vi venta. Likevel er det såpass mange endringar her at det kan tyde på at vi finn sjølv brytingstida mellom det moderne og det tradisjonelle i heile dette hundreåret.

Det kan og sjå ut som at folk hadde større grad av spelerom enn vi har tenkt oss. Kanskje bygdesamfunnet, med sine faste reglar for korleis samkvemet i bygda burde vere, som vi tildømes såg når det galdt bryllupstradisjonane, i mindre grad kontrollerte livet i den einskilde kjernefamilien, når det til dømes gjeld namnegiving.

LITTERATURLISTE

- Aune 1981: Aune, Hallgerd: "Attkallingstradisjon og namneval i Skaun" i O. Stemshaug, red: Norske Personnamnstudiar, Oslo 1981
- Bakke 1980: Bakke, Olav: "Jordbruket – ei hovudnæring" i "Sogn og Fjordane", red. N. Schei i serien "Bygd og by i Norge". Oslo 1980
- Bergsgård 1975: Bergsgård, Arne: "Norsk historie 1814–1880". Oslo 1975.
- Carlsen 1986: Carlsen, Nina Hveem: "Baklandet 1721–1801. Fødsler, bryllup og kirkegang". Hovedoppgåve Historie Universitetet i Oslo 1986.
- Christensen 1921: Christensen, Hjalmar: "Skeid, Ytre". Førde 1921.
- Dyrvik 1970: Dyrvik, Ståle: "Om ekteskap og sosiale normer", i Tidsskrift for Samfunnsforskning 1970.
- Dvergsdal 1976: Dvergsdal, Leiv: Utvandringa til Amerika frå Sunnfjord fram til 1885. Hovedoppgåve Historie Universitetet i Trondheim, 1976.
- Fure 1986: Fure, Eli: "Kjærlighet på landet" i Reiersen og Slettan (red): Mentalitetshistorie, muligheter og problemer, Trondheim 1986.
- Fure 1990: Fure, Eli: "Oppkalling og familiementalitet" i Historisk Tidsskrift 2, 1990.
- Førde Sparebank gjennom 125 år. Førde 1968
- Førsund 1982: Førsund, Finn B.: "Den maageligsta Maade at reise paa". Sogndal 1982.
- "Hakkespettboken", Oslo 1972
- Halvorsen og Indseth 1975: Halvorsen, Bjørg og Indseth, Kari: "Befolkningsutviklingen i Ullensaker 1733–1845". Hovedoppgåve Historie Universitetet i Oslo 1975.
- Hansen 1977: Hansen, Bent Smidt: "Livets overgangsstadier", Kbh. 1977
- Hermundstad 1975: Hermundstad, Knut: "Samverskikkar i Valdres", Leira 1975
- "Historisk statistikk" 1978
- Hodne 1985: Hodne, Bjarne, et. al. "Der stod seg et bryllup", Oslo 1985
- Hofslett 1980: Hofslett, Mette: "Fertilitetsutviklingen i Halsnøyområdet 1875–1920". Hovedoppgåve Historie Universitetet i Bergen 1980.
- Horgen 1985: Horgen, Gudlaug N: "Ole på Ola og endå ein Ola." Hovedoppgåve Nordisk 1985, UiB.
- International Encyclopedia of the Social Sciences, 1968, bd.10
- Kåstad 1980: Kåstad, Anna Østerbø: "Befolkningsutvikling og økonomiske tilhøve i ein del av Hamre prestegjeld 1701–1801". Hovedoppgåve Historie Universitetet i Bergen 1980
- Lampe 1896: Lampe, J.F.: Bergen stifts biskoper og præster". Kristiania 1896.
- Meieribruk i Sogn og Fjordane 1874–1974. Sogn og Fjordane Meierilag 1974.
- Munch 1849: Munch, P.A.: "Nogle Ord til Øverveielse om vore brugelige Personsnavne, og om at holde vore nationale Navne i Agt og Ære" i Norsk Folkekalender, Christiania 1849.

- Nerbøvik 1976: Nerbøvik, Jostein: "Norsk historie 1870–1905". Oslo 1976.
- NOS B 134 1801: Norges Off. Statistikk: "Folketeljinga 1801".
- NOS C 1 1865: Norges Off. Statistikk: Folketelling 1865.
- NOS IV 52 1900: Norges Off. Statistikk: "Folketelling 1900".
- NPL 1982: Norsk Personnamnleksikon, red. Ola Stemshaug, Oslo 1982, med artiklar av Kristoffer Kruken, Terje Aarset og Ola Stemshaug.
- Schei 1980: Schei, Nikolai: "Sogn og Fjordane" i "Sogn og Fjordane", red. N. Schei, i serien "Bygd og by i Norge". Oslo 1980.
- Seland 1975: Seland, Per: "Navneskikker i eldre og nyere tid" i Norsk Slektshistorisk Tidsskrift 26. Oslo 1975
- Stemshaug 1981: Stemshaug, Ola (red): "Norske Personnamnstudiar" Oslo 1981
- Skougaard 1899: Skougaard, Joh. : "Det Norske Veivæsens Historie". Kristiania 1899
- Stensaker 1958: Stensaker, Asbjørn : "Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane gjennom 100 år." Bergen 1958.
- Ulltang 1952: Ulltang, Kristian: "Førde", Førde, 1952.
- Aaland 1982: Aaland, Jacob: "Gamall brudlaupsgjerd i Nordfjord", Selje 1982. (Særprent av Årbok for Nordfjord 1982)
- Aarset 1976: Aarset, Terje: Personnamn i Vartdal, Hareid og Ulstein gjennom 500 år, i Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 1975–76,